

## ETNE KONTROLLUTVAL

### INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

**Dato:** måndag 18. mai 2020  
**Tid:** kl. 13.00  
**Sted:** Etne tinghus, formannskapssalen

**Forfall meldes til:** Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

---

**Kommunedirektøren er invitert i sak 7**

---

### SAKLISTE:

- 06/20 Godkjenning av protokoll frå møte 17.02.20
- 07/20 Etne kommune - uttale til årsrekneskapen for 2019
- 08/20 Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 – presentasjon av risiko- og vesentlegvurderingar og prioritering av prosjekt
- 09/20 Felles forvaltningsrevisjonsprosjekt – Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
- 10/20 Reglementet til kontrollutvalet – endringar etter ny kommunelov
- 11/20 Plan for orientering om einingane og stab/støtte
- 12/20 Referat- og orienteringssaker 18.05.20

Ymse

Aksdal, 11.05.20

Tollef Rullestad  
Kontrollutvalsleiar (sign.)

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Kommunedirektør (invitert i sak 7)  
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	18.05.20	06/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.02.20

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 17.02.20 blir godkjent slik han ligg føre.

**Saksvedlegg:** Protokoll får møte 17.02.20

### Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 17.02.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen skal godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 11.05.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*

## ETNE KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag 17. februar 2020 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

<b>MØTESTAD:</b>	Etne tinghus, formannskapssalen
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 13.00 – kl. 16.00
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Tollef Rullestad (Ap), Nina Vierdal Vee (Sp), Ragni Sunniva Fett (V) og Øyvind Kaldheim (Krf)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	1. vara Andreas Grumheden (Ap)
<b>FORFALL:</b>	Kjetil Winterthun (Frp)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Forvaltningsrevisor Frode Løvlie og Annbjørg Ryssdal – Deloitte AS
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Kommunedirektør Bjørn Tollefsen, konst. leiar økonomi Per Rune Kolås og leiar tenestetorget Ragnhild Underhaug Ness i sak 2
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) i sakene 1 - 4
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 01/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.11.19**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 25.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 17.02.20:**

Protokollen blei godkjent utan merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.20:**

*Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 25.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 02/20 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «IKT OG INFORMASJONSTRYGGLEIK» - 2. GONG**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «IKT og informasjonstryggleik» til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 17.02.20:**

Kommunedirektør Tollefsen presenterte seg for utvalet. Han hadde byrja i jobben 1. januar og det var mykje nytt å setje seg inn i.

Kommunedirektøren orienterte og viste til det skriftlige svaret som var vedlagt saka. Han meinte det var gjort mykje godt arbeid for å følgje opp rapporten. Han vil følgje opp dette arbeidet vidare med mellom anna gode internkontrollrutinar. Kommunen vil fortsetje å ha eit godt samarbeid med Vindafjord. Ny versjon av sakshandsamingsystemet (ACOS) vil bli kjøpt inn i samarbeid med fleire andre kommunar på Haugalandet.

Tollefsen svara på spørsmål om mellom anna nytt personvernombod, oppfølging av GDPR reglar, internopplæring for tilsette og kva som blir gjort for å unngå liknande saker som i Bergen innanfor skule (Visma-sakene).

Utvalet var samd om at også denne oppfølginga skulle sendast som sak til kommunestyret.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.20 og innstilling til kommunestyret:**

*Etne kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «IKT og informasjonstryggleik» til orientering.*

## **SAK 03/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2019 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

### **Innstilling til kommunestyret:**

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 17.02.20:**

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til framlegget.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.20:**

*Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2019.*

### **Innstilling til kommunestyret:**

*Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.*

## SAK 04/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.02.20

1. Statusrapport pr. februar 2020
2. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2019 og budsjett 2020
3. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 27.11.19
4. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
5. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Brann og redning IKS 05.02.20
6. Tilbakemelding frå konferansen i Sandnes 09.01.20 v/Fett
7. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontrollutvalg i Rogaland
8. Tilbakemelding frå konferansen på Gardermoen 29. – 30.01.20 v/Fett
9. Invitasjon til FKT-konferanse 3. – 4. juni på Gardermoen
10. Årsrapport og skatterekneskap 2019 – frå skatteoppkrevjaren i Vindafjord og Etne

### Handsaming i kontrollutvalet 17.02.20:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Ordførar orienterte kort om status for Haugaland brann og redning IKS.

Ragni S. Fett var nøgd med samlinga i Sandnes. Konferansen på Gardermoen opplevde ho som svært bra organisert og med interessante tema. Foredraga er filma og kan sjåast via [www.nkrf.no](http://www.nkrf.no).

Ragni S. Fett meldte si interesse for å reise på FKT-konferansen i juni. Andre medlem som ønskjer å reise må melde frå til sekretariatet innan påmeldingsfrist 08.04.20. Leiar og sekretær koordinerer påmeldinga.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.20:

*Referatsakene 1 – 10 vert tatt til orientering.*

*Leiar og sekretær koordinerer påmelding til FKT-konferansen.*

## SAK 05/20 ARBEIDET MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – PROSESSMØTE 1 MED RISIKOSPEL

### Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.

Utvalet kjem tilbake til saka når Deloitte sine ROV-vurderingar og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er ferdige og prosjekta skal prioriterast.

### Handsaming i kontrollutvalet 17.02.20:

Forvaltningsrevisor Løvlie orienterte om bakgrunn for arbeidet og vidare opplegg for møtet. Utvalet deltok så aktivt med i spelet ved å sette små brikker på eit stort Brett. Medlemmane kom med sine vurderingar og kommentarar underveis. Revisor noterte seg desse.

Medlemmene fant det interessant å kome med sitt syn om kor kommunen har utfordringar og kor det burde bli sett inn undersøkingar eller revisjon. Revisor vil så utarbeide analyse og lage utkast til nye planar.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.20:**

*Etne kontrollutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.*

*Utvalet kjem tilbake til saka når Deloitte sine ROV-vurderingar og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er ferdige og prosjekta skal prioriterast.*

**YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte: måndag 18.05.20, kl. 13.00**

Etne/Aksdal, 17.02.20

Tollef Rullestad  
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	18.05.20	07/19
Formannskapet	02.06.20	
Kommunestyret	16.06.20	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

## ETNE KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2019

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 slik den ligg føre/med desse endringane/tillegga.

### Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskapen 2019
2. Revisjonsmelding for 2019 frå Deloitte AS, blir ettersendt/orientert om i møtet
3. Revisjonsrapport – frå Deloitte AS, dagsett 12.05.20
4. Årsrekneskapen 2019 (eige hefte)
5. Årsmelding 2019 (eige hefte)

### Innleiing

Vedlagt følgjer hovudoversyn over årsrekneskap til Etne kommune for 2019, signert revisjonsmelding og revisjonsrapport frå Deloitte AS (vedlegg 2 og 3) og framlegg til uttale frå kontrollutvalet (vedlegg 1). Forutan revisor vil rådmann og/eller økonomisjef delta under handsaminga av saka.

### Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 (ny i 2019) at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

*«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».*

Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet før det vert handsama i formannskapet. Kontrollutvalet skal i tillegg etter same forskrift sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast 15. april i følge § 24-8, men i år har Stortinget for å avhjelpe konsekvensane av utbrotet av Covid-19 vedtatt ei midlertidig lov om unntak frå kommunelova, IKS-lova og partilova den 14.04.20. Av fleire tiltak kan her nemnast § 6:

### **§ 6 Frister for regnskapsrevisor og vedtak om årsregnskap og årsberetning**

*Regnskapsrevisor skal senest 15. juni 2020 avgi revisjonsberetning til årsregnskapene og årsberetningene for 2019.*

*Årsregnskapene og årsberetningene for 2019 skal vedtas senest 15. september 2020.*

*Regnskapsrevisor skal senest 15. september 2020 avgi en skriftlig uttalelse om resultatet av den forenklede etterlevelseskontrollen etter kommuneloven § 24-9.*

Administrasjonen har levert årsregnskapet og årsmelding (frist 31. mars), og revisor har levert revisjonsmelding.

### **Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale**

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Etne kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2019 og notar, revisjonsmeldinga og Kommunedirektøren si årsrapport.

### **Årsrekneskapen**

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på minus 1,8 mill. kr.

**Netto driftsresultat** er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på minus 1,2 mill. kr mot revidert budsjett på minus 10 mill. kr. Det gir et resultat på minus 0,3 %, som er ein del under anbefalt nivå på 1,75 %. I fjor var resultatet 5,2 %.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk berekningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør liggje på rundt 1,75 prosent.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2019 er på 22,4 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 26,8 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

**Totalt sett er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på 1,8 mill. kr.**

### **Landet for øvrig**

KOSTRA-tala frå SSB viser eit samla netto driftsresultat på 1,7 % i 2019. Det er ein nedgang frå 2018. [Teknisk beregningsutvalg \(TBU\)](#), kor Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigaste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi.



Ifølge tala frå SSB, har landet utanom Oslo netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på 1,2 % i 2019, mot 2,2 % i 2018. Både KOSTRA-tall og rekneskapsundersøkinga til KS viste/viser at spreininga i netto driftsresultat er stor.

Kommunane som hadde/har høgast netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter var: Aukra (26,9 %), Hjørtedal (16,3), Vevelstad (12,5), Bykle (11,3), Lurøy (9,8), Suldal (9,7), Åseral (8,6), Forsand (7,9), Beiarn (7,9) og Bokn (7,8).

178 av 405 kommunar hadde/har negativt netto driftsresultat i følgje KOSTRA-talene. På botn av oversikta er kommunane:

Torsken (-21,5 %), Ibestad (-13,0), Berg (-11,3), Snillfjord (-11,3), Audnedal (-10,8), Tranøy (-10,6), Leikanger (-10,2), Hobøl (-9,5), Halså (-8,1) og Moskenes (-8,0).

Mange av dei mindre og mellomstore kommunane er dei som strever. Kommunane med 5.000-10.000 innbyggjarar hadde svakast resultat. Driftsutgiftene for 3 år på rad auka meir enn driftsinntektene. Dette, saman med nedgang i inntekter frå havbruksfondet i 2019, er dei viktigaste årsaka til nedgangen i netto driftsresultat frå 2018 til 2019.

Driftsutgiftene innan pleie- og omsorg er det som trekk opp veksten i kommunane: ei auke på meir enn 3 milliardar kroner utover lønns- og prisvekst og dermed langt meir enn befolkningsutviklinga skulle tilseie. Resultatnedgangen dempast likevel noko av at netto finansutgifter blei redusert frå 2018 til 2019. Dette har samanheng med auka avkastning på finansielle instrument og auka utbytteinntekter som meir enn oppveide auka i utgiftene til avdrag.

## Notar

For at rekneskapsrapporten skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapsrapporten blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapsrapporten dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapsrapporten. Notane som er utarbeidde til rekneskapsrapporten i år er dei same som tidlegare år.

## Årsmelding

Etter lova skal det leggast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapsrapporten og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følgje kommunelova § 14-7 vere klar seinast 31. mars. Den skal gjere greie for følgjande:

- a) *forhold som er viktige for å bedømme **den økonomiske utviklingen** og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,*
- b) *vesentlige beløpsmessige **avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet**, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,*
- c) *virksomhetens **måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning** for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,*
- d) *tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å **sikre en høy etisk standard**,*

- e) den faktiske tilstanden når det gjelder **kjønnslikestilling**,
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle **arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26**.

Årsrapporten gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsmeldinga har kommunedirektøren mellom anna følgjande kommentar om økonomien:

*Etne kommune fekk eit negativt netto driftsresultat på kr 1,181 mill./0,47 % i 2019. Dette er noko under kommunen si målsetning på minst 1,75 % pluss etter kommuneplanen. Merk her at kommunen etter opprinneleg/revidert budsjett planla eit netto driftsresultat på minus 1,910/6,721 mill. Korrigert for bruk av, og nye avsetningar, vart det ein rekneskaps messig mindrebruk på 1,8 mill.*

*Etne Omsorgssenter fungerer etter planen. Både tilsette og pasientane har fått ein ny kvar dag, med eit moderne omsorgssenter som gir dei tilsette eit godt fysisk arbeidsmiljø å jobbe i, og flotte lokale for bebuarane å bu i. Skånevik Omsorgssenter har óg gode lokale. Det har gjennom året vore høgt belegg og stort arbeidspress i Pleie og omsorg (PLO), og det har resultert i eit meirforbruk på 4,7 mill. Det er skrive ut døgnmulk frå Helse Fonna på 750.000, og det er kjøpt institusjonsplassar for 160.000 i Vindafford kommune. Vidare er det utført avansert medisinsk behandling for 1,8 mill. Med Helse Fonna har vi 2020 dialog om det økonomiske ansvaret for dette siste. For kommunen vil det vera vesentleg å få kontroll på overforbruk innan PLO framover. Helsetenestene har vore stabile i 2019, og eininga har hatt eit mindreforbruk på 1,3 mill., som bidrar vesentleg til fellesskapen.*

*Innan Oppvekst og Kultur har det vore god aktivitet. Det er fullt i Enge Barnehage, medan barnehagen i Skånevik har nokre ledige plassar. Når det gjeld skulen er arbeidet med ny læreplan i gang. Overordna del er ferdig, og vert teken i bruk dette skuleåret. Nye fagplanar skal vera ferdige til 2020, då den nye læreplanen skal innførast. Oppvekst har eit mindreforbruk på 2,6 mill., noko som også gir eit viktig bidrag til fellesskapen.*

*Innsparingskrav, mangelfull kompensasjon for prisvekst over år, auka bygningsmasse m.m. gir Drift og vedlikehald store utfordringar. Desse utfordringane blir det jobba systematisk med, for å sjå kva ytterlegare grep som kan og må gjerast.*

*For Utvikling er det eit år på det jamne. Klimatilpassing, samt skred- og flaumfare, har auka fokus i planarbeid og byggesakshandsaming. Ny overordna ROS og arealdelen i kommuneplan er 2 av planane der har vore arbeidd mykje med.*

*Netto lånegjeld er gjennom 2019 redusert frå 81,8 % til 62,8 % av driftsinntekter, noko som er innafor målsetjinga på 70 % etter kommuneplanen. I hovudsak skuldast denne reduksjonen statleg tilskot til nytt pleie- og omsorgssenter, som først vart utbetalt i 2019. Kommunen hadde ved utgangen av året ei samla gjeld på 315,1 mill., der låna i Husbanken for vidare utlån utgjør vel 30 mill.*

*Fondsreservane til kommunen har vore stabile dei siste åra med 14,8 % av driftsinntektene i 2018, og 14,6 % nå i 2019. Dette er vesentleg betre enn kommunens mål på 10 %. Det er tryggjande for kommunen å ha reservar som vi kan bruka når det er nødvendig.*

*Sjuefråveret for Etne kommune på 5,8 % for 2019, gir ein reduksjon frå 2018, då vi hadde eit sjukefråvær på 6,0 %. Stor belastning i PLO mot slutten av 2019 viste ei auka trend på sjukefråveret, slik at det var nødvendig å overvaka og leggja til rette for at den gode trend skal halda fram.*

*Det blei tilsett to nye kommunalsjefar innan sektorane for Skule & Oppvekst, og innan Utvikling & Drift. Mot slutten av året sa økonomisjefen opp si stilling for å begynna i Vindafjord kommune, det vert dermed satt i gong ein rekrutteringsrunde. Den nye økonomisjefen starta 1 april 2020. Rekruttering av ny kommunedirektør blei fullført i september 2019, og den nye kommunedirektøren starta opp frå 1 januar 2020.*

### **Generelt om innhaldet i ei revisormelding**

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Kommunedirektøren skal då ha hatt høve til å gi sin uttale.

### **Revisor si revisjonsmelding**

Rekneskapen og handsaming hos revisor har blitt noko forsinka i år. Dette skyldast delvis skifte av leiing i kommunen og utbrote av Covid-19. Revisjonsberetninga blir ettersendt eller orientert om i møtet.

Revisor har utarbeida ein utfyljande revisjonsrapport (brev nr 5). I rapporten har revisor særskilt peika på følgjande:

#### ***Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapen***

*I all hovudsak er betydelege balansepostar pr. 31.12.2019 tilfredstillande dokumentert, men det er eit avvik mellom anleggsregisteret og rekneskapen og vi anbefalar kommunen å korrigere avviket. I tillegg er det og andre avvik som kunne vært unngått dersom den overordna kontrollen hadde vært styrka.*

#### ***Sjølvkost***

*Rekneskapen er avslutta med et overskot på avlaupsområdet. Deler av overskotet er frå 2013 og vi minner om at overskot skal disponerast over ein 3-5 års periode.*

#### ***Feil i rekneskapen***

*Det er avdekket feil i rekneskapen som er under grensa for vesentlege feil på kr 4,8 mill., men over grensa for kva som skal rapporterast til kontrollutvalet:*

*Rammetilskot: Det er bokført omlag kr 1,6 mill. for mykje i inntekter. Årsaka er at utjamning for desember 2019 (som er negativ) ikkje er bokført før i 2020. I tillegg er det dobbeltført eit beløp frå 2018, det vil seie at inntekta er ført både i 2018 og 2019. Feilen fører til at rekneskapen viser et resultat som er om lag kr 1,6 mill. betre enn verkeleg resultat. Avvika er ein indikasjon på svak intern kontroll, begge avvika kunne blitt fanga opp av gode avstemmingsrutinar.*

Utvalet må vurdere om dei ønskjer ei tilbakemelding frå administrasjonen om revisjonsrapporten sine merknader.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i meldinga eller noko av det revisjonen tar opp i møtet.

### **Forenkla etterlevingskontroll**

Revisor skal – i tråd med ny kommunelov § 24-9, i tillegg sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak går føre seg i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggast fram for kontrollutvalet. Revisor skal seinast 30. juni gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til Kommunedirektøren, om resultatet av denne kontrollen. Denne vil bli sendt til kontrollutvalet til hausten.

### **Kontrollutvalet sin uttale**

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 15.05.20

Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

## Til kommunestyret i Etne

### Kontrollutvalet sin uttale om Etne kommune sin årsrekneskap for 2019

#### Innleiing

Kontrollutvalet har i møte den 18.05.20, sak 07/20 handsama Etne kommune sin årsrekneskap for 2019.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

#### Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen sin årsrapport. I tillegg har revisor, rådmann og rekneskapsansvarleg supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

#### Kontrollutvalet sin uttale:

*Etne kommune sin årsrekneskap for 2019 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 1,8 mill. kroner.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på minus 1,2 mill. kroner. Det utgjer minus 0,3 %, som er langt dårlegare enn i fjor (5,2 %) og er under anbefalt nivå på 1,75 %.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2019 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.19.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2019.*

Etne, 18.05.20

Tollef Rullestad  
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

Etne kommune  
Att.: Kontrollutvalget  
Rådhuset

Sjoarvegen 2,  
5590 Etne

**Revisjonsrapport nr. 5**  
(journalføres)

12.5.2020

## REVISJONSRAPPORT 2019

### Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2019, og vil nytta høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet, og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

### Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

### Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

**Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapen**

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Bokføringslova med forskrifter inneheld enkelte nye krav samt vidarefører ei rekkje krav frå tidlegare lover og forskrifter. På fleire område betyr lova ei innstramming jamført med tidlegare praksis. Bokføringslova § 4 gjev 10 grunnleggjande bokføringsprinsipp som skal følgjast.

I all hovudsak er betydelege balansepostar pr 31.12.2019 tilfredstillande dokumentert, men det er eit avvik mellom anleggsregisteret og rekneskapen og vi anbefalar kommunen å korrigere avviket. I tillegg er det og andre avvik som kunne vært unngått dersom den overordna kontrollen hadde vært styrka.

**Sjølvkost**

Renkeskapen er avslutta med et overskot på avlupsområdet. Deler av overskotet er fra 2013 og vi minner om at overkot skal disponerast over ein 3-5 års periode.

**Feil i rekneskapen**

Det er avdekka feil i rekneskapen som er under grensa for vesentlege feil på kr 4,8 mill, men over grensa for kva som skal rapporterast til kontrollutvalet:

Rammetilskot: Det er bokført omlag kr 1,6 mill for mykje i inntekter. Årsaka er at utjamming for desember 2019 (som er negativ) ikkje er bokført før i 2020. I tillegg er det dobbeltført eit beløp frå 2018, det vil seie at inntekta er ført både i 2018 og 2019. Feilen fører til at rekneskapen viser et resultat som er om lag kr 1,6 mill betre enn verkeleg resultat.

Avvika er ein indikasjon på svak intern kontroll, begge avvika kunne blitt fanga opp av gode avstemmingsrutinar.

**Avslutning**

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing  
Deloitte AS



Else Holst-Larsen  
statsautorisert revisor

# Årsrekneskap 2019



Etne kommune



ETNE KOMMUNE

trygg • raus • engasjert





# Innhold

INNLEIING .....	3
DEN KOMMUNALE REKNESKAPEN – REKNESKAPSPRINSIPP .....	4
HOVUDOVERSIKTER .....	5
REKNESKAPSSKJEMA .....	9
NOTAR .....	13



## Innleiing

---

Årsrekneskapen for 2019 for Etne kommune vert med dette lagt fram.

Driftsrekneskapen er avslutta med eit netto negativ driftsresultat på kr 1 180 593 mot justert budsjett på kr -6 720 777 og opphavleg budsjett – 1 909 664. Det rekneskapsmessige resultatet som kjem fram etter avsetjingar og bruk av avsetjingar, samt ev. inndekning av fjorårets underskot, vert på kr 1 795 026.

Sum bruk av midlar var på kr 480 679 847, medan tilgang på midlar var på kr 467 279 100.

Arbeidskapitalen har minka med 2 744 355.

Rekneskapen er revidert, jf. revisjonsmelding frå Deloitte.

Etne, 25.04.2020



Bjørn Tollefsen  
Kommunedirektør



# Den kommunale rekneskapen – rekneskapsprinsipp

---

## Generelt

I samsvar med forskrifter for kommunale budsjett og rekneskap, fastsett av Kommunal- og regional departementet 15. desember 2000, fører Etne kommune sin rekneskap etter anordningsprinsippet. Det vil seie at alle kjente inntekter og utgifter vert tatt med i drift- og investeringsrekneskapen for vedkommande år, uavhengig om dei er betalt eller ikkje i rekneskapsåret.

## Uteståande fordringar

Uteståande fordringar er bokført til kostpris. Etter dei kommunale rekneskapsforskriftene skal ein gå gjennom fordringane og skrive vekk krav som er uinndrivelege. Dette skal ein gjere for at balanserekneskapen skal vere mest mogleg reell.

## Aksjar og partar

Aksjar og partar er oppført til opphavleg innkjøpspris.

## Anleggsmidlar/driftsmidlar

Alle varige driftsmidlar med økonomisk levetid over 3 år, og med ein innkjøpspris over kr 100 000 er ført i investeringsrekneskapen og aktivert i balansen. Avskrivningane er lineære (like store) over den økonomiske levetida.

## Fond

Fonda i balanserekneskapen er delt i bunde/ubunde kapitalfond, bundne driftsfond og disposisjonsfond. Dei bundne fonda er fond der instansar utanom kommunen har øyremerkte midlane til særskilte føremål som kommunestyret ikkje kan endra.

## Kapitalkonto

Kapitalkonto syner forholdet mellom anleggsmidlane og den delen av langsiktig gjeld som er nytta til å finansiera anleggsmidla. I rekneskapen skal anleggsmidlane minus langsiktig gjeld (korrigert for ubrukte lånemidlar) tilsvara kapitalkonto.

# Hovudoversikter

Økonomisk oversikt – Drift					
Kostra-art	Note	Rekneskap 2019	Budsjett (end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
<b>Driftsinntekter</b>					
600-619 Brukarbetalingar	14	11 455 921,02	9 871 784,00	9 871 784,00	11 424 330,54
620-670 Andre sals- og leigeinntekter	14	25 068 114,04	24 305 348,00	23 655 348,00	23 270 305,41
700-770 Overføringar med krav til motying	15	45 253 258,25	28 859 238,00	25 296 078,00	40 535 007,62
800 Rammetilskot		146 718 033,00	151 008 000,00	151 146 000,00	141 828 658,00
810 Andre statlege overføringar		11 014 131,95	9 541 175,00	7 284 435,00	30 575 316,79
830-850, 880-890 Andre overføringar		1 052 784,00	61 000,00	61 000,00	138 388,00
870 Skatt på inntekt og formue		110 741 479,69	102 999 000,00	102 999 000,00	102 899 748,75
874 Eigedomsskatt		22 999 252,59	22 540 945,00	22 540 945,00	22 502 375,60
877 Andre direkte og indirekte skattar		4 876 766,00	3 983 379,00	3 983 379,00	4 141 346,00
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>379 179 740,54</b>	<b>353 169 869,00</b>	<b>346 837 969,00</b>	<b>377 315 476,71</b>
<b>Driftsutgifter</b>					
010-080, 160-165 Lønnsutgifter	12	191 410 139,96	182 293 740,00	176 332 794,00	184 233 015,38
090-099 Sosiale utgifter	2	45 458 035,06	57 843 695,00	55 859 182,00	48 096 205,55
100-285 - (160-165) Kjøp av varer og ten. som inngår i tenesteproduksjon	13	45 208 825,97	35 084 218,00	34 436 291,00	42 738 423,49
300-380 Kjøp av tenester som erstatter tenesteproduksjon	13	63 555 471,76	57 614 133,00	55 114 133,00	49 613 316,74
400-490 Overføringar	13	22 931 718,76	15 122 134,00	14 277 507,00	20 741 282,70
590 Avskrivningar	9	12 455 148,00	9 318 236,00	9 318 236,00	9 606 018,00
690 + (290-790) Fordelte utgifter		-57 200,00	-886 488,00	-886 488,00	-72 965,04
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>380 962 139,51</b>	<b>356 389 668,00</b>	<b>344 451 655,00</b>	<b>354 955 296,82</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>-1 782 398,97</b>	<b>-3 219 799,00</b>	<b>2 386 314,00</b>	<b>22 360 179,89</b>
<b>Finansinntekter</b>					
900-905 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak		3 615 782,10	3 534 323,00	2 534 323,00	2 876 993,49
920 Mottekne avdrag på utlån		66 000,00	55 000,00	55 000,00	136 102,99
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>		<b>3 681 782,10</b>	<b>3 589 323,00</b>	<b>2 589 323,00</b>	<b>3 013 096,48</b>
<b>Finansutgifter</b>					
500 Renteutgifter, provisjonar og andre fin. utg.		5 541 159,78	6 389 777,00	6 389 777,00	5 837 750,01
510 Avdragsutgifter	8	9 955 237,00	9 955 237,00	9 750 237,00	9 228 809,00
520 Utlån	18	38 728,00	70 000,00	70 000,00	126 361,00
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>		<b>15 535 124,78</b>	<b>16 415 014,00</b>	<b>16 210 014,00</b>	<b>15 192 920,01</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>		<b>-11 853 342,68</b>	<b>-12 825 691,00</b>	<b>-13 620 691,00</b>	<b>-12 179 823,53</b>
990 Motpost avskrivningar	9	12 455 148,00	9 324 713,00	9 324 713,00	9 606 018,00
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>-1 180 593,65</b>	<b>-6 720 777,00</b>	<b>-1 909 664,00</b>	<b>19 786 374,36</b>
i %		-0,31 %	-1,90 %	-0,55 %	5,24 %
<b>Interne finanstransaksjoner</b>					
930 Bruk av tidligare års reknsk.m. mindreforbruk		6 956 731,81	6 956 732,00	0,00	8 151 123,05
940 Bruk av disposisjonsfond	6	16 285 369,61	9 573 554,00	3 245 000,00	5 384 112,04
950 Bruk av bundne fond	6	2 227 432,15	1 171 630,00	294 071,00	844 483,75
<b>Sum bruk av avsetningar</b>		<b>25 469 533,57</b>	<b>17 701 916,00</b>	<b>3 539 071,00</b>	<b>14 379 718,84</b>
570 Overført til investeringsrekneskapen		915 655,00	49 169,00	49 169,00	1 106 014,00
530 Dekning av tidligare års reknsk.m. meirforbruk		0,00	0,00	0,00	0,00
540 Avsetningar til disposisjonsfond	6	19 080 671,15	8 377 591,00	525 859,00	20 922 167,67
550 Avsetningar til bundne fond	6	2 497 587,37	2 554 379,00	1 054 379,00	5 181 179,72
<b>Sum avsetningar</b>		<b>22 493 913,52</b>	<b>10 981 139,00</b>	<b>1 629 407,00</b>	<b>27 209 361,39</b>
580 Årets rekneskapsmessige mindreforbruk		1 795 026,40	0,00	0,00	0,00
980 Årets rekneskapsmessige meirforbruk		0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum</b>		<b>1 795 026,40</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>6 956 731,81</b>



Økonomisk oversikt – Investering				
	Rekneskap 2019	Budsjett (end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
<b>Inntekter</b>				
Sal av driftsmidler og fast eiendom	3 604 381,50	0,00	0,00	1 747 811,00
Andre salsinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer med krav til motyting	2 023 260,39	0,00	0,00	10 042 470,86
Kompensasjon for meirverdiavgift	1 873 764,70	3 750 000,00	3 750 000,00	16 449 877,45
Statlege overføringer	68 687 000,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	3 116 825,00
Renteinntekter, utbytte og eigarruttak	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>76 188 406,59</b>	<b>3 750 000,00</b>	<b>3 750 000,00</b>	<b>31 356 984,31</b>
<b>Utgifter</b>				
Lønnsutgifter	314 874,56	0,00	0,00	600 495,83
Sosiale utgifter	96 761,60	0,00	0,00	206 458,24
Kjøp av varer og ten. som inngår i tenesteproduksjon	20 231 154,21	19 150 000,00	19 000 000,00	68 664 122,75
Kjøp av tenester som erstatter tenesteproduksjon	-210 288,75	0,00	0,00	0,00
Overføringer	1 969 851,20	3 750 000,00	3 750 000,00	17 362 740,45
Renteutgifter, provisjonar og andre fin.utg.	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum utgifter</b>	<b>22 402 352,82</b>	<b>22 900 000,00</b>	<b>22 750 000,00</b>	<b>86 833 817,27</b>
<b>Finansransaksjoner</b>				
Avdragsutgifter	68 052 723,00	1 780 000,00	1 780 000,00	2 041 881,00
Utlån	5 267 000,00	2 467 000,00	2 000 000,00	999 999,99
Kjøp av aksjar og andelar	915 655,00	-995 059,00	0,00	1 012 559,00
Dekning av tidlegare års udekka	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsettingar til ubundne investeringsfond	5 942 715,00	2 085 700,00	139 799,00	2 582 352,00
Avsettingar til bundne fond	405 139,61	0,00	0,00	736 681,19
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>80 583 232,61</b>	<b>5 337 641,00</b>	<b>3 919 799,00</b>	<b>7 373 473,18</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>26 797 178,84</b>	<b>24 487 641,00</b>	<b>22 919 799,00</b>	<b>62 850 306,14</b>
Bruk av lån	5 843 608,24	18 500 000,00	18 500 000,00	53 088 359,63
Mottekneavdrag på utlån	2 385 562,61	1 865 700,00	1 865 700,00	2 675 673,19
Sal av aksjar og andelar	0,00	0,00	0,00	48 560,00
Bruk av tidlegare års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer frå driftsrekneskapen	915 655,00	-995 059,00	54 099,00	1 106 014,00
Bruk av disposisjonsfond	3 077 724,95	0,00	0,00	1 056 278,23
Bruk av ubundne investeringsfond	14 574 628,04	5 117 000,00	2 500 000,00	4 857 921,09
Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	17 500,00
<b>Sum Finansiering</b>	<b>26 797 178,84</b>	<b>24 487 641,00</b>	<b>22 919 799,00</b>	<b>62 850 306,14</b>

Tilgang og bruk av midlar		Rekneskap 2019
<b>Tilgang av midlar</b>		
Inntekter driftsdel	+	379 179 740,54
Inntekter investeringsdel	+	76 188 406,59
Innbetalinger ved eksterne finanstrans. driftsdel	+	3 681 782,10
Innbetalinger ved eksterne finanstrans. investeringsdel	+	8 229 170,85
<b>Sum tilgang av midlar</b>	<b>=</b>	<b>467 279 100,08</b>
<b>Bruk av midlar</b>		
Utgifter driftsdel	+	368 506 991,51
Utgifter investeringsdel	+	22 402 352,82
Utbetaling ved eksterne finanstrans. driftsdel	+	15 535 124,78
Utbetaling ved eksterne finanstrans. investeringsdel	+	74 235 378,00
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>=</b>	<b>480 679 847,11</b>
<b>Differanse (tilgang - bruk)</b>	<b>=</b>	<b>-13 400 747,03</b>
Memoriakonto ubrukte lånemidlar (+ ved auke)	+	10 656 391,76
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>=</b>	<b>-2 744 355,27</b>
Avsetningar drift	+	21 578 258,52
Avsetningar investering	+	6 347 854,61
Bruk av avsetningar drift	-	25 469 533,57
Bruk av avsetningar investeringar	-	17 652 352,99
Til avsetning seinare år drift	-	0,00
Til avsetning seinare år investering	-	0,00
<b>Netto avsetningar</b>	<b>=</b>	<b>-15 195 773,43</b>



<b>Balanserekneskapen</b>			
	Note	Saldo 31.12.2019	Saldo 31.12.2018
<b>EIGENDELAR</b>			
<b>A. Anleggsmidler</b>		<b>909 668 062,47</b>	<b>888 091 558,90</b>
Faste eiendommer og anlegg	9	417 065 082,84	413 516 839,95
Utstyr, maskinar og transportmidlar	9	16 661 407,82	20 136 253,53
Utlån	18	40 466 150,81	37 611 985,42
Aksjar og andelar	4	14 826 719,00	13 911 064,00
Pensjonsmidlar	2	420 648 702,00	402 915 416,00
<b>B. Omlaufsmidler</b>		<b>173 515 282,62</b>	<b>191 717 044,43</b>
Kortsiktige fordringar		24 493 243,65	24 508 569,92
Premieavik	2	21 505 739,34	17 668 878,34
Aksjar og andelar		0,00	0,00
Sertifikat		0,00	0,00
Obligasjonar		0,00	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskot		127 516 299,63	149 539 596,17
<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>1 083 183 345,09</b>	<b>1 079 808 603,33</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>C. Eigenkapital</b>		<b>245 306 743,03</b>	<b>184 431 665,73</b>
Disposisjonsfond	6	55 521 289,96	55 803 713,37
Bundne driftsfond	6	13 607 640,64	13 337 485,42
Ubundne investeringsfond	6	11 205 637,55	19 837 550,59
Bundne investeringsfond	6	8 417 779,82	8 012 640,21
Endringar i R-prinsipp som endrar AK Drift	19	-4 048 436,99	-4 048 436,99
Endringar i R-prinsipp som endrar AK Investering		0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk		1 795 026,40	6 956 731,81
Regnskapsmessig meirforbruk		0,00	0,00
Udisponert i investeringsrekneskapen		95 936,37	95 936,37
Udekket i investeringsrekneskapen		0,00	0,00
Kapitalkonto	5	158 711 869,28	84 436 044,95
<b>D. Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>		<b>797 432 389,00</b>	<b>839 475 318,00</b>
Pensjonsforpliktingar	2	482 341 854,00	462 876 823,00
Ihendehavarobligasjonslån		0,00	0,00
Sertifikatlån	7	132 843 008,00	200 044 000,00
Andre lån	7	182 247 527,00	176 554 495,00
<b>Kortsiktig gjeld</b>		<b>40 444 213,06</b>	<b>55 901 619,60</b>
Kassekredittlån		0,00	0,00
Anna kortsiktig gjeld		41 895 809,71	56 637 898,25
Premieavik	2	-1 451 596,65	-736 278,65
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 083 183 345,09</b>	<b>1 079 808 603,33</b>
<b>Memoriakonto</b>		<b>47 130 194,10</b>	<b>37 190 305,34</b>
Ubrukte lånemidler		46 674 384,10	36 017 992,34
Andre memoriakonti	11	455 810,00	1 172 313,00
Motkonto for memoriakonti		-47 130 194,10	-37 190 305,34

# Rekneskapsskjema

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen					
		Rekneskap 2019	Budsjett (end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Skatt på inntekt og formue	+	110 741 480	102 999 000	102 999 000	102 899 749
Ordinært rammetilskot	+	146 718 033	151 008 000	151 146 000	141 828 658
Eigedomsskatt	+	22 999 253	22 540 945	22 540 945	22 502 375
Andre direkte eller indirekte skattar	+	4 876 766	3 983 379	3 983 379	4 141 346
Andre generelle statstilskot	+	11 014 132	9 541 175	7 284 435	30 575 317
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>=</b>	<b>296 349 664</b>	<b>290 072 499</b>	<b>287 953 759</b>	<b>301 947 445</b>
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	+	3 615 782	3 534 323	2 534 323	2 876 993
Gevinst finansielle instrumenter (omlaupsmidler)	+	0	0	0	0
Renteutg., provisjonar og andre finansutgifter	-	5 541 160	6 389 777	6 389 777	5 837 750
Tap finansielle instrumenter (omlaupsmidler)	-	0	0	0	0
Avdrag på lån	-	9 955 237	9 955 237	9 750 237	9 228 809
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>=</b>	<b>-11 880 615</b>	<b>-12 810 691</b>	<b>-13 605 691</b>	<b>-12 189 566</b>
Til dekning av tidlegare rek. mindreforbruk	-	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	-	19 080 671	8 377 591	525 859	20 922 168
Til bundne avsetningar	-	2 497 587	2 554 379	1 054 379	5 181 180
Bruk av tidlegare års rek. mindreforbruk	+	6 956 732	6 956 732	0	8 151 123
Bruk av ubundne avsetningar	+	16 285 370	9 573 554	3 245 000	5 384 112
Bruk av bundne avsetningar	+	2 227 432	1 171 630	294 071	844 484
<b>Netto avsetningar</b>	<b>=</b>	<b>3 891 276</b>	<b>6 769 946</b>	<b>1 958 833</b>	<b>-11 723 629</b>
Overført til investeringsrekneskapen	-	915 655	49 169	49 169	1 106 014
<b>Til fordeling drift</b>	<b>=</b>	<b>287 444 670</b>	<b>283 982 585</b>	<b>276 257 732</b>	<b>276 928 236</b>
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>=</b>	<b>285 649 644</b>	<b>283 982 585</b>	<b>276 257 732</b>	<b>269 971 504</b>
<b>Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>=</b>	<b>-1 795 026</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-6 956 732</b>



Rekneskapsskjema 1B - Driftsrekneskapen					
Ansvar		Rekneskap 2019	Budsjett (end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
	<b>Til fordeling drift (frå rekneskapsskjema 1A)</b>	<b>287 444 670</b>	<b>283 982 585</b>	<b>276 257 732</b>	<b>276 928 236</b>
	<b>Fordelt slik:</b>				
1000	RÅDMANN	28 050 116	30 449 984	34 479 851	22 446 672
1100	RÅDMANNEN - INVESTERINGAR	0	0	0	1 256
1200	LØNN OG PERSONAL	3 452 666	3 594 156	3 449 094	3 364 760
1400	ETNE OG VINDAFJORD IKT	3 523 865	3 486 046	3 217 525	3 363 024
1500	ØKONOMI	5 382 657	5 367 433	5 683 163	5 366 204
1600	UTVIKLING	11 136 122	11 399 807	11 550 853	11 872 300
1700	TENESTETORG	5 560 952	3 997 716	3 729 805	3 788 315
2000	OPPVEKST OG KULTUR FELLES	-74 241	0	0	0
2101	ENGE SKULE	46 135 723	48 420 314	46 596 704	46 887 654
2103	RYGG SKULE	0	0	0	788
2105	SKÅNEVIK SKULE	14 898 203	15 045 307	14 624 598	14 585 497
2201	ENGE BARNEHAGE	14 571 724	14 824 070	13 551 361	13 700 682
2203	RYGG BARNEHAGE	0	0	0	1 589 530
2205	SKÅNEVIK BARNEHAGE	7 496 619	7 158 345	7 214 011	7 650 320
2300	KULTUR	9 238 460	9 332 817	8 742 000	8 633 836
3000	HELSE	39 914 098	39 177 943	39 058 909	37 330 633
3001	HELSE AVD. BISTAND OMSORG	12 338 010	13 163 481	13 459 534	11 264 240
3100	HELSELEIAR	0	0	0	51
3500	PLO FELLES	5 641 247	5 014 681	7 048 616	4 441 975
3501	PLO AVD. 1	16 117 552	9 213 257	8 627 421	16 953 563
3502	PLO AVD. 2A	7 045 351	8 776 474	8 166 753	18 240 908
3503	PLO AVD. 2B	13 030 039	18 025 393	18 179 496	3 554 455
3504	PLO AVD. HEIMETENESTE/PRAKTISK BISTAND	22 852 067	18 988 109	15 742 870	13 291 297
3600	NAV KOMMUNE	11 438 222	11 727 257	11 603 524	14 126 536
4000	DRIFT OG UTVIKLING FELLES	8 392	0	0	0
4200	DRIFT OG VEDLIKEHALD	13 116 958	11 520 914	10 857 142	11 274 898
5000	FINANS OG FELLE SINNTEKTER	-3 430 132	-4 700 918	-9 325 498	3 198 843
	<b>Sum fordelt til ordinær drift</b>	<b>287 444 670</b>	<b>283 982 586</b>	<b>276 257 732</b>	<b>276 928 237</b>



Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen					
		Rekneskap 2019	Budsjett(end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Investeringar i anleggsmidlar	+	22 402 352,82	22 900 000,00	22 750 000,00	86 833 817,27
Utlån og forskoteringar	+	5 267 000,00	2 467 000,00	2 000 000,00	2 012 558,99
Kjøp av aksjar og andelar	+	915 655,00	-995 059,00		
Avdrag på lån	+	68 052 723,00	1 780 000,00	1 780 000,00	2 041 881,00
Avsettingar	+	6 347 854,61	2 085 700,00	139 799,00	3 319 033,19
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>=</b>	<b>102 985 585,43</b>	<b>28 237 641,00</b>	<b>26 669 799,00</b>	<b>94 207 290,45</b>
<b>Finansiert slik:</b>					
Bruk av lånemidlar	+	5 843 608,24	18 500 000,00	18 500 000,00	53 088 359,63
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	+	3 604 381,50	0,00	0,00	1 796 371,00
Tilskot til investeringar	+	68 687 000,00	0,00	0,00	3 116 825,00
Kompensasjon for meirverdiavgift		1 873 764,70	3 750 000,00	3 750 000,00	16 449 877,45
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	+	4 408 823,00	1 865 700,00	1 865 700,00	12 718 144,05
Andre inntekter	+	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>=</b>	<b>84 417 577,44</b>	<b>24 115 700,00</b>	<b>24 115 700,00</b>	<b>87 169 577,13</b>
Overført frå driftsrekneskapen	+	915 655,00	-995 059,00	54 099,00	1 106 014,00
Bruk av avsettingar	+	17 652 352,99	5 117 000,00	2 500 000,00	5 931 699,32
<b>Sum finansiering</b>	<b>=</b>	<b>102 985 585,43</b>	<b>28 237 641,00</b>	<b>26 669 799,00</b>	<b>94 207 290,45</b>
<b>Udekka/udisponert</b>	<b>=</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

Rekneskapsskjema 2B - Investeringsrekneskapen				
Prosjekt	Rekneskap 2019	Budsjett(end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
<b>Til investeringar i anleggsmidlar (frå skjema 2A)</b>	<b>22 402 353</b>	<b>22 900 000</b>	<b>22 750 000</b>	<b>86 833 817</b>
<b>Fordelt slik:</b>				
50001 GRUNNINNLYSING UTBYGGING AREAL	0	0	0	0
50017 OPPRUSTING KOMMUNALE BYGNINGAR	109 697	4 000 000	4 000 000	0
50019 EIGENKAPITALTILSKOT KLP	0	0	0	0
50024 UTLÅN - FORMIDLINGSLÅN (HBANK)	0	0	0	0
50027 DIVERSE INNT/UTG.VEDK.KAPITALREKNESKAP	0	0	0	0
50032 SAL AV TOMTER NÆRING	0	0	0	-1 599 036
50033 SAL AV BUSTADTOMTER	-1 062 525	0	0	0
50107 PUMPESTASJON PRESTABEKKEN (2009)	0	0	1 400 000	0
50108 PUMPESTASJON GJERDE/ETNESJØEN (2009)	541 639	600 000	600 000	9 534
50115 SKAKKESENTER, BIBLIOTEK (2010)	0	0	0	6 325
50123 ETNE OMS.SENTER, NYBYGG (2013)	-556 778	0	0	46 136 288
50128 OMBYGGING ROM TINGHUSET (2011)	0	0	0	0
50133 BALLBINGE SÆVAREID (2011)	-64 574	0	0	-270 000
50134 BALLBINGE RYGG (2011)	-92 947	0	0	-270 000
50135 BALLBINGE SØRSTRANDA (2011)	-192 723	0	0	0
50150 HOVUDPLAN VATN (2012)	0	2 000 000	2 000 000	0
50161 HAMN EIKEMO (2013)	0	0	0	149 125
50162 OPPRUSTING OSNESVEGEN (2013)	74 622	0	0	138 875
50165 KAI SKÅNEVIK (2013)	676 510	0	0	108 185
50169 OPPGRADERINGSPLAN VEGAR OG BRUAR	0	4 500 000	4 500 000	0
50176 VOGNSKUR RYGG BHG (2014)	0	0	0	28 087
50191 PRESTALIO - UTBYGGING (2015)	196	0	0	0
50205 GRUNNERVERV FIKSE	3 000	0	0	0
50216 ETNE BRANNSTASJON (2017)	1 126 762	0	0	6 992 833
50217 NYTT KONTOR ENGE BARNEHAGE (2017)	32 352	0	0	79 657
50219 NY TELEFONSENTRAL (2017)	0	0	0	529 100
50222 TÅRN SKÅNEVIK KYRKJE (2017)	0	0	0	850 000
50225 FITJA-FELTET - UTBYGGING (2017)	19 549	0	0	283 979
50230 FORSKOTERING SPELEMIDLAR	0	0	0	0
50231 UNGDOMSSKULE I SKAKKE (2018)	1 320 479	0	0	0
50232 KJØP LEASINGBILAR D/V (2018)	0	0	0	433 825
50233 DIGITAL LÆRING SKULE (2018+2019)	0	0	0	0
50234 UTVIDING GRAVPLASSAR (2018)	2 304	1 000 000	1 000 000	0
50235 VASSLEIDNING SILDEGREND (2018)	0	0	0	455 938
50236 SAL KOMMUNALE BYGG	0	0	0	9 600
50237 VASSLEIDN. ETNESJØEN-ENGE BRU (2018)	0	0	0	592 870
50239 TILGANGSKONTROLL TINGHUSET (2018)	0	0	0	0
50240 UTBYGGINGSAVTALE NYE ETNE (2018)	0	0	0	-2 576 825
50241 UTVIDING NATURBARNEHAGE ENGE (2018)	1 593 756	3 000 000	3 000 000	0
50245 LEKEPlass ENGE BARNEHAGE (2018)	0	0	0	0
50246 NYTT INVENTAR ENGE BARNEHAGE (2018/2019)	0	0	0	0
50247 PUMPESTASJON KYRKJEGARD (2019)	1 159 547	1 400 000	0	0
50248 OPPRUSTING ÅSHEIMSVEGEN (2019)	116 659	0	0	0
50249 VINDAUGE/FASADE TINGHUSET (2019)	138 108	0	0	0
50250 REAKTOR OSNES RENSEANLEGG	0	0	0	0
50251 KJØP AREAL/KONTOR SKAKKESENTERET (2019)	0	0	0	0



# Notar

## NOTE 1 Endring i arbeidskapital

	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
<b>Del 1 - Endring i arbeidskapital bevilgningsrekneskapen</b>		
Inntekter driftsdel	+ 379 179 741	377 315 477
Inntekter investeringsdel	+ 76 188 407	31 356 984
Innbetalinger ved eksterne finanstrans. driftsdel	+ 3 681 782	3 013 096
Innbetalinger ved eksterne finanstrans. investeringsdel	+ 8 229 171	55 812 593
<b>Sum tilgang av midlar</b>	<b>= 467 279 100</b>	<b>467 498 150</b>
<b>Bruk av midlar</b>		
Utgifter driftsdel	+ 368 506 992	345 349 279
Utgifter investeringsdel	+ 22 402 353	86 833 817
Utbetaling ved eksterne finanstrans. Driftsdel	+ 15 535 125	15 192 920
Utbetaling ved eksterne finanstrans. investeringsdel	+ 74 235 378	4 054 440
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>= 480 679 847</b>	<b>451 430 456</b>
<b>Differanse (tilgang - bruk)</b>	<b>= -13 400 747</b>	<b>16 067 694</b>
Memoriakonto ubrukte lånemidlar (+ ved auke)	+ 10 656 392	208 640
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>= -2 744 355</b>	<b>16 276 335</b>

## Del 2 - Endring i arbeidskapital bevilgningsrekneskapen

<b>Omløpsmidlar</b>	<b>-18 201 762</b>	<b>25 861 678</b>
Endring kortsiktige fordringar	+ -15 326	-3 293 490
Endring premieawik	+ 3 836 861	1 364 326
Endring aksjer og andeler	+ 0	0
Endring sertifikat	+ 0	0
Endring obligasjonar	+ 0	0
Endring betalingsmidlar	+ -22 023 297	27 790 842
<b>Endring omløpsmidler</b>	<b>= -18 201 762</b>	<b>25 861 678</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>-15 457 407</b>	<b>9 585 343</b>
Endring kassekredittlån	- 0	0
Endring anna kortsiktig gjeld	- -14 742 089	10 223 916
Endring premieawik	- -715 318	-638 573
<b>Endring kortsiktig gjeld</b>	<b>= -15 457 407</b>	<b>9 585 343</b>
<b>Endring arbeidskapital</b>	<b>= -2 744 355</b>	<b>16 276 335</b>
<b>Kontroll (Del 1 - Del 2)</b>	<b>= 0</b>	<b>0</b>

## NOTE 2 Pensjonskostnader, -midlar, -forpliktingar og premieavvik

### Jf. forskrift om årsrekneskap og årsberetning .§§ 13-1 C & E, 13-3 D, 13-4

<b>PENSJONSORDNINGA:</b>		50 % utjamning og 50 % sjølvrisiko			
<b>PREMIEAVVIK:</b>		7 års amortisering f.o.m. 2014, 10 for åra 2012 og 13, 15 års			
		KLP		SPK	
<b>PENSJONSKOSTNAD</b>		2019	2018	2019	2018
Årets pensjonsopptening, nåverdi		17 299 228	16 798 966	3 295 446	3 285 091
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse		16 297 464	15 619 788	2 135 710	2 024 560
<b>Brutto pensjonskostnad</b>		<b>33 596 692</b>	<b>32 418 754</b>	<b>5 431 156</b>	<b>5 309 651</b>
- Forventet avkastning på pensjonsmidlane		-15 861 657	-15 450 869	-1 737 832	-1 513 514
<b>Netto pensjonskostnad (ekskl. adm.)</b>		<b>17 735 035</b>	<b>16 967 885</b>	<b>3 693 324</b>	<b>3 796 137</b>
Sum amortisert premieavvik		3 481 200	2 946 340	12 167	46 215
Administrasjonskostnader		1 051 229	1 260 403	122 008	112 826
<b>Samlet pensjonskostnad (inkl. adm.)</b>		<b>22 267 464</b>	<b>21 174 628</b>	<b>3 827 499</b>	<b>3 955 178</b>
		KLP		SPK	
<b>PREMIEAVVIK</b>		2019	2018	2019	2018
Innbetalt premie tilskudd (inkl. adm.)		25 700 318	22 946 579	4 383 857	3 933 194
- Administrasjonskostnader		-1 051 229	-1 260 403	-122 008	-112 826
- Netto pensjonskostnad (ekskl.adm.)		-17 735 035	-16 967 885	-3 693 324	-3 796 137
<b>Årets premieavvik</b>		<b>6 914 054</b>	<b>4 718 291</b>	<b>568 525</b>	<b>24 231</b>
Sats for arbeidsgjevaravgift (aga)					
AGA av premieavviket		974 882	665 279	80 162	3 417
AGA av innbet premie/tilskot (inkl adm), arbj sin del		3 247 303	2 871 305	524 346	460 804
		KLP		SPK	
<b>AKKUMULERT OG AMORTISERT PREMIEAVVIK</b>		2019	2018	2019	2018
Akkumulert premieavvik 31.12. året før		19 541 362	16 108 509	569 625	13 270
+ Årets premieavvik		6 914 054	4 718 291	568 525	24 231
- Sum amortisert premieavvik (dette året)		-3 481 200	-2 946 340	-12 167	-46 215
<b>= Akkumulert premieavvik 31.12</b>		<b>22 974 216</b>	<b>17 880 460</b>	<b>1 125 983</b>	<b>-8 714</b>
AGA av amortisert premieavvik		490 850	410 564	1 227	7 964
		KLP		SPK	
<b>BALANSEFØRTE</b>		ESTIMAT	ESTIMAT	ESTIMAT	ESTIMAT
<b>PENSJONSFORPLIKTINGAR</b>		31.12.19	31.12.18	31.12.19	31.12.18
Brutto påløpte pensjonsforpliktingar pr.31.12.		416 400 748	399 923 574	58 823 902	55 923 634
- Pensjonsmidlar pr. 31.12.		-373 334 139	-363 455 669	-47 314 563	-39 459 747
<b>Netto pensjonsforpliktingar pr 31.12.</b>		<b>43 066 609</b>	<b>36 467 905</b>	<b>11 509 339</b>	<b>16 463 887</b>
AGA av (balanseført) netto forpliktingar		6 072 392	5 141 975	1 622 817	2 321 408



SPESIFIKASJON AV BRUTTO	KLP	SPK		
Brutto pensjonsforpliktingar IB - Estimat i fjor	399 923 574	55 923 634		
+ Årets opptening	17 299 228	3 295 446		
+ Rentekostnad	16 297 464	2 135 710		
- Utbetalingar	-14 666 663			
+/- Amortisering estimatawik- forplikting	-2 452 855	-2 530 889		
<b>Brutto pensjonsforplikting UB - Estimat for 2019</b>	<b>416 400 748</b>	<b>58 823 901</b>		
<b>SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSMIDLAR UB-ESTIMAT</b>	<b>KLP 2019</b>	<b>SPK 2019</b>		
Brutto pensjonsmidlar IB - Estimat i fjor	363 455 669	39 459 747		
+ Innbetalt premie tilskudd (inkl. adm.)	25 700 318	4 383 857		
- Administrasjonskostnader	-1 051 229	-122 008		
- Utbetalingar	-14 666 663			
+ Forventa avkasting	15 861 657	1 737 832		
- Amortisering estimatawik- pensjonsmidlar	-15 965 613	1 855 135		
<b>Brutto pensjonsmidlar UB - Estimat for 2019</b>	<b>373 334 139</b>	<b>47 314 563</b>		
<b>PENSJONSFORPLIKTING KLP</b>	<b>FAKTISK 01.01.19</b>	<b>ESTIMAT-AVVIK IB</b>		
Brutto pensjonsforpliktingar	397 470 719	-2 452 855		
Pensjonsmidlar	347 490 056	-15 965 613		
<b>PENSJONSFORPLIKTING SPK</b>	<b>FAKTISK 01.01.19</b>	<b>ESTIMAT-AVVIK IB</b>		
Brutto pensjonsforpliktingar	53 392 745	-2 530 889		
Pensjonsmidlar	41 314 882	1 855 135		
<b>FOND FRAMTIDIGE PENSJONS-FORPLIKTINGAR, K-SAK</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	
IB	33 130 878	25 388 744	23 244 745	
Netto avsett i året	8 261 541	7 742 134	2 143 999	
UB	41 392 419	33 130 878	25 388 744	
	<b>KLP</b>	<b>SPK</b>		
<b>ØKONOMISKE FØRESETNADER</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Årleg avkasting (i %)	4,50	4,50	4,00	4,20
Diskonteringsrente (risikofri rente i %)	4,00	4,00	4,00	4,00
Årleg lønnsvekst (i %)	2,97	2,97	2,97	2,97
Årleg vektst i folketrygdas grunnbeløp (i %)	2,97	2,97	2,97	2,97
Årleg vektst i pensjonsreguleringa (i %)	2,20	2,20		
Forholdstal frå KRD	1,00	1,00		
<b>MEDLEMSSTATUS KLP</b>	<b>31.12.19</b>	<b>31.12.18</b>		
Tal aktive	393	411		
Tal oppsette	187	158		
Tal pensjonar	278	261		
Gj.snitts pensjonsgrunnlag, aktive	360 733	329 286		
Gj.snitts alder, aktive	43,84	43,82		

**NOTE 3 Oppgaver over kommunen sitt garantiansvar jf. koml. § 51**

Kreditor	Verkeleg Opphavleg		Garanti til
	garanti	garanti	
Kommunalbanken - Etne kyrkjelege fellesråd, Inr. 20120360	10 112 290	14 300 000	Garanterar for 100 %, pluss inntil 10 % til dekking renter og omkostningar. Innløysing 28.11.2050
- Skakke SA	30 401 050	30 700 000	Garanterar for 100 %. Innløysing 29.06.2054
Husbanken - Etne bustadskipping, Inr 13519465 2	892 706	2 660 000	Garanterar for dei til ei kvar tid 20 % dårlegaste. Bustadskpinga sitt lån per 31.12.189var 4 463 532. Innløysing 2029.
HIM IKS	2 756 945		Etne kommune heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter, og ansvaret vert delt i høve til kommunane sitt innbyggjartal. For 2019 svarar det til 6,5 %. HIM har ei øvre gjeldsramme på 200 mill. Lån per 31.12.19 er totalt 42 114 342.
<b>Totalt garantiansvar</b>	<b>44 162 991</b>	<b>47 660 000</b>	

**NOTE 4 Aksjer og andelar bokført som anleggsmidlar**

Art	Namn	Bokført verdi	
		31.12.19	31.12.18
2214100	Eigenkapitaltilskott KLP	9 658 995	8 743 340
2217001	Skånevik Ølen Kraftlag AS	153 400	153 400
2217002	Andelar Biblioteksentralen AL	900	900
2217003	Skånevik vassverk SA	2	2
2217004	Andelar Rygg nye Vassverk	28 800	28 800
2217005	Grannar AS	25 000	25 000
2217010	Øyane Asvø AS	200 000	200 000
2217012	Opero AS	38 000	38 000
2217014	Haukeligvegen AS	14 000	14 000
2217015	Norsk Bane AS	102 000	102 000
2217016	Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS	13 200	13 200
2217017	Haugalandspakken AS	0	0
2217018	Dest. Hgsd. & Haugalandet AS	22 500	22 500
2217019	Åkraforden oppleving AS	422	422
2217021	Kommunekraft AS	1 000	1 000
2217022	Etne og Vindafjord Næringsutvikling SA	2 500	2 500
2217023	Odda Vegfinans AS	10 000	10 000
2217024	Haugaland Vekst IKS	100 000	100 000
2217025	Tomteselskapet Etne AS	4 275 000	4 275 000
2217026	Haugaland brann IKS	181 000	181 000
<b>Sum</b>		<b>14 826 719</b>	<b>13 730 064</b>



<b>NOTE 5 Kapitalkonto (2599020)</b>		
<b>Arter</b>		
	<b>IB 01.01</b>	<b>84 436 044,95</b>
9599001	Kapitalkonto	148 551 648,66
9599002	Avdrag på utlån	2 305 862,61
9599003	Sal av fast eigedom	0,00
9599004	Bruk av lån	5 843 608,24
9599005	Avskrivning fast eigedom	12 455 148,00
9599006	Avskrivning driftsmidler	0,00
9599007	Avskrivning utlån	0,00
9599010	Utlån	-5 160 028,00
9599011	Avdrag eksterne lån	-78 007 960,00
9599012	Aktivering fast eigedom	-12 528 545,18
9599013	Aktivering driftsmidler	0,00
9599014	Kjøp av aksjar og andelar	-915 655,00
9599015	Sal av aksjar og andelar	0,00
9599016	Sal av utstyr/maskiner/transportmidlar o.l.	0,00
9599020	Pensjonsforpliktelsar KLP	16 477 174,00
9599021	Pensjonsmidlar KLP	-9 878 470,00
9599022	Pensjonsforpliktelsar SPK	2 900 268,00
9599023	Pensjonsmidlar SPK	-7 854 816,00
9599024	Arb.g.avg. av netto pensjonsforpliktelsar	87 589,00
	<b>UB 31.12</b>	<b>158 711 869,28</b>





**NOTE 7 Gjeld, type gjeld og fordeling mellom långiverar**

BANK	Type	Til	Rente		Saldo 2019	Del totalt	Saldo	
			31.12				2018	Del totalt
Husbanken (2004)	p.t.		1,42		251 356	0,08 %	251 356	0,07 %
Husbanken (2004)	p.t.		1,42			0,00 %		0,00 %
Husbanken (2004)	p.t.		1,42		127 806	0,04 %	213 010	0,06 %
Husbanken (2005)	p.t.		1,42		284 288	0,09 %	319 824	0,08 %
Husbanken (2006)	p.t.		1,42		162 414	0,05 %	180 461	0,05 %
Husbanken (2007)	p.t.		1,42		1 079 539	0,34 %	1 184 085	0,31 %
Husbanken (2008)	p.t.		1,42		931 807	0,30 %	1 022 715	0,27 %
Husbanken (2009)	fast	2021	2,90		2 340 000	0,74 %	2 500 000	0,66 %
Husbanken (2010)	fast	2021	2,90		4 044 770	1,28 %	4 241 736	1,13 %
Husbanken (2011)	fast	2021	2,90		2 600 000	0,83 %	2 760 000	0,73 %
Husbanken (2012)	p.t.		1,42		2 562 140	0,81 %	2 708 548	0,72 %
Husbanken (2013)	fast	2019	1,39		2 960 000	0,94 %	3 120 000	0,83 %
Husbanken (2014)	fast	2019	1,39		2 558 400	0,81 %	2 689 600	0,71 %
Husbanken (2015)	fast	2019	1,39		2 460 000	0,78 %	2 580 000	0,69 %
Husbanken (2016)	p.t.		1,42		3 300 000	1,05 %	3 500 000	0,93 %
Husbanken (2017)	p.t.		1,42		2 625 000	0,83 %	2 775 000	0,74 %
Husbanken (2018)	p.t.		1,42		1 850 000	0,59 %	1 950 000	
<b>Sum Husbanken p.t.</b>					<b>13 174 350</b>	<b>4,18 %</b>	<b>14 104 999</b>	<b>3,75 %</b>
<b>Sum Husbanken fast</b>					<b>16 963 170</b>	<b>5,38 %</b>	<b>17 891 336</b>	<b>4,75 %</b>
<b>Sum Husbanken</b>					<b>30 137 520</b>	<b>9,56 %</b>	<b>31 996 335</b>	<b>8,50 %</b>
Kommunalbanken (2015)								0,00 %
Kommunalbanken (2016)	fast	2019	1,63		55 000 000	17,46 %	55 000 000	14,61 %
Kommunalbanken (2017)	fast	2020	1,64		97 110 000	30,82 %	55 000 000	14,61 %
Kommunalbanken (2017)								0,00 %
Kommunalbanken (2016)						0,00 %		0,00 %
<b>Sum Kommunalbanken p.t.</b>					<b>0</b>	<b>0,00 %</b>		<b>0,00 %</b>
<b>Sum Kommunalbanken fast</b>					<b>152 110 000</b>	<b>48,28 %</b>	<b>110 000 000</b>	<b>29,21 %</b>
<b>Sum kommunalbanken</b>					<b>152 110 000</b>	<b>48,28 %</b>	<b>110 000 000</b>	<b>29,21 %</b>
KLP Kommunekreditt	fast	2019	2,83		0	0,00 %	34 522 245	10,96 %
<b>Sum KLP kommunekreditt p.t.</b>					<b>0</b>	<b>0,00 %</b>	<b>0</b>	<b>0,00 %</b>
<b>Sum KLP kommunekreditt fast</b>					<b>0</b>	<b>0,00 %</b>	<b>34 522 245</b>	<b>9,17 %</b>
<b>Sum KLP kommunekreditt</b>					<b>0</b>	<b>0,00 %</b>	<b>34 522 245</b>	<b>9,17 %</b>
DNB	fast	2019	1,43			0,00 %	70 907 000	22,50 %
<b>Sum DNB p.t.</b>					<b>0</b>	<b>0,00 %</b>	<b>0</b>	<b>0,00 %</b>
<b>Sum DNB fast</b>					<b>0</b>	<b>0,00 %</b>	<b>70 907 000</b>	<b>22,50 %</b>
<b>Sum DNB</b>					<b>0</b>	<b>0,00 %</b>	<b>70 907 000</b>	<b>22,50 %</b>
Danske bank	fast	2019	1,2		61 724 008	19,59 %	82 277 000	26,11 %
Danske bank	fast	2019	1,12		71 119 000	22,57 %	46 860 000	14,87 %
<b>SUM Danske Bank p.t.</b>					<b>0</b>	<b>0,00 %</b>	<b>0</b>	<b>0,00 %</b>
<b>SUM Danske Bank fast</b>					<b>132 843 008</b>	<b>42,16 %</b>	<b>129 137 000</b>	<b>40,98 %</b>
<b>SUM Danske Bank</b>					<b>132 843 008</b>	<b>42,16 %</b>	<b>129 137 000</b>	<b>40,98 %</b>
<b>Totalt fast</b>					<b>301 916 178</b>	<b>95,82 %</b>	<b>362 457 581</b>	<b>96,25 %</b>
<b>Totalt p.t.</b>					<b>13 174 350</b>	<b>4,18 %</b>	<b>14 104 999</b>	<b>4,48 %</b>
<b>TOTALT</b>					<b>315 090 528</b>	<b>100,00 %</b>	<b>376 562 580</b>	<b>69,38 %</b>
<i>Gjennomsnittleg rentebindingstid</i>					<i>0,52 år</i>		<i>0,93 år</i>	
<i>Vekta gjennomsnittrente</i>					<i>1,56 %</i>		<i>1,70 %</i>	

**NOTE 8 Avdrag på gjeld**

	<b>2019</b>
Betalte avdrag	+ 9 955 237
Berekna minste lovlege avdrag	- 9 896 444
<b>Differanse</b>	<b>= 58 793</b>

Gjenstående løpetid for kommunens samlede gjeldsbyrde kan ikkje overstige den veide levetida for kommunens anleggsmidlar ved siste årsskifte (jf. koml § 50 nr. 7). Etne kommune bruker forenkla formel slik NKRF rår til. Formelen ((Sum årets avskrivning / sum bokf. verd anl. m. 1.1.) \* Sum l.gjeld 1.1 = kontrollgrense) svarar til kapitalslitet på dei lånefinansierte anleggsmidla.

**NOTE 9 Anleggsregister - bokført verdi pr. 31.12.19**

	Levetid						Sum
	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	Annen	
<b>Akkumulert anskaffelseskost pr. 01.01.19</b>	<b>5 373</b>	<b>16 564</b>	<b>32 582</b>	<b>173 533</b>	<b>269 323</b>	<b>41 662</b>	<b>539 037</b>
Akkumulerte/reverserte nedskrivninger	-	-	-	-	-	-49	-49
Akkumulerte ordinære avskrivninger pr. 01.01.19	-3 329	-5 887	-13 697	-54 455	-27 967	-	-105 335
<b>Bokført verdi 01.01.19</b>	<b>2 044</b>	<b>10 677</b>	<b>18 885</b>	<b>119 078</b>	<b>241 356</b>	<b>41 613</b>	<b>433 653</b>
Tilgang i året	3 625	1 756	1 944	6 699	5 915	2 004	21 943
Avgang i året	-	-	-	-	-	-	-
Delsalg i året	-	-	-	-	-	-	-
Årets ordinære avskrivninger	-453	-988	-1 047	-4 652	-5 316	-	-12 456
Årets nedskrivninger	-	-	-7 415	-	-2 000	-	-9 415
Årets reverserte nedskrivninger	-	-	-	-	-	-	-
<b>Bokført verdi 31.12.19</b>	<b>5 216</b>	<b>11 445</b>	<b>12 367</b>	<b>121 125</b>	<b>239 955</b>	<b>43 617</b>	<b>433 725</b>

05 ÅR = EDB-utstyr, kontormask ol

10 ÅR = Anl.mask, inv og utstyr, transportmidler o.l

20 ÅR = Brannbil, p-plassar, t-lys, tek. anlegg, renseanlegg, pumpes

40 ÅR = Boligar, skular, bhg, idrettsh. vegar mm

50 ÅR = Lager- og admin. bygg, sjukeheim/inst., kulturbygg, brannst.

Annen = Tomter, ingen avskrivning



**NOTE 10 Godtgjersle til rådmann, ordfører og revisjon**

	2019				2018	
	Lønn	Anna godtgjersle	Lønn	Anna godtgjersle	Lønn	Anna godtgjersle
Konstituert rådmann	1 043 260	4 392	1 025 266	4 392		
Ordfører, tidlegare med ventelønn	927 606	4 026	916 937	4 392		
Ordfører, noverande 4. kvartal	226 954	1 098				
Anna godtgjersle gjeld elektronisk kommunikasjon.						
	2019			2018		
	Ordinær	Forvaltning	Sum	Ordinær	Forvaltning	Sum
Revisjon, Deloitte	131 200	277 715	<b>408 915</b>	126 300	207 657	<b>333 957</b>
Frå 01.07.2016 kjøper kommunen revisjonstenester frå Deloitte.						
Godtgjersla, ekskl. mva., er fordelt på ordinær revisjon og forvaltningsrevisjon i tabellen.						

**NOTE 11 - Etterkalkyle sjølvkost 2019**

	Vatn	Avlaup	Feiing	Totalt	Private planar	Byggesak	Oppmåling
Gebyrinntekter	4 407 352	3 351 898	892 892	8 652 142	42 660	1 567 073	1 024 819
Andre driftsinntekter	1 784	1 784	0	3 568	888	-817	51 159
<b>Driftsinntekter</b>	<b>4 409 136</b>	<b>3 353 682</b>	<b>892 892</b>	<b>8 655 710</b>	<b>43 548</b>	<b>1 566 256</b>	<b>1 075 978</b>
Direkte driftsutgifter	2 524 826	2 031 441	786 032	5 342 299	188 934	1 572 122	1 083 384
Avskrivningskostnad	444 629	507 606	0	952 235	0	0	11 940
Kalkulatorisk rente (2,30%) *	219 733	109 869	0	329 602	0	0	1 785
Indirekte netto driftsutgifter *	418 699	494 563	150 131	1 063 393	28 009	270 961	153 813
Sjablommessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	20 935	24 728	7 507	53 170	1 400	13 548	7 691
<b>Driftskostnader</b>	<b>3 628 822</b>	<b>3 168 208</b>	<b>943 669</b>	<b>7 740 699</b>	<b>218 344</b>	<b>1 856 632</b>	<b>1 258 612</b>
- Subsidiering					174 796	290 376	182 634
<b>Resultat</b>	<b>780 314</b>	<b>185 474</b>	<b>-50 777</b>	<b>915 011</b>			
Kostnadsdekning i %	121,5 %	105,9 %	94,6 %	111,8 %	19,9 %	84,4 %	85,5 %
<b>Sjølvkostfond 01.01</b>	<b>-914 279</b>	<b>820 855</b>	<b>-17 263</b>	<b>-110 687</b>			
-/+ Bruk av/avsetjing til sjølvkostfond	780 314	185 474	0	965 788			
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad sjølvkostfond (2,30 %)	-12 055	21 013	-51860	-42 902			
<b>Sjølvkostfond/framførbart underskot 31.12</b>	<b>-146 020</b>	<b>1 027 342</b>	<b>-69 123</b>	<b>812 199</b>			

Etterkalkylane for 2019 er baserte på rekneskap datert 13. februar 2020.

\* Kalkulatorisk rente og indirekte netto driftsutgifter er berre utarbeida i kalkylen og er ikkje rekneskapsført.

Etne kommune har utarbeida etterkalkyle for betalingstenestar i høve til Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Kommunen nyttar sjølvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune.

Sjølvkost inneber at kommunen sine kostnader med å tilverke tenestane skal dekkjast av gebyra som brukarane av tenestane betalar. Kommunen har ikkje anledning til å tene pengar på tenestane. For å kontrollere at dette ikkje skjer må kommunen, etter kvart rekneskapsår, utarbeide ei sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostrekneskapskapen for det einskilde gebyrområdet.

I sjølvkostkalkylen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter eksklusiv rekneskapsmessige avskrivningar, kalkulatoriske avskrivningar og rentekostnader, og fordelte indirekte driftsutgifter (administrasjonsutgifter). Ved beregning av kalkulatoriske avskrivningar skal det i sjølvkostberekningane gjerast fråtrekk av framandfinansiering. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i kommunen sitt driftsregnskap, men representerer ei alternativ avkastning som kommunen går glipp av ved at kapital er bunden i anleggsmidlar. Den kalkulatoriske rentekostnaden bereknast med utgangspunkt i anleggsmidlane sin restavskrivningsverdi og ei kalkylerente. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig SWAP-rente + 1/2 %-poeng. I 2018 var denne lik 2,37 %.

Retningslinjene fastsett reglar for fordeling av relevante administrasjonsutgifter som kan inngå i sjølvkostgrunlaget. Vidare er det bestemd at eventuelle overskot skal avsetjast til bundne sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år skal først attende til brukarane i form av lavare gebyr innanfor ein femårsperiode. Ein generasjon brukarar skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadane ved tenestane som ytast i dag skal dekkjast av dei brukarane som dreg nytte av tenesta. Dette inneber at dersom kommunen har overskot som er eldre enn fire år, så må dette i sin

heilskap gå til reduksjon av gebyra i det kommande budsjettåret. Til dømes så må eit overskot som stammar frå 2018 i sin heilskap vere disponert innan 2023.

<b>Note 12 - Lønnsutgifter driftsrekneskapen</b>		<b>2019</b>	<b>2018</b>
Fastlønn		160 050 233	153 591 456
Lønn til vikarer		11 329 701	10 793 538
Lønn til ekstrahjelp		3 054 213	2 561 194
Overtidslønn		1 805 032	2 241 242
Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse		3 276 464	3 646 017
Lønn vedlikehold		456 597	455 750
Lønn reinhald		5 735 062	4 387 803
Godtgjørelse folkevalgte		2 104 873	1 839 660
Tr.pl/Oppg. Pl., ikkje arb.g.avg pl. Lønn		2 671 916	3 958 590
Sosiale utgifter		45 458 035	48 096 205
Utgifter og godtgjørelser for reinhald		468 235	436 744
Andre oppgaverpliktige godtgjørelser		457 809	321 017
<b>Sum</b>		<b>236 868 170</b>	<b>232 329 216</b>



## Note 13 - Kjøp av varer og tenester samt overføring - drift

### Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunens tenesteproduksjon

Omfattar alle utgifter knytt til kjøp av varer og tenester som inngår som produksjonsfaktorar i kommune si eiga produksjon. Dette utgjer alle ordinære drifts- og vedlikehaldsutgifter, samt kjøp av inventar og utstyr

### Kjøp av teneste som erstattar kommunale eigenproduksjon

Utgifter til kjøp av tenester som vert vidareført til brukarane uten at kommunen sjølve gjere noko med tenesta. Det gjeld t.d. betaling for tenester utført av andre institusjonar, og betaling for tenester utført av private som kommunen har driftsavtale med.

	2019	2018
Driftstilskot private barnehager	15 511 590	11 606 686
Kjøp frå staten	771 247	50 809
Kjøp frå fylkeskommune	47 026	22 000
Kjøp frå kommuner	19 016 297	18 523 358
Kjøp frå interkommunale selskap (IKS)	6 636 559	419 651
Kjøp av tenester frå særbedrifter	16 690	-
Anna	21 556 061	18 990 812
<b>Totalt</b>	<b>63 555 470</b>	<b>49 613 316</b>

### Overføringer

Overføringer er utgifter som ikkje medfører nokon konkret forplikting om gjenyting frå mottakaran sin side. Dette gjeld mellom anna overføringer til stat og kommunar, tilskot til arrangment, lag og organiasjonar.

	2019	2018
Overføring til staten	-	-
Overføring til fylkeskommuner	-	-
Overføring til kommuner	117 562	62 625
Overføring til IKS	194 640	145 640
Overføring til kyrkja	3 554 551	3 454 553
Tilskot til organisasjonar og lag, kulturinsitusjonar og arrangmenet	2 288 096	1 347 284
Tilskot politiske parti/gruppar	40 625	40 000
Økonomisk sosialhjelp	4 852 185	5 660 938
MVA knyttet til kompensasjonsordningen	7 707 009	6 703 455
Andre overføringer	3 235 110	1 917 489
Tap på krav	10 000	428 325
Kjøp av konsesjonskraft	914 844	980 974
Reserverte bevilgninger	17 096	-
<b>Totalt</b>	<b>22 931 718</b>	<b>20 741 283</b>

**Note 14 - Brukarbetalingar og andre sals- og leigeinntekter**

	2019	2018
<b>Brukarbetaling</b>		
Foreldrebetaling barnehagar/SFO	-4 964 866	-3 869 725
Kulturskule	-324 724	-361 160
Eigenbetaling institusjon	-5 245 780	-4 927 675
Eigenbetaling heimhjelp	-169 178	-172 019
Tryggleiksalarm	-192 429	-192 532
Vaksenopplæring framandspråklege	-116 043	-135 470
Anna	-442 901	-259 400
<b>Sum totalt</b>	<b>-11 455 921</b>	<b>-11 424 331</b>
<b>Andre sals- og leigeinntekter</b>		
Kommunale avgifter	-8 367 534	-8 679 609
Tilknytingsgebyr vatn og avlaup	-1 178 258	-1 599 559
Matombering	-1 106 306	-750 487
Matpenger barnehage	-614 761	-697 175
Byggesak	-1 567 073	-1 287 610
Kart og oppmåling	-1 024 819	-950 772
Reguleringsplanar	-42 660	-168 070
Sals- og sjenkeløyve	-171 097	177 334
Leigeinntekter	-6 254 362	-5 022 545
Konsesjonskraft (mva-pliktig)	-57 200	-975 152
Anna	-4 684 045	-3 316 660
<b>Sum totalt</b>	<b>-25 068 115</b>	<b>-23 270 305</b>

**Note 15 - Overføringar med krav til motyting - drift**

	2019	2018
Refusjonar frå Staten	-14 056 520	-10 192 146
Refusjon sjukelønn + fødselspengar	-10 300 760	-11 008 036
Momskompensasjon drift	-7 707 009	-6 703 455
Refusjon frå andre kommunar	-6 690 297	-7 286 014
Refusjon frå fylkeskommunen	-1 262 209	-1 529 747
Andre refusjonar	-5 236 462	-3 815 609
<b>Totalt</b>	<b>-45 253 257</b>	<b>-40 535 007</b>

**Note 16 - Utlån**

Låntaker	2019	2018
Etne bustadskipping	0	85 700
Åkrafjorden oppleving	60 000	120 000
Sosiallån	209 593	176 865
Startlån	18 329 558	19 829 420
Hordaland fylkeskommune - forskottering gang/sykkelveg	15 000 000	15 000 000
Skakke SA	2 400 000	2 400 000
Forskot spelemidlar etne idrettslag	467 000	0
Skakke SA - Renterfritt Pantelån	4 000 000	0
<b>Totalt</b>	<b>40 466 151</b>	<b>37 611 985</b>

**Note 17 - Endra rekneskapsprinsipp**

På grunna av endringar i forskrift om årsrekneskap og årsberetning er verkander av endringar i rekneskapsprinsipp i 2007 og tidlegare, som var ført mot likviditetsreserven, ført over til kapitakontoer for endring av rekneskapsprinsipp. Også verknad av endring av tilskot til ressurskrevjande brukarar i 2008 er ført mot denne kontoen.

Varebeholdning 1994	1 878 270
Feriepenger avsatt 1992	3 546 418
Ressurskrevjande tenester 2008	-618 000
Momskompensasjon 1999	-758 251
<b>Endring i R-prinsipp som påvirke AK (Drift) (Art 2581000)</b>	<b>4 048 437</b>

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	17.02.20	5/20
Kontrollutvalet	18.05.20	<b>8/20</b>
<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Odd Gunnar Høie	216	

## ARBEIDET MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – PRESENTASJON AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGAR OG PRIORITERING AV PROSJEKT

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar Deloitte sin presentasjon av risiko- og vesentlegvurdering til orientering.

Etne kontrollutval prioriterer følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024:

1. ....
  2. ....
  3. ....
- Os.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

**Vedlegg:** presentasjon av ROV-vurderingar frå Deloitte, mai 2020 (eige vedlegg)

### Saksorientering:

Etter kommunelova § 23 -3 og § 23-4 har kontrollutvalet ansvaret for å utarbeide ein plan som visar på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-analyse), med sikte på å finn ut kor det er størst trong for forvaltningsrevisjon i kommunen eller for eigarskapskontroll av selskap.

I møtet 25.11.19, sak 28/19 blei Deloitte AS engasjert av utvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan. I det fyrste prosessmøtet den 17.02.20, sak 5/20 deltok medlemmene i Deloitte sitt risikospel, saman med revisor Frode Løvlie. Spelet var en del av prosessen for å komme med innspel til ny analyse og plan.



Forvaltningsrevisor vil presentere risiko- og vesentlegvurderingane dei har laga i møtet 18.05.20. Revisor vil gå igjennom analysen med vekt på dei prosjekt som dei har funne høgast risiko med når det gjelder å nå måla, regelverk og politisk vedtak, basert mellom anna på innspel som kom fram i prosessmøte 1. Revisor vil også gjere greie for deira framlegg til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll. Analysen er lagt ved som eige vedlegg.

Dokumentet er på 47 sider og er delt opp i 7 kapittel. Fyrst er det skreve ein innleiing, i kapitel 2 om Etne si organisering og ein del nøkkeltal. I kapitel 3 og 4 omhandlar oversikt over identifiserte risikoområde i kommunen og kommunen sine selskap. Kapitel 5 omhandlar eigenskapskontrollar med oversikt over identifiserte risikoområde. Kapitel 6 om gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn. I kapitel 7 kjem Deloitte med framlegg til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar. Dei som er kategorisert med høg risiko omfattar 17 område og 5 selskap.

ROV-vurderingane er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine eigne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon. Det er kanskje ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 4-6 prosjekt, da årleg budsjettmidlar tilseier at det ikkje blir gjennomført meir enn eit prosjekt pr. år.

Kontrollutvalet vil i dette møtet gjere sine prioriteringar av prosjekt som er mest aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i perioden 2020 – 2024.

#### Vidare handsaming

Når kontrollutvalet er ferdig med prioriteringane i planen vil den vere klar for oversending til kommunestyret for slutthandsaming. Siste frist for å utarbeide plan er ifølgje lova seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert. Slik det ligg an no, vil planen bli lagt fram for kommunestyret i haust (oktobermøtet).

Når eit prosjekt skal setjast i gong, må det planleggjast meir i detalj før ein startar opp. Kontrollutvalet må då, saman med revisor, foreta ei undersøking om dei aktuelle tema i prosjektet, og vurdere kva som er mest relevant og vesentleg å undersøke. Omfanget av prosjektet vil også vere avhengig av kor mange tema som vil vere viktige for kontrollutvalet å få svar på i ein rapport. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av prosjekt.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å prioritere dei mest aktuelle prosjekta innfor vedteken plan, samt at dei kan å ta inn nye prosjekt i planen dersom det oppstår behov for det. Slik mynde har også blitt gjeven tidlegare.

Aksdal, 11.05.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.05.20	9/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

## FELLES FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND (FOS)

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval vil delta i felles forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).

Etne kontrollutval godkjenner ein lott på kr. 35 726 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjer halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnader. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten.

Etne kontroll- og kvalitetsutval tar utgangspunkt i prosjektplanen frå KPMG, og har elles slike innspel til problemstillingar som bør undersøkast.....

### Vedlegg:

- 1 Prosjektplan frå KPMG
- 2 Partsbrev frå kontrollutvalet i Stord kommune
- 3 Vedlegg 1 FOS ønskje om informasjon
- 4 Vedlegg 2 Vurdering av FOS
- 5 Vedlegg til vurdering FOS
- 6 Desentralisert kompetanseutvikling

### Bakgrunn for saka

Sekretariatet fekk 18.03.20 kopi av brev til KPMG frå sekretariatet for kontrollutvalet i Stord kommune om tinging av ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).

Kontrollutvalet i Stord kommune hadde gjort slikt vedtak i møte 11.03.20, sak 5/20:

1. *Kontrollutvalet gjev fullmakt til KPMG, i samarbeid med sekretariatet, å laga utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).*

2. *Dei samarbeidande kommunane sine kontrollutval - Bømlo, Etne, Kvinnherad, Etne og Fitjar - vert førespurt om dei ønskjer å vera med på ein slik forvaltnings-revisjon. Dei vil få tilsendt motteken informasjon frå Stord kommune om FOS.*
3. *Evnt. innspel frå dei andre kommunane sine kontrollutval om føremål og problemstillingar, vert oversendt sekretariatet.*
4. *Utkast til prosjektplan vert oversendt kontrollutvalet i Stord kommune sine medlemar, med mulighet for å koma med innspel.*
5. *Kontrollutvalsleiaren i Stord kommune, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til evnt. å bestilla forvaltningsrevisjonen før neste møte.*
6. *Om det vert funne føremålstenleg å foreta bestilling i kontrollutvalet sitt neste møte, 14.05.20., så vert det gjort.*

Kommunane Bømlo, Sveio, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Etne samarbeider om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Kontrollutvalet i Stord kommune bad tidlegare om opplysningar gjeldande FOS frå kommuneadministrasjonen i Stord kommune. På bakgrunn av informasjonen ønskjer utvalet at det vert gjennomført ein forvaltningsrevisjon relatert til forumet, og vil invitere alle samarbeidskommunane med på å ha ein felles revisjon.

KPMG AS har laga utkast til ein prosjektplan, og kalkulert med at revisjonen, slik dei har skissert, vil koma på kr. 300.000. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten.

Med å samarbeide, vil alle kommunane oppnå ein rimeleg sum for å få gjennomført ein forvaltningsrevisjon dette året. I Kontrollutvalsboka som Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) gav ut i 2015, står dette i kapittel 8 om selskapskontroll. Sjølv om FOS ikkje er definert som eit selskap, har formuleringane relevans her også:

*Delt eigarskap mellom fleire kommunar.*

*Dersom selskapet som skal kontrollerast er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet. Dette vil også medverke til å effektivisere ressursbruken i kontrollutvala.*

*I slike tilfelle må kontrollutvala i dei respektive kommunane bli samde om mellom anna:*

- *Kva oppdragstakar skal gjennomføre kontrollen?*
- *Kva skal kontrollen omfatte og korleis skal kontrollen gjennomførast (prosjektplan/bestilling)?*
- *Korleis skal kostnadene fordelast mellom kontrollutvala?*
- *Korleis skal selskapskontrollen rapporterast og følgjast opp?*

*I mange tilfelle vil det vere kontrollutvalet i den kommunen med størst eigardel som får eit overordna ansvar for samordning. Kostnadene blir ofte fordelte etter storleiken på eigardelen til den einskilde kommunen. Det er ikkje naudsynt at alle eigarkommunane er med for å kunne gjennomføre ein selskapskontroll.»*

Sekretariatsleiarane for Vestland og Haugaland har via telefonsamtale, einast om ein modell for kostnadsdeling der lik grunnsom utgjer halve kostnaden og innbyggartal pr. årsskiftet 2019/2020 utgjer andre halvdel. Det inneber at kontrollutvala i Sveio kommune og Etne kommune vert invitert til å vere med på forvaltningsrevisjonen med ein kostnad for Etne kommune på ca. kr 36.000 og Sveio kommune på ca. kr 40.000. For initiativtakar Stord kommune vil den komme på ca. kr 75.000.

Utanom KPMG AS, er Deloitte revisor for dei aktuelle kommunane. Kontrollsjef Hogne Haktorsen har hatt kontakt med partner Birte Bjørkelo i Deloitte, som opplyser at dei har ei pragmatisk haldning til om ein nyttar ein annan revisor her. KPMG er revisoren til initiativtakaren, som og er den kommunen med høgast innbyggartal. Deloitte har tidlegare gjennomført selskapskontrollar i Hordaland, der dei ikkje har vore revisor for alle eigarkommunane.

Kontrollutvalet i Kvinnherad kommune vil vere fyrste kommune som handamar planen den 27.04.2020. Dei andre utvala vil ha møte i løpet av mai måned.

Stord kontrollutval vil med dette invitere Bømlo, Sveio, Fitjar, Kvinnherad og Etne ved kontrollutvala til å ta del i ein sams forvaltningsrevisjon knytt til FOS.

### **Vurderingar og verknader**

Vedlagt følgjer forslag til prosjektplan frå KPMG som er revisor i Stord kommune. Her har dei mellom i kapittel 1-3 skreve følgjande:

#### ***Vi foreslår at forvaltningsrevisjonen fokuserer på to hovudtema:***

##### *✓ Rammene som FOS opererer under*

*Det er viktig at samarbeidet i FOS blir regulert av klare rammer. Her vil vi sjå på kva rammer FOS opererer under, kva føringar deltakarkommunane legg for FOS si verksemd og i kva grad FOS etterlev rammer og føringar.*

##### *✓ Erfaringane med og resultatata til FOS*

*Her vil vi rette blikket mot resultatata til FOS omkring deira kjerneoppgåver knytt til kurs og kompetanseheving. Samstundes vil vi ha eit brukarperspektiv, og sjå på erfaringane som barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane har med FOS, og kurs- og kompetansehevingstilbodet dei tilbyr. Her vil vi mellom anna sende ut eit spørjeskjema til barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane for å kartleggje deira erfaringar med FOS.*

#### ***Det gjer forvaltningsrevisjonen slikt føremål:***

##### *✓ Kartleggje under kva rammer FOS opererer*

##### *✓ Kartleggje og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS*

*Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.*

***Kostnader i prosjektet:***

*Det vert lagt opp til gjennomføring av prosjektet innafør ei ramme på 300 000 ,-.  
Honoraret vert å dele på dei involverte kommunane.*

Dei to kontrollutvalssekretariata, som arbeider for desse seks kommunane, har kome fram til eit framlegg til ein fordelingsnøkkel gjeldande kostnadene der ein, som nemnt, har her tatt utgangspunkt i ei fordeling med halvparten fastpris og halvparten etter folketal. Dette gjev ei slik fordeling:

<b>Innbyggjarar</b>	<b>Innbyggjarar pr. 31.12.19</b>	<b>Likt pr. kommune</b>	<b>Grunnsum</b>	<b>Innbyggjarar</b>	<b>Totalt kr</b>
Formel	6		0,5	0,5	
<b>Etne</b>	<b>4 062</b>	<b>50 000</b>	<b>25 000</b>	<b>10 726</b>	<b>35 726</b>
Sveio	5 766	50 000	25 000	15 226	40 226
Bømlo	11 957	50 000	25 000	31 574	56 574
Stord	18 759	50 000	25 000	49 536	74 536
Fitjar	3 189	50 000	25 000	8 421	33 421
Kvinnherad	13 071	50 000	25 000	34 516	59 516
<b>Innb. totalt</b>	<b>56 804</b>	<b>300 000</b>	<b>15 0000</b>	<b>150 000</b>	<b>300 000</b>

Honoraret dekkjer planlegging, gjennomføring og rapportering, samt ein samla presentasjon av rapporten for kontrollutvala. Ynskjer kontrollutvala at rapporten blir presentert kvar for seg vil det tilkomme tilleggshonorar for reisekostnadar og brukt tid.

**Konklusjon**

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet i Etne kommune deltek i forvaltningsrevisjon av FOS. Gjennom det arbeidet som er gjennomført i kontrollutvalet i Stord kommune og det ein kan lese ut av vedlagt dokumentasjon og framlegg til prosjektplan frå KPMG ser det ut som at det kan vere nyttig med ein forvaltningsrevisjon av FOS. Vert alle kommunane solidarisk med Stord kommune i prosjektet er kr 40 000 rimeleg for ein revisjon for Etne kommune.

Det er i budsjettet for 2020 sett av 250 timer til forvaltningsrevisjon. 140 timar er allereie disponert til utabeiding av nye planar, slik at det er budsjettdekning for revisjonen.

Aksdal, 11.05.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*



# Prosjektplan

**Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)**  
Stord kommune

Mars 2020

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)

# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>3</b>
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Førebuing	3
1.3 Forslag til tilnærming	4
<b>2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier</b>	<b>5</b>
2.1 Formål	5
2.2 Problemstillinger	5
2.3 Revisjonskriterier	6
<b>3. Tilnærming</b>	<b>6</b>
3.1 Metode	7
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	8
3.3 Prosjektteam	8
<b>4. Planlegging, gjennomføring og honorar</b>	<b>9</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Stord kommune ynskjer kunnskap om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), irekna deira funksjonar og oppgåver. Kontrollutvalet har i den anledning bedt KPMG om å lage ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av FOS. Kontrollutvalet vil invitere Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Sveio ved kontrollutvala til å ta del i ein sams forvaltningsrevisjon knytt til FOS.

## 1.2 Førebuing

Det er eit mål å utarbeide ein god prosjektplan med relevante og vesentlege problemstillingar for ein forvaltningsrevisjon. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere føremål og problemstillingar. Vi har innhenta oversikt gjennom FOS sine heimesider og planverk og sak 5/20 for kontrollutvalet i Stord kommune.

### 1.2.1 Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) er eit samarbeid mellom kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Kommunane samarbeider gjennom FOS om oppgåver som ein ynskjer løyst regionalt. Hovudoppgåva til FOS er å utføre kompetanseheving for kommunalt tilsette og andre samarbeidsaktørar. Organisasjonen arrangerer felles kurs og kompetansehevande aktivitetar for kommunane. I kommuneinternt notat til Stord kontrollutval, kjem det fram at FOS løyser kompetansehevingsoppgåver ved å:

- ✓ Samle fagfolk på tvers av kommunane.
- ✓ Utarbeide handlingsplanar for kompetansetiltak.
- ✓ Samordne søknadar frå kommunane til Fylkesmannen om statlege midlar for kompetansehevingstiltak.
- ✓ Samordne kontraktsinngåing mellom kommunane og høgskular/institusjonar om kompetansehevingstiltak.

FOS samarbeidet er organisert som ein prosjektorganisasjon med fylgjande grupper:

- ✓ Styringsgruppe – ein representant frå kvar kommune si leiargruppe med ansvar for oppvekstområdet
- ✓ Barnehagegruppe – barnehagefagleg rådgjevar frå kvar kommune
- ✓ Grunnskulegruppe – skulefagleg rådgjevar frå kvar kommune
- ✓ Kulturskulegruppe – Kulturskulerektor
- ✓ Leiarfora for PPT

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for FOS, inkludert økonomi. Styringsgruppa har vidare ansvar for å samordne arbeidet i dei andre gruppene. Styringsgruppa kan ved behov opprette nye undergrupper. Barnehage- og grunnskulegruppa har ansvar for å kartlegge behov, ta initiativ til og arrangere kurs, etterutdanning og vidareutdanning innan høvesvis barnehage og grunnskule/vaksenopplæring. Gruppa skal på oppdrag eller etter avtale med styringsgruppa også stå



for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak og kome med innspel på nye tiltak. Kulturskulegruppa har ansvar for å kartlegge behov, ta initiativ til og arrangere kurs innan kulturskulesektoren.

Av kommuneinternt notat til kontrollutvalet i Stord kommune går det fram at tillitsvalde ikkje har rett til å delta i FOS - arbeidstakarane medverkar gjennom kommunalsjefen og rådmannen sine månadlege møte, samt gjennom personalsjefen sine årlege drøftingsmøter.

### 1.2.2 Planverk for FOS

Det kjem fram av Sak 5/20 i kontrollutvalsmøtet 11.03.2020 at det per dags dato ikkje er nokon skriftleg samarbeidsavtale mellom kommunane i samarbeidet.

Det er utarbeida retningslinjer for FOS. Her kjem det fram at føremålet er å samarbeide om oppgåver som blir løyst betre regionalt enn lokalt. Samarbeidet skal bidra til å styrkje kommunen sin kompetanse og kapasitet. Retningslinjene gir vidare strategiar for samarbeidet, som til dømes bruk av kunnskapsbasert viten i utviklingsarbeidet. Retningslinjene gir også informasjon om dei ulike gruppene og møtefrekvensen i desse, rutinar for eventuell utmelding av samarbeidet og FOS sine eksterne samarbeidspartnarar.

Dagleg leiar skal etter retningslinjene utarbeide årsmelding for kvart skuleår for verksemda i FOS. Vidare skal det basert på strategi utarbeidast ein handlingsplan for FOS som skal vedtakast av styringsgruppa og vere retningsgivande for arbeidet i FOS. Gjeldande handlingsplan identifiserer inkludering, samskaping og medverknad som hovudsatsing i perioden 2019-2022. Handlingsplanen omhandlar også tiltak som skal setjast i verk i planperioden.

## 1.3 Forslag til tilnærming

Vi foreslår at forvaltningsrevisjonen fokuserer på to hovudtema:

### ✓ *Rammene som FOS opererer under*

Det er viktig at samarbeidet i FOS blir regulert av klare rammer. Her vil vi sjå på kva rammer FOS opererer under, kva føringar deltakarkommunane legg for FOS si verksemd og i kva grad FOS etterlev rammer og føringar.

### ✓ *Erfaringane med og resultatata til FOS*

Her vil vi rette blikket mot resultatata til FOS omkring deira kjerneoppgåver knytt til kurs og kompetanseheving. Samstundes vil vi ha eit brukarperspektiv, og sjå på erfaringane som barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane har med FOS, og kurs- og kompetansehevingstilbodet dei tilbyr. Her vil vi mellom anna sende ut eit spørreskjema til barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane for å kartlegge deira erfaringar med FOS.

## 2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier

### 2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- ✓ Kartleggje under kva rammer FOS opererer
- ✓ Kartleggje og vurdere erfaringane med og resultat til FOS

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

### 2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet blir fylgjande problemstillingar føreslegne:

#### 1. I kva rammer opererer FOS?

- a. *Korleis er FOS organisert?*
- b. *Kva mål og strategi har FOS?*
- c. *Kva slags budsjett og rekneskap har FOS?*
- d. *Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS?*
- e. *Korleis rapporterer FOS til deltakarkommunane?*
- f. *Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane?*
- g. *Kva vedtekter har FOS?*
- h. *Kva eigarskapsførignar og eigarskapsstrategiar har deltakarkommunane for FOS?*
- i. *Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS?*
- j. *Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS?*
- k. *Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019?*
- l. *Korleis medverkar kommunalt tilsette innan oppvekstområdet i FOS?*

## 2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS?

- a. *Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS fungerer?*
- b. *I kva grad opplever barnehagane og skulane å få det kurs- og kompetansehevingstilbodet som dei har behov for?*
- c. *Korleis opplever kommunalt tilsette innan oppvekstområdet at deira medverknadsrett blir tatt i vare i FOS?*
- d. *I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?*

Denne lista med underproblemstillingar er ikkje utfyllende, dette er punkt som vi vil gå inn på i kartlegginga. Kartlegginga kan jamvel vise at andre punkt og tema er sentrale – desse vil og bli skildra og handsama i rapporten.

## 2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterier. Revisjonskriteria er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot og desse må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterium vil vere:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)
- ✓ Kommunen og FOS sine system og rutinar for internkontroll
- ✓ God praksis for internkontroll. Vi vil her byggje på KS sin veileder, "Rådmannens internkontroll, 2013".
- ✓ Hovudavtale og hovudtariffavtale

# 3. Tilnærming

## 3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samle inn data ved bruk av følgjande teknikkar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju
- ✓ Spørjeundersøking

Vi vil innhente og gjennomgå dokumentasjon frå FOS og kommunane som kan gje informasjon om problemstillingane. Problemstilling 1 vil vere ei kartlegging av rammene som FOS opererer under. Her vil vi mellom anna samle inn informasjon som FOS sine mål, strategi og vedtekter. I tillegg vil vi samle inn informasjon frå kommunane som blant anna retningslinjer, eigarskapsføringar og eigarskapsstrategiar for FOS. I problemstilling vil vi kartleggje resultat og erfaringar med selskapet. Her vil vi blant anna samle inn FOS sine årsmeldingar og eventuelle interne vurderingar av etterleving av mål og strategiar.

Vi vil gjennomføre intervju med relevante informantar. Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon om rammene som FOS opererer under og resultat og erfaringar med FOS. Det vil vere hensiktsmessig å ha intervju med dagleg leiar FOS, representantar frå styringsgruppa i FOS, leiarane i barnehagegruppa og grunnskulegruppa samt ein tillitsvaldrepresentant innan oppvekstområdet i ein av kommunane. Sett i lys av dagens Coronasituasjon og råd frå helsemyndighetene om reising og sosial kontakt, legg vi opp til å gjennomføre intervju over telefon eller Skype/Microsoft teams.

Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon og forklaring til dokumentasjonen. Ved gjennomføring av intervju vert det utarbeid intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering. Informasjonen som samlast inn frå dokumentasjon og intervju vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria. Dette vil nyttast for å gi svar på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Vi vil nytte spørjeskjema for å kartleggje kva erfaringar kommunane sine tilsette innan oppvekstområdet, og særleg innan barnehage og skule, har med FOS. Då vil det særleg relevant om å sjå på korleis dei opplev at kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS fungerer og om dei opplever å få det kurs- og kompetansehevingstilbodet som dei har behov for. Vidare vil det vere nyttig å spørje om korleis dei opplever at medverknadsretten i FOS blir tatt i vare.

Det vil utarbeidast ein skriftleg sluttrapport som reiegjer for undersøkinga, funn og tilrådingar. Utkast til rapport vil sendast på høyring til relevante aktørar før det utarbeidast ein endeleg sluttrapport. Sluttrapportering til kontrollutvalet vil skje ved framstilling av ein revisjonsrapport. Det vil vere ein raud tråd gjennom rapporten, og rapporten vil vere kvalitetssikra og etterprøvbar.

## 3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

	Mars				April				Mai				Juni				Juli			August			September							
Faser + aktiviteter	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	28	29	30	31	32	33	34	35	37	38	39	40
<b>1 Forberede</b>																														
1.1 Forundersøkelse																														
1.2 Etablere prosjektplan																														
1.3 Godkjenning prosjektplan																														
<b>2 Starte opp</b>																														
2.1 Sende oppstartsbrev																														
2.2 Oppstartsmøte																														
2.3 Revisjonskriterier																														
2.4 Dokumentliste																														
2.5 Intervjuplan																														
<b>3 Gjennomføre</b>																														
3.1 Dokumentanalyse																														
3.2 Intervjuguide																														
3.3 Intervjuer																														
3.4 Analyse																														
3.5 Kvalitetssikring																														
3.6 Rapportutkast																														
<b>4 Rapport</b>																														
4.1 Ferdigstille rapportutkast																														
4.2 Høring rapportutkast (2x2 u.)																														
4.3 Oversending av rapport																														
4.4 Samlet presentasjon KU																														

Framdriftsplanen er forsiktig, og tar forbehold med at det kan ta tid for å få prosjektplanen vedtatt i kontrollutvala. Skulle prosjektplanen bli vedtatt tidlegare enn angitt i denne planen, vil gjennomføringa starte opp tidlegare enn skissert her. Om prosjektplanen blir vedtatt seinare enn angitt her, kan det vere behov for å utsette leveringa av rapporten. Ein meir presis framdriftsplan kan tilretteleggjast når prosjektplanen er godkjent i Kontrollutvala.

## 3.3 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av fylgjande:

- ✓ Oppdragsansvarleg: Ole W. Fundingsrud
- ✓ Mathias Johannessen
- ✓ Bjørg Rabbe Sandven
- ✓ Magnus Heggen

## 4. Planlegging, gjennomføring og honorar

Det vert lagt opp til gjennomføring av prosjektet innafør ei ramme på 300 000 ,- . Honoraret vert å dele på dei involverte kommunane. Dersom alle deltakarkommunane deltek, vil det gje ein kostnad på NOK 50.000 pr kommune.

Honoraret dekkjer planlegging, gjennomføring og rapportering, samt ein samla presentasjon av rapporten for kontrollutvala. Ynskjer kontrollutvala at rapporten blir presentert kvar for seg vil det tilkomme tilleggshonorar for reisekostnadar og medgått tid.



**Kontakt oss****Ole Willy Fundingsrud****Direktør****T** +47 40 63 96 92**E** [ole.willy.fundingsrud@kpmg.no](mailto:ole.willy.fundingsrud@kpmg.no)[kpmg.no](http://kpmg.no)

© 2020 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.





Stord kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Vår referanse 2020/98-2  
Dato 18.03.2020

---

KPMG AS

### Partsbrev - Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 5/20 «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)», etter møte i kontrollutvalet i Stord kommune 11.03.2020, der vart gjort slikt vedtak i pkt. 2 (av 6 punkt):

2. Dei samarbeidande kommunane sine kontrollutval - Bømlo, Etne, Kvinnherad, Sveio og Fitjar - vert førespurt om dei ønskjer å vera med på ein slik forvaltningsrevisjon. Dei vil få tilsendt motteken informasjon frå Stord kommune om FOS.

Vedlegga som følgde saka til Stord KUV sitt møte 11.03.20, ligg og ved denne eposten.

#### KPMG - Vidare oppfølging.

Ber om utkast til prosjektplan, med utgangspunkt i Stord kontrollutval si drøfting i deira møte 11.03.2020.

#### Kontrollutvala i Sunnhordland - vidare oppfølging.

Ber kontrollutvala i kommunane Bømlo, Etne, Kvinnherad, Sveio og Fitjar drøfta om dei vil vera med på ein forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Når utkast til prosjektplan ligg føre, vil den bli ettersendt.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskreven underskrift*

Kopi til:

Kontrollutvalet i Etne kommune  
Kontrollutvalet i Sveio kommune  
Kontrollutvalet i Fitjar kommune  
Kontrollutvalet i Bømlo kommune  
Kontrollutvalet i Kvinnherad  
kommune  
Kontrollutvalsleiar, Stord kommune



Stord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
 Saksframlegg

---

 Saknr: 2020/98-1  
 Saksbehandlar: Hogne Haktorson
 

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	5/20	11.03.2020

**Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - informasjon**
**Forslag til vedtak**
**PS - dette er alternative forslag til vedtak. Altså ikkje eit vedtaksforslag i fleire punkt.**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Utvalet ber om å bli orientert om oppfølging knytt til rådmannen sitt initiativ for å få skriftleg avtale mellom kommunane som inngår i FOS samarbeidet.
2. Kontrollutvalet ber om slik tilleggsinformasjon frå kommuneadministrasjonen: ....
3. Kontrollutvalet merkar seg informasjonen som er motteken om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), og vil vurdere om dette er eit saksfelt ein bør sjå nærare på ifm. pågåande utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024.
4. Kontrollutvalet ber om at KPMG utarbeidar eit notat, basert på desse problemstillingane: ....
5. Kontrollutvalet ber KPMG laga utkast til prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon, der føremål og problemstillingar tar utgangspunkt i slike moment: ....
6. Kontrollutvalet i Stord kommune ber kontrollutvala i kommunane Bømlo, Etne, Kvinnherad og Sveio vurdere om dei ønskjer å delta i ein sams forvaltningsrevisjon knytt til Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Aktuelle moment for revisjonen kan td. vera:

**Saksprotokoll i 11.03.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune**
**Handsaming i møte**

Kontrollutvalet tok utgangspunkt i alternativ 3, 5 og 6 i forslag til vedtak. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført ein forvaltningsrevisjon relatert til Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), på bakgrunn av drøftinga i møtet. Kontrollutvalet var fulltallig ved avrøysting. Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak**

1. Kontrollutvalet gjev fullmakt til KPMG, i samarbeid med sekretariatet, å laga utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
2. Dei samarbeidande kommunane sine kontrollutval - Bømlo, Etne, Kvinnherad, Sveio og Fitjar - vert førespurt om dei ønskjer å vera med på ein slik forvaltningsrevisjon. Dei vil få tilsendt motteken informasjon frå Stord kommune om FOS.
3. Evt. innspel frå dei andre kommunane sine kontrollutval om føremål og problemstillingar, vert oversendt sekretariatet.
4. Utkast til prosjektplan vert oversendt kontrollutvalet i Stord kommune sine medlemar, med mulighet for å koma med innspel.
5. Kontrollutvalsleiaren i Stord kommune, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til evt. å bestilla forvaltningsrevisjonen før neste møte.
6. Om det vert funne føremålstenleg å føreta bestilling i kontrollutvalet sitt neste møte, 14.05.20., så vert det gjort.

### Samandrag

Kontrollutvalet ønskte å bli betre kjent med funksjon og oppgåver gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Utvalet ba om skriftleg informasjon om vedtekter eller liknande, samt andre strategiske dokument som fortel meir om forumet. No som informasjonen er motteken må utvalet vurdere om dei har fått den informasjonen dei ønskjer, om dei skal be om tilleggsinformasjon eller om det bør vurderast ein eller annan form for revisjon innan saksfeltet.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Forum for oppvekst i Sunnhordland - ønskje om informasjon.
- 2 Vurdering av Forum for oppvekst i Sunnhordland
- 3 Vedlegg til vurdering av Forum for oppvekst i Sunnhordland
- 4 Desentralisert kompetanseutvikling - oppsummering frå Fylkesgruppa sitt møte 12. juni 2018

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 11.12.19, sak PS 65/19 Eventuelt, vart det i underpunkt B fatta slik vedtak:

#### **B) Forum for oppvekst i Sunnhordland.**

Kontrollutvalet ønskjer å bli betre kjent med funksjon og oppgåver gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland. Utvalet ber om skriftleg informasjon om vedtekter eller liknande, samt andre strategiske dokument som fortel meir om forumet.

#### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jmf. kommuneloven § 23-2.

#### Vurderingar og verknader

Informasjon er sendt frå Stord kommune v/ kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt. Følgjeskriv datert 19.02.20 (vedlegg 1 i saka) innheld bl.a. slik informasjon:

*«Rådmannen har bedt controller i Stord kommune, Iren Dyrseth om å gjera ei vurdering av FOS, kva oppgåver som vert løyst og på kva måte, samt korleis ein ev hadde inngått ein avtale om slikt samarbeidet i dag og korleis eit slikt samarbeid bør ta med dei tilsett sine organisasjonar. Vurderinga, samt årsmelding 2018-2019, handlingsplan 2019-2020, Årsmelding 2018-2019, Handlingsplan 2019-2020, Avtale utkast, Vurdering gjort av Steen, Retningsliner FOS, i tillegg legg eg ved orientering om desentralisert kompetanseutvikling for å illustrera korleis fylkesmannen held seg til regionane.*

*Det er i dag ingen skriftleg avtale mellom kommunane som inngår i FOS samarbeidet. Rådmannen ser at dette er noko ein burde hatt og vil gå i dialog med kommunane som inngår i samarbeidet med mål om å få på plass ein avtale.»*

I notat av 30.01.20 frå Stord kommune v/ controller Iren Dyrseth (vedlegg 2 i saka), er sitert følgjande frå FOS sine heimesider:

*«FOS er ein organisasjon som omfattar kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio i Sunnhordland. Hovudmål for FOS er å samarbeida om oppgåver som vert løyste betre på regionalt nivå enn på lokalt nivå.*

*Vår hovudoppgåve er kompetanseheving for våre kommunalt tilsette og andre samarbeidsaktørar. Ved å samstille kvarandre gjennom felles kurs og kompetanseaukande aktivitetar sørger me for jamnt og aukande kunnskapsnivå på tvers av kommunane. Gjennom året organiserer og deltek kommunalt tilsette og andre tilknytta medlemmer på kurs, workshops konferansar som sørger for kompetanseheving innan felt retta mot barn og ungdom. Kursa er rabatterte eller gratis for medlemmer. Meir informasjon kring prisar finn du her.*

*Samarbeidet vert organisert som ein prosjektorganisasjon med ei styringsgruppe, ei grunnskulegruppe, ei barnehagegruppe, ei kulturskulegruppe samt leiarfora for PPT. Utover dette kan det opprettast ulike prosjektgrupper/nettverk/utval etter behov. Kommunane skiftar på å ha sekretariat og leiing - frå og med januar 2019 har Kvinnherad leiinga ved styreleiar Anne Sofie Bjelland Kjekka. Sekretariatet ligg i Sveio.»*

Controller Iren Dyrseth har delt inn notatet sitt i fleire overskrifter, med informasjon, sitat, drøfting, delkonklusjon og konklusjon. Overskrifter, delkonklusjonar og konklusjonar er sitert i saksframlegget:

Overskrift: Kva oppgåver vert løyst og på kva måte?

Konklusjon i notatet: *«FOS løyser kompetansehevingsoppgåver ved å:*

- *Samla fagfolk på tvers av kommunegrensene i regionen for å utveksla idear og behov for kompetansetiltak*
- *Utarbeida av handlingsplanar for kompetansetiltak*
- *Samordnar søknadar frå kommunane til Fylkesmannen om statlege midlar til gjennomføring av kompetansehevingstiltak*
- *Samordnar kontraktsinngåing mellom kommunane og høgskular/institusjonar om kompetansehevingstiltak.»*

Overskrift: Korleis er samarbeidet regulert i dag?

Delkonklusjon i notatet: *«Etter mi vurdering er FOS-samarbeidet ikkje regulert i lov. Det er eit lovleg kommunalt samarbeid. Samarbeidet er ikkje skriftleggjort i ein samarbeidsavtale.»*

Overskrift: Kva samarbeidsform ein ville vald om samarbeidet vart inngått i dag?

Delkonklusjon i notatet: *«Fleire samarbeidsformer kan fungera, men samarbeidsavtala bør under alle omstende vera skriftleg.»*

Konklusjon i notatet: «Dersom ein hadde inngått avtale om dette samarbeidet i dag, ville ein kanskje vald ei samarbeidsavtale som ikkje er regulert i lov, slik som i dag. Men likevel slik at samarbeidsavtala var skriftleg.»

Overskrift: Korleis bør eit slik samarbeid ta med dei tilsette sine organisasjonar? Korleis sikra medråderett?

Konklusjon i notatet: «Tillitsvalde har ikkje rett til å delta i FOS for å ivareta sin medverknadsrett. Den avtalefesta retten til medverknad er ivareteke i kommunalsjefen og rådmannen sine månadlege møte, samt personal- og organisasjonssjefen sine årlege drøftingsmøter.

*Ei anna sak er om det kan vera føremålstenleg for samarbeidet å ha med tillitsvalde. Dette må i så fall vera opp til arbeidsgjevar å avgjera.»*

Sekretariatet merkar seg:

- At det i dag ikkje er nokon skriftleg avtale mellom kommunane som inngår i FOS samarbeidet.
- At rådmannen ser at dette er noko ein burde hatt og vil gå i dialog med kommunane som inngår i samarbeidet med mål om å få på plass ein avtale.
- At Petter Steen jr. i sitt notat (vedlegg 3 i saka) konkluderar med at FOS er heimla i § 27 i kommunelova av 1954, og at Iren Dyrseth i sitt notat ikkje er så sikker på det.
- At Iren Dyrseth reflekterer omkring at «*Det kan setjast spørjeteikn ved om tillitsvalde har reell medverknad på FOS sine planar*»

Kontrollutvalet må vurdere om ein av fått den informasjonen ein ønskte, jmf. utvalet si bestilling i møte 11.12.19. Dersom ein set att med fleire spørsmål, kan vidare oppfølging vera å be om tilleggsinformasjon frå kommuneadministrasjonen no eller seinare, td. jmf. pågåande arbeid med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, kan ein vurdere om dette er eit saksfelt ein bør sjå nærare på.

### **Konklusjon**

Kontrollutvalet må vurdere om ein av fått den informasjonen ein ønskte, om dei skal be om tilleggsinformasjon eller om det bør vurderast ein eller annan form for revisjon innan saksfeltet.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår dato: 19.02.2020  
Vår ref: 2016/389 - 5138/2020 / 026  
Dykkar ref:

## Forum for oppvekst i Sunnhordland - ønskje om informasjon.

Syner til e-post datert 18.12.19 der kontrollutvalet i Stord kommune ber om informasjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Utvalet ber om skriftleg informasjon om vedtekter eller liknande, samt andre strategiske dokument.

Rådmannen har bedt controller i Stord kommune, Iren Dyrseth om å gjera ei vurdering av FOS, kva oppgåver som vert løyst og på kva måte, samt korleis ein ev hadde inngått ein avtale om slikt samarbeidet i dag og korleis eit slikt samarbeid bør ta med dei tilsett sine organisasjonar. Vurderinga, samt årsmelding 2018-2019, handlingsplan 2019-2020, Årsmelding 2018-2019, Handlingsplan 2019-2020, Avtale utkast, Vurdering gjort av Steen, Retningsliner FOS, i tillegg legg eg ved orientering om desentralisert kompetanseutvikling for å illustrera korleis fylkesmannen held seg til regionane.

Det er i dag ingen skriftleg avtale mellom kommunane som inngår i FOS samarbeidet. Rådmannen ser at dette er noko ein burde hatt og vil gå i dialog med kommunane som inngår i samarbeidet med mål om å få på plass ein avtale.

Med helsing

Mariann Jacobsen Hilt  
kommunalsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg:

- 1 Vurdering av Forum for oppvekst i Sunnhordland
- 2 Vedlegg til vurdering av Forum for oppvekst i Sunnhordland
- 3 Desentralisert kompetanseutvikling - oppsummering frå Fylkesgruppa sitt møte 12. juni 2018 (L)(578804)

# Notat

Dato: 30.01.2020  
Ref: 2016/389 - 2699/2020 / 026

Til:  
Mariann Jacobsen Hilt

## Vurdering av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

**Måndag 20.01.20, fekk eg førespurnad frå kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt om å gjera greie for FOS-samarbeidet. Tre spørsmål vart reist:**

- 1. Kva oppgåver vert løyst og på kva måte?**
- 2. Dersom ein hadde inngått avtale om samarbeidet i dag, korleis hadde ein då gjort det?**
- 3. Korleis bør eit slikt samarbeid ta med dei tilsett sine organisasjonar? Korleis sikra medråderett?**

**Eg skal i det følgjande prøva å svara på dette.**

### 1. Kva oppgåver vert løyst og på kva måte?

Samarbeidet Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) starta ut i det små på 80-talet, etter initiativ frå skuledirektøren i Hordaland. Samarbeidet fekk innleiingsvis namnet Sunnhordland kursregion. Målsetnaden var å auka kompetansen til skulesjefar, skuleleiarar m.fl. Hordland fylke vart delt inn i kursregionar og det vart vald verv som styreleiar og tilsett sekretær i kvar region. Vervet gjekk på omgang mellom kommunane.

Då læreplanreforma kom og behovet for kompetanseheving auka, vart oppgåvene i samarbeidet utvida til å omfatta nettverksbygging, gjennomføring av etterutdanningskurs og felleskurs. Lærarane vart ein del av målgruppa.

I 1998 vart også barnehagesektoren ein del av målgruppa og samarbeidet endra namn til Forum for oppvekst i Sunnhordland. No er også Kulturskule og PPT ein del av målgruppa for samarbeidet.

På FOS sine heimesider står det følgjande:

*«FOS er ein organisasjon som omfattar kommunane [Bømlo](#), [Etne](#), [Fitjar](#), [Kvinnherad](#), [Stord](#) og [Sveio](#) i Sunnhordland. Hovudmål for FOS er å samarbeida om oppgåver som vert løyste betre på regionalt nivå enn på lokalt nivå.*

*Vår hovudoppgåve er kompetanseheving for våre kommunalt tilsette og andre samarbeidsaktørar. Ved å samstille kvarandre gjennom felles kurs og kompetanseaukande aktivitetar sørger me for jamnt og aukande kunnskapsnivå på tvers av kommunane. Gjennom året organiserer og deltek kommunalt tilsette og*

andre tilknyttede medlemmer på kurs, workshops konferansar som sørger for kompetanseheving innan felt retta mot barn og ungdom. Kursa er rabatterte eller gratis for medlemmer. [Meir informasjon kring prisar finn du her.](#)

Samarbeidet vert organisert som ein prosjektorganisasjon med ei styringsgruppe, ei grunnskulegruppe, ei barnehagegruppe, ei kulturskulegruppe samt leiarfora for PPT. Utover dette kan det opprettast ulike prosjektgrupper/nettverk/utval etter behov. Kommunane skiftar på å ha sekretariat og leiing – frå og med januar 2019 har Kvinnherad leiinga ved styreleiar Anne Sofie Bjelland Kjeka. Sekretariatet ligg i Sveio.»

Det følgjer av Retningsliner FOS, datert 29.07.19, at styringsgruppa skal ha det overordna ansvaret for all verksemd i FOS. Herunder ligg og økonomisk ansvar for verksemda. Denne gruppa består av ein fast representant frå leiargruppa i kvar kommune med ansvar for oppvekstområdet. Styringsgruppa skal også samordna gruppene sitt arbeid. I Retningslinene står at dei fagspesifikke gruppene i FOS skal «kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs, etterutdanning, kvalitetsutviklingstiltak». Gruppene er samansett av fagfolk frå kommunane.

Sekretæren fekk etterkvart nemninga Dagleg leiar. Dagleg leiar skal etter retningslinene vera sekretær for styringsgruppa og dei andre gruppene etter avtale. Dagleg leiar utarbeider årleg årsmelding (sjå vedlegg 1) og utarbeider budsjett for FOS. I samband med styringsgruppa sin gjennomgang av årsmeldinga, drøftar styringsgruppa strategiar og arbeidsoppgåver for året som kjem. Strategi og arbeidsoppgåver munnar ut i ein handlingsplan for FOS neste skuleår (Sjå vedlegg 2).

I tillegg til dette, har FOS, ved Sveio kommune, søkt om tilskot frå Fylkesmannen. Fylkesmannen har heilt sidan 80-talet stimulert kommunane i regionane til å samarbeida. Dette gjeld også i høve til å gå saman om å søkja om midlar hjå Fylkesmannen. I informasjonsskriv om midlar står det m.a. i brev frå Udir datert 15.10.19:

*«For å stimulere til regional utvikling, oppfordrer vi kommuner med geografisk nærhet å gå sammen i søknad om sin deltakelse.»*

I tildelingsbrevet frå Fylkesmannen, datert 09.07.19, står det:

*«Fylkesmannen i Vestland overfører kr. 1 030 494 til Forum for oppvekst i Sunnhordland ved Sveio kommune, organisasjonsnummer 864967272, kontonummer 3240088750, merka «Desentralisert ordning for kompetanseutvikling.»*

*«Fylkesforum har også bestemt at midlane skal delast ut direkte til kompetanseregionane/friskulenettverka. Det er den enkelte kompetanseregion/friskulenettverk sitt ansvar å sjå til at midlane i ordninga blir fordelt mellom dei ulike skuleeigarane.»*

Dagleg leiar har i telefonsamtale med meg opplyst at han ikkje får skriftlege fullmakter frå dei ulike kommunalsjefane i forkant av at det vert søkt om midlar av Fylkesmannen via FOS. Eg oppfattar tema om å søkja midlar kjem opp på sakskartet i styringsmøtet og at medlemmene munnleg sluttar seg til å søkja.

Eg forstår også at Fylkesmannen oppmodar om at kommunane i regionene går saman om å inngå avtalar om kompetansehevingstiltak med høgskular og institusjonar. Det er inngått ein partnerskapsavtale om desentralisert kompetanseutvikling i skulen, mellom NLA Høgskulen og FOS. Avtala er ikkje datert. FOS vert i avtala omtala som om FOS er ein eigen juridisk person. Likevel har kvar av kommunalsjefane i kvar kommune signert. Avtala må difor forståast slik at avtala er mellom NLA Høgskulen og den enkelte kommune.

**Konklusjon:** FOS løyser kompetansehevingsoppgåver ved å:



- samla fagfolk på tvers av kommunegrensene i regionen for utveksla idear og behov for kompetansetiltak
- utarbeida av handlingsplanar for kompetansetiltak
- samordnar søknadar frå kommunane til Fylkesmannen om statlege midlar til gjennomføring av kompetansehevingstiltak
- samordnar kontraktsinngåing mellom kommunane og høgskular/institusjonar om kompetansehevingstiltak

## 2. Dersom ein hadde inngått avtale om dette samarbeidet i dag, kva samarbeidsform ville ein då vald?

Her kan ein tenkja seg fleire alternativ. Men det kan vera greitt å finna ut korleis samarbeidet er regulert i dag, før ein rår til kva samarbeidsform ein ville vald om samarbeidet vart inngått no.

### Korleis er samarbeidet regulert i dag?

Kva avtale har FOS-medlemmene i dag? Ligg det føre ei avtale om kjøp og sal av tenester? Er det eit samarbeid med felles styre etter kommunelova? Er det eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova? Eller er det ei anna reguleringsform?

Eg kan ikkje sjå at det ligg føre noko skriftleg avtale/kontrakt som regulerer samarbeidet. Det ligg rett nok føre ei usignert «Avtale om organisert samarbeid om sekretariat», datert 16.03.90 (sjå vedlegg 3). Sekretæren skal etter utkastet førebu saker til styringsgruppa og kursplangruppa. Kursplangruppa skal samordna og koordinera kommune sine planar for etterutdanning og utviklingsarbeid, samt planlegga og gjennomføra regionale kurs og opplæringstiltak.

Eg legg til grunn at det ikkje er styringsgruppa i samarbeidet som har tilsett sekretæren, slik det står i avtaleutkastet. Det er arbeidsgjevar som tilset arbeidstakar. Det følgjer då med eit arbeidsgjevaransvar. Styringsgruppa, som er samansett av fleire skulesjefar i ulike kommunar, kan ikkje ha sams arbeidsgjevaransvar til same stillingsid. Eg legg difor til grunn at sekretæren er tilsett av ein av samarbeidskommunane. Stillingsstorleiken var innleiingsvis 20% stilling i 1990. Denne vart utvida til 60% i august 2000, medan den i dag utgjer 80%. Sekretærkommunen sender refusjonskrav og revidert rekneskap til samarbeidskommunane. Etter det eg forstår ligg sekretærfunksjonen for tida til Sveio kommune, sjå ovanfor om tildeling av tilskotsmidlar frå Fylkesmannen.

Sveio kommune har innretta seg etter avtala på desse føresetnadene og har arbeidsgjevaransvaret for 80% stilling knytt til FOS. Også samarbeidskommune har innretta seg etter dette, ved at refusjonskrav vert betalt til Sveio kommune i tråd med desse føresetnadene. Det kan såleis ikkje vera tvil om at det ligg føre ei gjeldande avtale/kontrakt mellom partane, sjølv om den ikkje er skriftleg.

Våren 2019, fekk rådgjevar Petter Steen jr., medlem av grunnskulegruppa i FOS, i oppdrag av styringsgruppa å finna fram vedtaket som førte til etableringa av FOS. Steen skreiv i notat til styringsgruppa i FOS 24.05.19, (sjå vedlegg 4):

*«I sak 47/90 slutta Sveio skulestyre seg samrøystes til skulesjefen si tilråding om å godkjenna avtalen om etablering av eit interkommunalt samarbeid med desse arbeidsoppgåvene:*

- *Vera eit regionalt nettverk for Sunnhordland*
- *Samarbeida om å løysa regionale oppgåver*
- *Betra ressursutnytting ved å koordinera planar og tiltaki høve til Stord lærarhøgskule og Skuledirektøren*
- *Fremja pedagogisk utviklingsarbeid i kursregionen ved å støtta, inspirera, utvikla idear saman og utveksla idear og opplegg»*

Vidare viser Steen til lov om styret i herreds<sup>56</sup> og bykommunene frå 1954 (kommunestyreløva) § 27 om interkommunalt samarbeid. Steen konkluderer i sitt notat med at:

*«vi kan trygt rekne med at heimelen implisitt er § 27 i kommunelova av 1954. Det er såleis dette som framleis må vurderast å vera lovheimelen for Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).»*

Eg er ikkje så sikker på det.

I Overå og Bernt si bok «Kommunelova med kommentarar», frå 1992, vert innhaldet i § 27 i kommunestyreløva av 1954 skildra. Det vert også skildra korleis denne regelen vart overført til [§ 27 i kommunelova av 1992](#). I boka på s. 190 står det:

*«§ 27 er en videreføring av en tilsvarende bestemmelse i kommunestyreløva § 27, men noe med utførlig.»*

*«§ 27 er en bestemmelse om etablering av en bestemt type samarbeidsordning, «et eget styre». Dette må forstås slik at bestemmelsen kommer til anvendelse der det etableres et selvstendig interkommunalt beslutningsnivå, et organ med avgjørelsesmyndighet på et saklig avgrenset område – «til løsning av felles oppgaver». Forutsetningen for at det skal være tale om et interkommunalt samarbeid i forhold til § 27, er med andre ord at det foretas en **tildeling av avgjørelsesmyndighet**. Rene samarbeids- og forhandlingsorganer, uten myndighet til å treffe avgjørelser vedrørende den aktuelle virksomhet, og uten selvstendig ansvar for denne, kan ikke oppfattes som «styre til løsning av felles oppgaver». Her trengs det ingen særskilt hjemmel eller spesielle lovregler. Det vil normalt være ganske meningsløst å underkaste slike rene samarbeids- og forhandlingsorganer den formaliserte regulering med vedtekter og regler om oppløsning av samarbeidet som vi finner i § 27, og trenger man slike regler, kan man utforme disse i den enkelte samarbeidsavtale.»*

I [§ 27, nr. 1, i kommunelova av 1992](#) (som tilsvarar kommunestyreløva § 27), er det på utførleg vis skrive at kommunestyret sjølv vedtek å oppretta av slikt styre. Eg kan ikkje sjå at Stord kommunestyre verken har vedteke å oppretta eit slikt styre, eller vedteke vedtekter slik [§ 27, nr. 2](#) krev. Det er heller ingenting som tyder på at styret i FOS t.d. kan ta opp lån på vegne av Stord kommune eller fatta andre type avgjerder på vegne av Stord kommunen. Rett nok søker FOS om tilskot på vegne av kommunane og samordnar avtalar mellom kommunane og t.d. høgskulane, men FOS kan ikkje rettsleg binda medlemskommunane. FOS er ikkje ein eigen juridisk person.

I kommunelova av 2019, er regelen i koml. 1992, § 27, erstatta av kapittel 18 om interkommunalt politisk råd, og kapittel 19 om kommunalt oppgåvefelleskap. Sjå [§ 19-1](#) om kommunalt oppgåvefelleskap. Også i denne regelen er det presisert at det er kommunestyret sjølv som må treffa vedtak om å oppretta oppgåvefelleskap.

Det er altså ikkje tilstrekkeleg for å etablere eit samarbeid etter § 27 i 1954-lova, at t.d. eit skuleutval har slutta seg til at det skal vera eit interkommunalt samarbeid om visse oppgåver. Det same gjeld for samarbeid etter [§ 27](#) i 1992-lova, og [§ 19-1](#) etter 2019 lova. Kommunestyrevedtak er påkravd.

Etter mi vurdering liknar FOS-samarbeidet på Sunnhordland interkommunale innkjøpssamarbeid. I innkjøpssamarbeidsavtala heiter det:

*«Stord kommune er vertskommune for ordninga. Stord kommune har tilsett interkommunal innkjøpssjef i full stilling og held kontor /sekretariat for denne. Stord kommune nyttar og denne som sin lokale innkjøpskoordinator. I kvar kommune må det vera ein person som har ansvaret for å samordna innkjøp i sin kommune, og som deltek i innkjøpsforumet.»*

Frå 01.01.07, vart det innført reglar om interkommunalt samarbeid i kommunelova, herunder m.a. [kommuneloven § 28-1 b](#)), om administrativt vertskommunesamarbeid. Etter at den nye kommunelova tredde i kraft i 2019, finn ein denne regelen i [kommunelova § 20-2](#). [Kommunelova § 28-1 b](#)) i 1992-lova, tek sikte på å regulera samarbeid om lovpålagte oppgåver og tenesteyting som inneber meir eller mindre grad av utøving av mynde, jf. Ot.prop. 95 (2005-06). Lova opnar med andre ord for interkommunalt samarbeid om sentrale velferdsoppgåver regulert i lov. Eit døme på eit slikt samarbeid er SIB, som forvaltar mynde etter barnevernlovgjevinga.

At det i avtala sin ordlyd i innkjøpssamarbeidet vert nytta omgrep som «*vertskommune*» kunne tyda på at det er inngått ei avtale med heimel i [kommunelova § 28-1 b](#)). Men det er det ikkje. Også her er det eit lovkrav om at det er kommunestyret sjølv som må vedta eit slikt samarbeid og vedta samarbeidsavtala. Dei respektive kommunestyra har ikkje vedteke ei slik avtale, slik lovkravet tilseier. «*Vertsomgrepet*» er truleg nytta fordi det er eit omgrep som skildrar kven som administrerer innkjøpssamarbeidet. Det ser ikkje ut til å vera ei kopling til vertskommuneomgrepet i kommunelova, ettersom vilkåra ikkje er søkt oppfylt. Innkjøpssamarbeidet er eit samarbeid om kjøp og sal av tenester som ikkje er regulert i lov.

I RETNINGSLINER FOS datert 29.07.2019 (sjå vedlegg 5), pkt. 4, står også omgrepet «*vertskommunen*» nemnt. Bruk av vertskommuneomgrepet må også her forståast som ei praktisk tilnærming for å skildra at det er Sveio kommune som administrerer sekretærfunksjonen som samarbeidet nyttar seg av. Men heller ikkje i FOS-samarbeidet har dei respektive kommunestyra vedteke samarbeidet og ei samarbeidsavtale slik lova krev for at det skal vera eit samarbeid etter [kommunelova § 28-1 b](#)) om vertskommunesamarbeid.

FOS, i likskap med Innkjøpssamarbeidet, er ikkje eit samarbeid om lovpålagte oppgåver og tenestyting som inneber meir eller mindre grad av utøving av mynde. Samarbeidet må difor vurderast som lovleg, sjølv om samarbeidet ikkje er regulert i kommunelova. FOS-samarbeidet kjøper/sel tenester til kvarandre knytt til sekretærfunksjonen og samarbeider om kompetanseheving i oppvekstsektoren.

Delkonklusjon: Etter mi vurdering er FOS-samarbeidet ikkje regulert i lov. Det er eit lovleg kommunalt samarbeid. Samarbeidet er ikkje skriftleggjort i ein samarbeidsavtale.

#### Kva samarbeidsform ein ville vald om samarbeidet vart inngått i dag?

I kommentarane til [kommunelova § 20-1](#), skriv juss professor Jan Fridthjof Bernt (mine utgulingar):

«*Noten er ny 09.10.2019.*

*... Vertskommunesamarbeid kan benyttes både for lovpålagte og ikke lovpålagte oppgaver. Slikt samarbeid er dels etablert ut fra ønske om en rasjonaliseringsgevinst ved stordrift, men kanskje særlig for å dekke behovet for tilgang til faglig kompetanse som det kan være vanskelig å rekruttere, og å bedre kvaliteten av de tjenestene som gis. Modellen skal kunne brukes på et bredt spekter av kommunale tjenester, både ved tjenester som er rettet mot borgerne, og ved tjenester som kommunen trenger for sin egen virksomhet, som IKT, innkjøp og andre administrative oppgaver. Det skal kunne brukes til å utføre tjenester og oppgaver av svært ulik karakter, alt fra enkle administrative støttefunksjoner til forsøk med samarbeid om felles barnevernkontor.»*

Det er altså høve til å organisera seg etter [kommunelova § 20-2](#), sjølv om det ikkje dreier seg om utføring av lovpålagte oppgåver, fatta enkeltvedtak eller vedta forskrifter. Men det er altså ikkje naudsynt å nytta denne organisasjonsforma. Kanskje kan ein sei at det vil vera «*ganske meiningsløst å underkaste slike rene samarbeids- og forhandlingsorganer den formalisert regulering med vedtekter og regler om oppløsning av samarbeidet som vi finner*» i [kommunelova § 20-2](#).

På den andre sida er FOS etterkvart eit samarbeid som rommar planar for kompetansehevingstiltak for store delar av oppvekstsektoren. Då kan det kanskje vera føremålstenleg å la kommunestyret ta stilling til samarbeidet og ein samarbeidsplan. På det viset kan kommunestyret sikra seg politisk kontroll på m.a. kor omfattande samarbeidet skal vera.

Likevel vil ikkje eg tilrå verken den eine eller andre samarbeidsforma. Det eg vil rå til er at dersom samarbeidet skal fortsetja som i dag, bør det under alle omstende skrivast ei samarbeidsavtale. Ei skriftleg avtale vil m.a. vera ryddig for å avklara føremål, oppgåver og medlemmene sine rettar og plikter.

Delkonklusjon: Fleire samarbeidsformer kan fungera, men samarbeidsavtala bør under alle omstende vera skriftleg.

**Konklusjon:** Dersom ein hadde inngått avtale om dette samarbeidet i dag, ville ein kanskje vald ei samarbeidsavtale som ikkje er regulert i lov, slik som i dag. Men likevel slik at samarbeidsavtala var skriftleg.

### 3. Korleis bør eit slikt samarbeid ta med dei tilsette sine organisasjonar? Korleis sikra medraderett?

Har tillitsvalde rett til å vera med i FOS for å ivareta sin medverknadsrett?

Medverknadsretten er regulert i [Hovudavtala](#) og [Hovudtariffavtala](#). Det følgjer av føremålet til [Hovudavtala](#) (01.01.18–31.12.19), at avtala er inngått for å skapa eit best mogleg samarbeid mellom partane «*på alle nivåer*».

[Hovudavtala](#) skal vera eit verkemiddel for å sikra og leggja til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet må basera seg på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike roller. Medverknad gjennom informasjon og drøftingar skal kunne gjennomførast uansett kor eller på kva nivå avgjerda vert teke. Dette følgjer av føremålet med avtala.

I [Hovudtariffavtala](#) av 01.05.18 til 30.04.20, pkt. 3.3. om «*Kompetanse – læring og utvikling*», heiter det m.a. (mine utgulingar):

*«For å sikre og utvikle virksomhetens generelle og spesielle kompetanse er det viktig å vurdere den enkelte ansattes formal- og realkompetanse, stimulere til faglig refleksjon og tilrettelegge for kompetansedeling og andre kompetansehevende tiltak. Det er viktig at arbeidstakerne motiveres til å øke sine kunnskaper og styrke sin kompetanse samt at kommunene/fylkeskommunene legger stor vekt på målrettet og planmessig opplæring og utvikling av sine arbeidstakere gjennom interne og/eller eksterne tilbud. Det må legges til rette for arbeidsplassbasert opplæring. Arbeidsgiver og den enkelte arbeidstaker har hver for seg og i fellesskap et ansvar for å ivareta kompetanseutviklingen. Arbeidsgiver har ansvar for å kartlegge de ansattes kompetanse og analysere kommunens/fylkeskommunens kompetansebehov. På denne bakgrunn og etter drøftinger med de tillitsvalgte, skal det utarbeides en plan for gjennomføring av kompetansehevende tiltak.»*

FOS lagar planar for gjennomføring av kompetansehevende tiltak i oppvekstsektoren. Det kan setjast spørjeteikn ved om tillitsvalde har reel medverknad på FOS sine planar. På den andre sida er Kunnskapsdepartementet sine strategiar for kompetanseutvikling i oppvekstsektoren, førande for FOS sine planar. Viser her m.a. til [Kompetanse for fremtidens barnehage](#) og [Kompetansepakke for innføring av nytt læreplanverk](#). Dette avgrensar det lokale spelerommet noko, i høve val av strategi og gjennomføring av kompetansehevende tiltak.

Kommunalsjef for oppvekst gjennomfører, uavhengig av FOS, månedlege møter med dei tillitsvalde, i tillegg til rådmannen sine månedlege møter. Eg legg til grunn at kompetansehevingstiltak er tema i eit eller fleire av møta i løpet av året. Dersom arbeidsgjevar meiner at tillitsvalde har fått medverka til plan for gjennomføring av kompetansehevande tiltak (ikkje nødvendigvis FOS sin plan), så er ikkje hovudavtala eller hovudtariffavtala broten. Det skal truleg ein del til for at terskelen for brot vert overskriden.

I tillegg til pkt. 3.3, er det innført ein ny [drøftingsregel i pkt. 3.2](#) om lokal lønspolitikk.

*«Det gjennomføres årlige drøftingsmøter om rekrutteringssituasjonen og om framtidig kompetansebehov/kompetanseutviklingsbehov for ulike stillingsgrupper i kommunen/fylkeskommunen/bedriften.»*

Føremålet med regelen er å auka medvitet rundt rekrutteringssituasjonen i kommunen, og få ein diskusjon rundt kva som skal til for å møta eventuelle rekrutteringsutfordringar. Som grunnlag for drøftingane vil det kunne vera føremålstenleg å skaffa dokumentasjon på rekrutteringssituasjonen (t.d. tal kvalifiserte søkjarar til ulike typar ledige stillingar siste år). Drøftinga bør også ta for seg ulike framskrivingar og/eller ei vurdering av framtidig kompetansebehov. Kommunesektoren sin [arbeidsgjevarmonitor](#) kan også nyttast i dette arbeidet. Dette følgjer av [B-rundskriv 07-2018](#).

Denne drøftingsplikta må sjåast i samanheng med [Stord kommune sin arbeidsgjevarstrategi 2020-2025](#). Strategien vart utarbeidd i tett samarbeid med Utdanningsforbundet og Fagforbundet som representerte dei tilsette i prosjektet. I strategien heiter det:

*«Kompetanse og rekruttering er to tema som går att i heile Stord kommune når me snakkar om utfordringar for kommunen som arbeidsplass. KS' prognosemodell bereknar rekrutteringsbehovet fram til 2028. For Stord kommune viser modellen at det er størst behov for nye årsverk innan Rehabilitering, helse og omsorg. Rekrutteringsutfordringane i skulen ser ein i høve lærarar i barneskulen, og andre sektorar har svakare vekst eller nedgang fram mot 2028.»*

Drøfting av kommunen sine framtidige kompetansebehov vil verta ivareteke i årlege drøftingsmøter. Tillitsvalde sin medverknadsrett er såleis ivareteke.

**Konklusjon:** Tillitsvalde har ikkje rett til å delta i FOS for å ivareta sin medverknadsrett. Den avtalefesta retten til medverknad er ivareteke i kommunalsjefen og rådmannen sine månedlege møte, samt personal- og organisasjonssjefen sine årlege drøftingsmøter.

Ei anna sak er om det kan vera føremålstenleg for samarbeidet å ha med tillitsvalde. Dette må i så fall vera opp til arbeidsgjevar å avgjera.

Med vennleg helsing

Iren Dyrseth  
controller

Tlf: 53 49 66 24

#### **Vedlegg:**

1. Årsmelding 2018-2019
2. Handlingsplan 2019-2020
3. Avtale utkast
4. Vurdering gjort av Steen
5. Retningsliner FOS





FORUM FOR OPPVEKST I  
SUNNHORDLAND

# ÅRSMELDING

2018 – 2019



*Regional fagdag den 25.01.19*  
*Foto: FOS*

Godkjent i Styringsgruppa 16.08.19

Vedlegg 1

## 1.0 ORGANISASJON

### 1.1 STYRINGSGRUPPA

<b>FASTE MEDLEMMER:</b>
<b>Mariann Jacobsen Hilt, Stord</b>
<b>Anne Sofie Bjelland Kjeka, Kvinnherad – nestleiar. Leiar f.o.m. 1.1.19</b>
<b>Solfrid Lier Habbestad, Sveio</b>
<b>John Karsten Raunholm, Fitjar,</b>
<b>Hilde Aartun Haraldseide, Etne, leiar</b>
<b>Bjørn Håvard Bjørklund, Bømlo – nestleiar f.o.m. 1.1.19</b>

<b>MØTER VISS SAKER/ELLER ETTER AVTALE:</b>
<b>Kristin Skare, leiar Barnehagegruppa</b>
<b>Mone Nilsen, leiar Grunnskulegruppa</b>
<b>Bente Hovland Bergtun, PPT leiarforum</b>
<b>Eva Bendiksen, Fylkesmannen i Hordaland</b>
<b>Sigurd Sandvold, HVL</b>

Styringsgruppa har dette skuleåret hatt i alt 11 møte og handsama 46 saker.

Saker med ekstra fokus:

- Leiarkonferansen med alle målgrupper samla
- Desentralisert ordning for kompetanseutvikling (skule)
- Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage
- Intensjonsavtale FOS-HVL
- Kompetanseutvikling for alle målgrupper
- Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø.
- Erfaringsutveksling - læringsøkter



## 1.2 GRUNNSKULEGRUPPA

<b>MEDLEMMER :</b>
<b>Dagfinn Garnes- Johnsen, Etne,</b>
<b>Kristine Sætre , Bømlo,</b>
<b>Siri M. Erland, Stord</b>
<b>Heidi A. Solheim , Kvinnherad</b>
<b>Mone Nilsen, Fitjar, leiar</b>
<b>Petter Steen jr., Sveio</b>

Grunnskulegruppa har hatt 10 møte og behandla 48 saker. I tillegg deltok gruppa på felles leiarforum 22.2. Det har vore totalt 2 fellessamlingar med barnehagegruppa og ressurspersonar i satsinga «inkluderande barnehage- og skulemiljø».

Av viktige saker kan nemnast:

- Kurs/kompetanseutvikling /lærande nettverk
- Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Erfaringsutveksling –læringsøktar.
- Pedagogisk bruk av IKT

Tema for læringsøktene har m.a. vore:

- IKT i skulen.
- §9a
- Arbeidslivsfag
- Inkluderande skulemiljø

### 1.2.1 Undergruppe - Eksamensgruppa

Medlemmer :

Solrunn I. Kvamen, Bømlo, Thor Gunnar Bakke, Fitjar, Kari H. Agasøster, Stord, Linda D. Heimstad, Etne, Lene Lier, Sveio, Silje E. Rusten, Kvinnherad og Bjørn Tore Enerstvedt FOS.

Gruppa arbeider med ymse spørsmål kring lokalt gitt eksamen, inkl. evaluering. Eitt møte i haust, elles avklaringar på e-post utover året.

### 1.2.2 Undergruppe - Utdanningsvalgruppa

Medlemmer:

Randi Totland, Bømlo, Gunhild Walde, (Bømlo vg skule) , Elin Britt Sæ, Sveio og Bjørn Tore Enerstvedt, FOS.

Gruppa har hatt eitt møte dette året (21.02.) Føremålet var å planlegga nettverksamling for rådgjevarane den 02.05.

## 1.3 BARNEHAGEGRUPPA

<b>MEDLEMMER :</b>
<b>Mone Nilsen, Fitjar</b>
<b>Astri Måkestad, Kvinnherad.</b>
<b>Ragnhild Storebø, Stord,</b>
<b>Dagfinn Garnes-Johnsen, Etne, nestleiar</b>
<b>Gunnhild Staupe, Sveio</b>
<b>Kristin Skare, Bømlo, leiar</b>

Barnehagegruppa har hatt 9 møte og handsama 29 saker.

Det har vore totalt 2 fellessamlingar med grunnskulegruppa, der «inkluderande bhg- og skulemiljø» har vore tema.

Cathrine Bjelland Eriksen og Liv Åse Hagland frå HVL har delteke på nokre av møta våre, og bidrege til eit tettare og meir positivt samarbeid med den lokale høgskulen.

Av viktige saker kan nemnast:

- Kurs/kompetanseheving/ leiarkonferansen februar 2019
- Inkluderande barnehagemiljø
- Erfaringsutveksling –læringsøktar.

Tema for læringsøktene har m.a. vore:

- §19g i barnehagelova (i mange av møta).
- Trygg i Fjell.

Erfaringsutvekslingsdelen og læringsøktene er sers viktige element i møta – her får gruppa kompetanse dei kan ta med tilbake til sine kommunar. Det må elles leggjast til at medlemene i gruppa har mykje uformell kontakt utover møta – hyppige e-postar med gode faglege råd i utfordrande saker er eit eksempel på god delingskultur.

#### 1.3.1 Undergruppe - Tilsynsgruppa.

Medlemmer (utanom barnehagegruppa):

Heidi Nyrud Uppheim, Laila Herheim og Åsta Johnsen - Kvinnherad, Lise Ingebrigtsen og Olaug Lodden - Sveio, Torunn Årskog - Fitjar, Inger Vik Framnes, Trine Hellesfjord, Anne Marie Berentsen – Stord, Aud Gunn Løklingsholm - Bømlo, Torhild Molland - Etne.

Det er medlemmer av denne gruppa som gjennomfører det interkommunale tilsynet på vegne av medlemskommunane. Tilsynsgruppa har hatt 12 tilsyn dette året.

#### 1.4 LEIARFORUM PPT

Leiarforum består i praksis av PP-leiarane i Bømlo, Kvinnherad og Stord/Fitjar/Tysnes. Gruppa har hatt to møte dette året. Deltakarane har vore: Bente Hovland Bergtun - Bømlo, Vegard Røssland – Kvinnherad, Jannecke Fjeldtvedt - Stord/Fitjar/Tysnes, Astrid Kleppe - Sveio/Hgsd/Utsira.

Gjennom samarbeidsavtalen med Statped har vi hatt 2 samlingar med følgande tema:

«Reguleringsvanskar i eit inkluderingsperspektiv» og «Det digitale klasserommet».

FOS og Statped vart hausten 2018 samde om innhald i aktivitetsplan gjeldande for skuleåret 18/19.

Avtalen med Statped blir evaluert ein gong i året og held fram til han blir sagt opp.

Ny aktivitetsplan er godkjent for skuleåret 19/20 – Tema: «Frå i dag til i morgon», med hovudfokus på det som kjem i ny stortingsmelding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap.

### 1.5 KULTURSKULEGRUPPA

<b>MEDLEMMER :</b>
<b>Håvard Kroka, Fitjar</b>
<b>Kirill Zimin, Kvinnherad</b>
<b>Anne Lene Østvold Jordåen, Stord - leiar,</b>
<b>Morten Odeen, Etne</b>
<b>Pål Jøsok, Sveio</b>
<b>Stein Høyland, Bømlo</b>
<b>Yngve Nikolaisen, Tysnes</b>

Austevoll og Tysnes møter og i kulturskulegruppa (tilhører Midthordland). Det har vore jamt og godt oppmøte frå deltakarane i gruppa. Kulturskulegruppa har hatt 4 møte og behandla 27 saker.

Av viktige saker kan nemnast:

- Erfaringsutveksling
- Rekruttering
- Samarbeid med HVL
- Planlegging av nettverksgrupper i FOS.
- Øyo-seminaret
- Dei unges festspeldag

## 1.6 TILTAK

## 1.6.a Rutinetiltak

Gjeld Styringsgruppa og alle undergrupper:

Kortingar: S= styringsgruppa, B= barnehagegruppa, G=grunnskulegruppa PPT=Leiarforum PPT, VO= Vaksenopplæringsgruppa K= kulturskulegruppa

Nr	Tekst	Ansvar	Kommentar	Gjennomført ja/nei
1	Tilsyn	B	Revidera verktøy, organisera, gjennomføra og følgja opp. Opplæring av nye tilsynsførarar om nødvendig.	Ja – 12 tilsyn.
2	Kompetanseutvikling inkl lærande nettverk, workshops m.m	S/B/G/P PT/K/VO	Initiera og gjennomføra etter- og vidareutdanning.	Ja- berre etterutdanning sjå detaljar nedanfor
4	Munnleg eksamen	G	Organisera ME i regionen. Eiga eksamensgruppe jobbar med forbetring av instruks og kurs/workshop.	Ja, 90 sensorar tildelt. Vi nytta 3 eksamensdagar.
5	«Eg vil byggja meg ein båt»	G	Følgja opp DKS-prosjektet i regionen. Alle kommunane får nå tilbod kvart år. Eigen avtale med Sunnhordland museum	Ja. Veke 19-25
6	Hospitering	G	Samarbeid med Senter for Yrkesrettleiing (SYR) og dei vg skulane.	Ja, Kvinnherad, Etne og Sveio har eigne opplegg.
7	Vaksenopplæring	G	2 samlingar gjennomført.	ja.
5	SFO i FOS	G	Nettverk for tilsette i SFO. 2 samlingar i året.	Ja.
9	Barnehageeeigarrolla	B/S	Dela og laga gode system- kvalitetssikring	Ja
8	Realkompetansevurdering	VO/G	Eiga plangruppe jobbar med malar og nettverk/kurs. Ekstern støtte frå FIH	Nei.
9	Fellesmøte alle leiarfora	S	Til vanleg eitt fast møte i februar	Ja, Fylkesmannen si utdanningsavdeling deltok ikkje.
10	Leiarssamlingar	S/G/B	Planleggja og gjennomføra ei leiarssamling for målgruppene pr. år	Ja, 172 deltakarar
11	Samarbeid med HVL	S	Evaluering/revidering av intensjonsavtalen. (sjå og p 3.2)	Ja, fått på plass ny intensjonsavtale
12	Samarbeidsavtale med Statped	S/PPT	Avtale om systembaserte tenester retta mot PP-tilsette. (sjå og p 3.7)	Ja, ny handlingsplan for inneverande år.
13	BTI- betre tverrfagleg innsats	S/B/G/P PT	Oppfølging og vidareutvikling, omfattar og kompetanseutvikling	Ja. Kommunane er godt i gong med implementeringa.
14	Erfaringsutveksling	S/B/S/P PT/K	Føregår på møta og via e-post/tlf. Læringsøkta på møta skal vera sentral.	Ja.

### 1.6.b Nye tiltak

Kortingar: S= styringsgruppa, B= barnehagegruppa, G= grunnskulegruppa, PPT=Leiarforum PPT, VO= Vaksenopplæringsgruppa, K=Kulturskulegruppa

Nr	Tekst	Ansvar	Kommentar	Gjennomført ja/nei
1	Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø	S/B/G/P PT/K	Inne i år to av satsinga.	Ja. Erfaringsutveksling og deling av arbeid mellom kommunane.
2	Ny desentralisert ordning for kompetanseutvikling	S/G	Organisera og setja i verk modellen i praksis.	Ja. Inngått samarbeidsavtale med NLA. Rammeverket gir vidare føringar for dei neste åra.
3	Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage	S/B	Velja ut barnehagar til første runde med ordninga, og velja kva UH-institusjon vi vil samarbeida med.	Ja. NLA valt som samarbeidspartnar. 4 bhg med i første runde av ordninga.
7	Nye læreplanar – overordna del	S/G	Førebuing av implementering av ny læreplan inkl fagfornyng	Ja. Naturleg å sjå dette i samheng med DeKomp.
8	Digitalisering IKT-nettverk i FOS	S/G/B	korleis møta den omfattande digitaliseringa som kjem	Ja. Éi Samling for grunnskule, éi for PPT
9	FOS og vegen vidare	S	Kva skal FOS vera i framtida.	Ja. Tema under fellesmøte alle leiarfora, med oppfølging av Styringsgruppa den 10. mai.

### 1.7 Faste rutinar/SAMARBEIDSFORA

Vurdering av drifta i forhold til handlingsplanen:

- Fylkesmannen i Hordaland (Utdanningsavdelinga)

Tiltak	Gjennomført, ja/nei – evt kommentar
Faste kontaktmøte både på skule og barnehage.	Ja , styreleiar eller nestleiar har møtt i AU. Anne Sofie Bjelland Kjeka representerte FOS i gruppa som arbeider med ny modell for desentralisert kompetanseutvikling. Etter nyttår overtok Bjørn H. Bjørklund denne oppgåva.
Økonomisk støtte til prosjekt.	Ja 3.35 mill. til satsinga Inkluderande bhg- og skulemiljø. 1,3 mill. til ordning for desentralisert kompetanseutvikling. Tildeling til ReKomp ikkje fastsett enda.
Invitera Fylkesmannen til minst eitt møte i Styringsgruppa.	Ja

- Høgskulen på Vestlandet:

Tiltak	Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar
Følgja opp Intensjonsavtalen	Ja, ny intensjonsavtale signert.
Samarbeid om kurs og utarbeiding av nye tilbod	Ja, «nytt innan begynnaropplæringa». Kan elles nemnast at både Styringsgruppa og barnehagegruppa har hatt fleire møte der HVL sine folk har vore inne.
Deltaking i samarbeidsrådet	Nei.

- Vidaregåande skular:

Tiltak	Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar
Følgja opp samarbeidet om utdanningsval	Ja.

- Hordaland Fylkeskommune:

Tiltak	Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar
Delta i samarbeid rundt DKS og Utdanningsval/hospitering	Ja.

- Syns og audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT):

Tiltak	Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar
Representera FOS i styret (styremedlem)	Ja , John Karsten Raunholm er representant for FOS.

- Statped - avd Vest

Tiltak	Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar
Nettverk og møte -samarbeidsavtale	Ja.

## 2.0 KURS OG KVALITETSUTVIKLING

### Oversikt:

Det er utarbeidd to rekneark med detaljert informasjon om all kompetanseutvikling som er gjennomført i året som har gått – desse ligg som vedlegg til meldinga.

Kort summert:

#### **Barnehage/PPT:**

Tekst	Tal	Tal deltakarar	Merknadar
Fagkurs/nettverk	8	530	Kommunane organiserer sjølve fagdagane 01.11.18 og 18.03.19

#### **Skule/PPT/VO/K**

Tekst	Tal	Tal deltakarar	Merknadar
Fagkurs/nettverk/workshops	16	634	Kommunane organiserer sjølve fagdagane 01.11.18 og 18.03.19

#### **Leiarkonferansen**

Tekst	Tal	Tal deltakarar	Merknadar
Leiarkonferansen 13.-14. februar	1	172	Leiarkonferansen – 2 dagar ligg inne i tala – Alle målgrupper

Kursdeltakarar fordelt på kommunane:

Kommune	Tal barnehage	Tal skule	Sum
Bømlo	135	150	391
Etne	55	22	123
Fitjar	44	43	104
Kvinnherad	52	130	377
Stord	88	114	381
Sveio	156	175	394
Samla	530	634	1164

Vurdering:

Tal deltakarar samla viser 1164 – mot 1770 i fjor – ein reduksjon på 606 deltakarar. Hovudgrunnen til nedgangen er at kommunane sjølve hadde ansvar for program og organisering av fagdagen den 1. november. I tillegg brukte fleire av einingane fagdagen den 25.01. til utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass.

Ettersom det i seinare tid har vorte meir og meir fokus på barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling, er det naturleg at deltakartala på felleskurs/tiltak i FOS-regi har fått lågare opplutning.

I framtida vil mykje av arbeidet med kompetanseheving vera knytt til ordningane DeKomp (skule) og ReKomp (bhg). Fellestiltak i FOS vil i hovudsak organiserast som nettverkssamlingar og workshops, men vi vil framleis ha minst éin dato i året kor det vert lagt opp til felles kursdag for heile regionen.

Kursa våre får elles jamt over veldig gode tilbakemeldingar. I tillegg til dei ovanfor nemnde kursa, har regionen mange deltakarar inne på dei statlege vilkåra – *kompetanse for kvalitet*.

Sveio , 24.06.2019  
Bjørn T. Enerstvedt  
Dagleg leiar FOS





# HANDLINGSPLAN

## 2019 - 2020



*Illustrasjon: Zpirit reklamebyrå*

## 1.0 ORGANISASJON

### FØREMÅL:

Samarbeida om oppgåver som blir løyste betre på regionalt enn på lokalt nivå. Samarbeidet skal bidra til styrka opplæring innan oppvekstområdet.

### STRATEGIAR:

- Tydeleg leiarskap som tar opp dagsaktuelle og framtidsretta tema
- Bruk av kunnskapsbasert viten gjennom alt utviklingsarbeid
- Tett kontakt med UH sektoren og våre samarbeidspartnarar.
- Aktivitetar og tiltak i alle leiarfora skal vera godt forankra i medlemskommunane.
- Årleg evaluering av utvalde satsingsområde samt nokre kurs og nettverk.

## 1.1 STYRINGSGRUPPA

**OPPGÅVER:** Styringsgruppa skal ha det overordna ansvaret for all verksemd i FOS og samordna det dei andre leiarfora arbeider med. Herunder ligg og økonomisk ansvar for verksemda.

## 1.2 GRUNNSKULEGRUPPA

**OPPGÅVER:** Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning og vidareutdanning innanfor grunnskule og vaksenopplæring . Grunnskulegruppa skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

## 1.3 BARNEHAGEGRUPPA

**OPPGÅVER:** Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning innanfor barnehagesektoren. Barnehagegruppa skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

## 1.4 LEIARFORUM PPT

**OPPGÅVER:** Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning innanfor sine område i kommunane. Leiarforum PPT skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

## 1.5 KULTURSKULEGRUPPA

**OPPGÅVER:** Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning innanfor kulturskulesektoren. Kulturskulegruppa skal og på oppdrag eller avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

## 2.0 HOVUDSATSINGAR 2019-2022

- Inkludering, samskaping og medverknad
  - Oppfølging og tiltak retta inn mot ny Stortingsmelding om *tidleg innsats og inkluderande fellesskap*.
  - Fagfornyninga
  - Leiarutvikling
  - God tverrfagleg samhandling

## 3.0 TILTAK

### 3.1. Rutinetiltak

Kortingar: S= styringsgruppa, B= barnehagegruppa, G=grunnskulegruppa PPT=Leiarforum PPT, VO= Vaksenopplæringsgruppa K= kulturskulegruppa

Nr	Tekst	Ansvar	Kommentar
1	Tilsyn	B	Revidera verktøy, organisera, gjennomføra og følgja opp. Opplæring av nye tilsynsførarar om nødvendig.
2	Ny desentralisert modell for kompetanseutvikling	S/G/B	Halde fram og vidareutvikle samarbeid mellom NLA og utvalde skular i regionen
3	Kompetanseutvikling - inkl. lærande nettverk, workshops m.m	S/B/G/PPT/K/VO	Initiera og gjennomføra etter- og vidareutdanning. Sjå og under nye tiltak
4	Munnleg eksamen	G	Organisera ME i regionen. Eiga eksamensgruppe jobbar med forbetring av instruks og kurs/workshop.
5	Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø	S/B/G/PPT/K	Sikra god praksis og nye tiltak etter prosjektperioden er over, hausten 2019
6	«Eg vil byggja meg ein båt»	G	Følgja opp DKS-prosjektet i regionen. Alle kommunane får nå tilbod kvart år. Forna avtale med Sunnhordland museum
7	Hospitering	G	Samarbeid med Senter for

			Yrkesrettleiing (SYR) og dei vg skulane.
8	SFO i FOS	G	Nettverk for tilsette i SFO. 2 samlingar i året.
9	Vaksenopplæring	G	Nettverk for alle som driv med vaksenopplæring. 2 samlingar i året.
10	Barnehageeigarrolla	B/S	Dela og laga gode system-kvalitetssikring
11	Realkompetansevurdering	VO/G	Eiga plangruppe jobbar med malar og nettverk/kurs. Ekstern støtte frå FIH
12	Fellesmøte alle leiarfora	S	Til vanleg eitt fast møte i februar, 21.02.2020
13	Leiarkonferanse	S/G/B/K	Planleggja og gjennomføra ei felles leiarsamling for alle målgruppene.
14	Samarbeid med HVL	S	Intensjonsavtale signert sommar/haust 2019
15	Samarbeidsavtale med Statped	S/PPT	Avtale om systembaserte tenester retta mot PP-tilsette. (sjå og p 3.7)
16	BTI- betre tverrfagleg innsats	S/B/G/PPT	Oppfølging og vidareutvikling, omfattar og kompetanseutvikling
17	Erfaringsutveksling	S/B/S/PPT/ K	Føregår på møta og via e-post/tlf. Læringsøkta på møta skal vera sentral.

### 3.2 Nye tiltak

Kortingar: S= styringsgruppa, B= barnehagegruppa, G= grunnskulegruppa, PPT=Leiarforum PPT, VO= Vaksenopplæringsgruppa, K=Kulturskulegruppa

Nr	Tekst	Ansvar	Kommentar
1	Arbeidslivsfaget – ei utfordring?	G	Samling/workshop
2	Leiarnettverk i FOS	S/G/B	Eigne leiarnettverk for både bhg og skule. 3 samlingar i året.
3	Studietur Ontario	S	Styringsgruppa vil læra meir om Ontariomodellen, nov. 19
4	Nye læreplanar	S/G	Førebuing av implementering av fagfornyninga.
5	Digitalisering IKT-nettverk i FOS	S/G/B	korleis møta den omfattande digitaliseringa som kjem. 2 samlingar i året.
6	Tidleg innsats og inkluderande fellesskap	S/G/B/PPT/ VO/K	Felles møtepunkt i høve ny stortingsmelding.

## 4.0 SAMARBEIDSFORA

### 4.1 Fylkesmannen i Vestland (Utdanningsavdelinga)

- Deltaking i AU – leiar/nestleiar i Styringsgruppa- for tida Anne Sofie Bjelland Kjeka og Bjørn Håvard Bjørklund.
- *Ny desentralisert modell for kompetanseutvikling og Regional ordning kompetanseutvikling i barnehage* – nestleiar Bjørn Håvard Bjørklund møter i plangruppene.
- Samarbeid kring tiltak innan satsinga *inkluderande bhg- og skulemiljø*.
- Invitera Utdanningsavdelinga til minst to møte i 2019/20– førebelse datoar: 11.2. og 21.2.

### 4.2 Høgskulen på Vestlandet (HVL):

- Samarbeid om kurs og utarbeiding av nye tilbod.
- Deltaking i samarbeidsrådet samt andre rådsorgan.
- Invitera HVL til å delta i møta våre og dei lærande nettverka.

### 4.3 Norsk lærarakademi (NLA)

- Samarbeid om ordning med desentralisert kompetanseutvikling for skule.
- Samarbeid om regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage.

### 4.4 Vidaregåande skular:

- Følgja opp samarbeidet om utdanningsval – hospitering.

### 4.5 Hordaland Fylkeskommune:

- Delta i samarbeid rundt DKS og Utdanningsval (SYR)

### 4.6 Syns- og audiopedagogisk teneste Hordaland (SAPTH):

- Representera FOS i styret (styremedlem): John Karsten Raunholm frå 2017.

### 4.7 Statped:

- Inngå ny avtale. I dette inngår m.a. organisering og gjennomføring av nettverk og kurs for PP-tilsette.
- Mariann Jacobsen Hilt, Bente Hovland Bergtun og dagleg leiar FOS representerer FOS.

### 4.8 Sunnhordland museum:

- Følgja opp inngått avtale vedk. "Eg vil byggja meg ein båt". Evaluering og /fornyning av avtalen våren 2020.

## 5.0 KURS OG KVALITETSUTVIKLING

### 5.1 Fag-/temakurs for ulike målgrupper

Regionale fagdagar 2019/2020:

Fredag 01.11.2019, fredag 24.01.2020 samt måndag 16.03.2020. Kvar kommune står sjølv for organisering 01.11.19.

Kurs/nettverk/workshops vert fortløpande lagt ut på [FOS si heimeside](#)

Handsama i Styringsgruppa 13.09.2019

Bjørn Tore Enerstvedt  
Dagleg leiar FOS



## SUNNHØRDLAND KURSREGION - REGION 5

Avtale om organisert samarbeid med sekretariat.

..... kommune ved skulesjefen forpliktar seg til avtale som vart vedteken i sak 1 i regionsmøte 16. mars 1990.

Avtalen er:

## a) ORGANISERING

Styringsgruppe: Styre for kursregionen. Skulesjefane i regionen.

Leirar: Vald mellom skulesjefane i regionen for 2 år.

Sekretær: Utøver sekretærfunksjonen for kursregionen etter oppdrag frå styringsgruppa.  
Saksførebuar til møte i styringsgruppa og til kursplan-  
gruppa.  
Tilsett av styringsgruppa for 1 år om gongen.  
Sekretærfunksjonen går på omgong mellom kommunane.

Kursplangruppa: Samordnar og koordinerar kommunane sine planar for etterutdanning og utviklingsarbeid.  
Planlegg og gjennomfører regionale kurs og opplærings tiltak, m.a. LIS 2.

1 representant frå kvar kommune.

Kommunenivå: Kvar kommune sine nettverksgrupper og andre tiltak i LIS 2 og LIS 3.  
Kvar kommune sine tiltak for kurs, etterutdanning og utviklingsarbeid utover felles tiltak for kursregionen.

## b) SEKRETARIAT

Ein gjorde slikt vedtak:

Stillingsstorleik sekretær: 20 %

Sekretærfunksjon: På åremål og på omgong mellom kommunane.

Arbeidsoppgåver: Regionale oppgåver, etter vedtak i styrings-  
gruppa.

Sekretær ut skuleåret 1990/91: Asbjørn Skår, Kvinnherad.

Oppstart: Straks, i samband med Rundskriv 13/90 og 14/90 frå skole-  
direktøren i Hordaland.

## c) ØKONOMI

Ein gjorde vedtak om å dela utgiftene til sekretariat mellom kommunane delvis etter storleik:

<u>Utgifter:</u>	Løn kr	40.000,-	
	Adm. "	10.000,-	
		<u>kr</u>	<u>50.000,-</u>

Fordeling:

Bømlo	kr	3.000 + 5.550	=	kr	8.550,-
Etne	"	3.000 + 2.100	=	"	5.100,-
Fitjar	"	3.000 + 2.040	=	"	5.040,-
Kvinnherad	"	3.000 + 6.850	=	"	9.850,-
Stord	"	3.000 + 7.950	=	"	10.950,-
Sveio	"	3.000 + 2.890	=	"	5.890,-
Ølen	"	3.000 + 1.550	" "	" "	4.550,-

Grunnbeløp kr 3.000,- + pr. elev (kr 3,70)

## d) ARBEIDSOPPGÅVER VÅREN 1990

Rundskriv 13/90 og 14/90 frå Skoledirektøren i Hordaland innheld regionale utfordringar og oppgåver.

Sekretær saman med leiar vil arbeida ut framlegg til opplegg for regionen.

Avtalen gjeld når alle kommuane skriftleg har forplikta seg og l-eitt år om gongen etter vedtak.

Kvinnherad kommune v/skulesjefen sender refusjonskrav og revidert rekneskap.

-----  
Stad-----  
Dato-----  
Skulesjef



Til Styringsgruppa i FOS

Vår ref.: 2019000406-1/2019006507 Arkiv: Dato: 24.05.2019

#### ETABLERINGA AV FOS - HEIMEL I LOVVERKET

Eg syner til orienteringa som blei gjeven til styringsgruppa 22. februar. Etter drøftinga der, har eg jobba vidare med å finna fram til vedtaket som førte til etableringa av FOS, den gongen under namnet Kursregion Sunnhordland.

I sak 47/90 slutta Sveio skulestyre seg samrøystes til skulesjefen si tilråding om å godkjenna avtalen om etablering av eit interkommunalt samarbeid med desse arbeidsoppgåvene:

- Vera eit regionalt nettverk for Sunnhordland.
- Samarbeida om å løysa regionale oppgåver.
- Betra ressursutnytting ved å koordinera planar og tiltak i høve til Stord Lærarhøgskule og Skuledirektøren.
- Fremja pedagogisk utviklingarbeid i kursregionen ved å støtta, inspirera, utvikla idear saman og utveksla idear og opplegg.

Skulesjef Lars Eikehaugen skriv elles i si vurdering av saka: «Tiltaket er nytt, men naudsynleg. Dersom vi skal driva etterutdanning av våre leiarar og lærarar, så må vi samarbeida med dei andre kommunane i regionen».

Initiativet til etableringa var teke av skulesjefane i regionen, altså dei noverande eigarane av FOS i tillegg til tidlegare Ølen kommune.

Fram til 1. januar 1993 var det *Lov om styret i herreds- og bykommunene* frå 1954 som regulerte verksemda til norske kommunar. Interkommunalt samarbeid var regulert i § 27 i lova:

*«To eller flere kommuner kan opprette et felles styre til løsning av en kommunal oppgave. Til dette styre kan kommunene overdra den myndighet de blir enige om når annet ikke er fastsatt i lov.*

*Når forholdene gjør det nødvendig, kan Kongen pålegge to eller flere kommuner å samarbeide om løsning av oppgaver av felles interesse, herunder å medvirke til slik forberedende utredning og planlegging som samarbeidet vil kreve. Blir det etter utredning og planlegging etter pålegg som nevnt, eller iverksatt av kommunene av eget tiltak, ikke enighet om valg av løsning av den eller de oppgaver samarbeidet skal omfatte, eller om fordeling av utgiftene mellom de deltakende kommuner, kan Kongen bestemme hvilken løsning som skal velges, og hvordan utgiftene skal fordeles. Han bestemmer for øvrig i hvilke former og på hvilke nærmere vilkår samarbeidet skal foregå. Før beslutning om samarbeide etter bestemmelsene i dette ledd tas, skal kommunestyrene i de kommuner og fylkesutvalgene i de fylker som berøres av samarbeidet, gis høve til å uttale seg.»*


Skulestyresak 47/90 nyttar omgrepet «interkommunalt samarbeid» om Kursregion Sunnhordland. Som vanleg var i 1990, er det ikkje synt til nokon særskilt lovheimel i vedtaket, men vi kan trygt rekna med at heimelen implisitt er § 27 i kommunelova av 1954. Det er såleis dette som framleis må vurderast å vera lovheimelen for Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).

FOS sitt ansvarsområde har blitt utvikla vidare sidan starten i 1990, og lovverket gjev i dag høve til å organisera interkommunalt samarbeid på mange ulike vis med heimel i ulike paragrafar i *LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner* («den nye kommunelova»). I alle høve er det greitt å ha med seg at utgangspunktet var eit enkelt og praktisk samarbeid som skulle hjelpa kommunane med å få til ei god og effektiv utnytting av tilgjengelege ressursar.

Petter Steen jr.  
Rådgjevar



## RETNINGSLINER FOS



Oppdatert 29.07.2019

Postadresse:  
Postboks 40  
5559 Sveio

Telefon:  
53748091  
92093681

Bankgiro:  
32400887550

E-post:  
bjorn@sveio.kommune.no

Nettstad:  
[www.fos-sunnh.no](http://www.fos-sunnh.no)



## FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

### Innhald:

1.1 ORGANISASJON: .....	3
1.2 BAKGRUNN/HISTORIKK: .....	3
1.3 FØREMÅL: .....	3
1.4 STRATEGIAR: .....	3
1.5 STYRINGSGRUPPA .....	4
1.6 GRUNNSKULEGRUPPA .....	4
1.7 BARNEHAGEGRUPPA .....	4
1.8 LEIARFORUM PPT .....	4
1.9 KULTURSKULEGRUPPA .....	5
1.10 MØTEFREKVENNS OG INNHALD. ....	5
2.0 DAGLEG LEIAR .....	5
3.0 ÅRSMELDING OG HANDLINGSPLAN .....	5
4.0 ØKONOMI .....	5
5.0 UTMELDING OG OPPLØYSING .....	6
6.0 SAMARBEIDSFORA .....	6
6.1 FYLKESMANNEN I VESTLAND (Utdanningsavdelinga) .....	6
6.2 NLA HØGSKOLEN .....	6
6.3 HØGSKULEN PÅ VESTLANDET: .....	6
6.4 VIDAREGÅANDE SKULAR: .....	6
6.5 HORDALAND FYLKESKOMMUNE: .....	6
6.6 SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE HORDALAND (SAPT): .....	6
6.7 STATPED: .....	6
ORGANISASJONSKART FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND .....	7



## FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

### 1.1 ORGANISASJON:

Medlemmer i Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) er følgjande kommunar:

- Bømlo
- Etne
- Fitjar
- Kvinnherad
- Stord
- Sveio

Samarbeidet i FOS er organisert som ein prosjektorganisasjon med ei styringsgruppe og 3 undergrupper – sjå meir informasjon nedanfor.

### 1.2 BAKGRUNN/HISTORIKK:

Forum for oppvekst i Sunnhordland har eksistert sidan tidleg på 1990 talet, men med ulike namn og med ulike målgrupper og ikkje minst med ulik grad av organisering og struktur. Då skuledirektøren i Hordaland (Utdanningsdirektøren) på slutten av 80-talet tok initiativ til i å dela fylket inn i kursregionar for m.a. å skulera skulesjefar og skuleleiarar, blei samarbeidet slik vi kjenner det i dag meir formalisert. Den omfattande kursinga hadde utgangspunkt i statlege leiarprogram som LUIS, LIS m.fl. På mange måtar kan ein samanlikna denne skuleringa med rektorskulen. Samarbeidet med Stord lærarskule -seinare Høgskulen Stord/Haugesund var sentral frå starten i kompetansehevinga alt den gongen.

Vår region heitte i starten *Sunnhordland kursregion*, og styreleiar samt sekretærrolla gjekk på omgang mellom kommunane. Kursregionen utvida oppgåvene etter kvart, ikkje minst grunna dei mange læreplanreformene og stadig aukande behov for kompetanseheving. Det blei lagt opp til felles kursdagar og lærarane fekk reisa rundt om i Sunnhordland på etterutdanningskurs samt nokre nettverk. Aktivitetane fekk støtte frå Skuledirektøren – det same galdt kursregionen. På slutten av 90-talet skifta vår region namn til *Forum for Oppvekst i Sunnhordland* og målgruppa blei utvida og til å gjelda barnehagesektoren. Frå august 2000 blei Jan Enerstvedt engasjert som sekretær i 60% for 2 år. Etter dei 2 åra blei styringsgruppa (skulesjefane i regionen) einige om å prolongera engasjementet sidan ein meinte at det var ein fordel med kontinuitet i stillinga. Etter kvart som aktivitetar og målgrupper auka, var det behov for auke i sekretærressursen samt at sekretæren fekk auka mynde innanfor dei samla økonomiske rammene ein hadde til disposisjon. Pr i dag har sekretær/dagleg leiar 80% stilling.

### 1.3 FØREMÅL

Samarbeida om oppgåver som blir løyste betre på regionalt enn på lokalt nivå. Samarbeidet skal bidra til å styrka kommunen sin kompetanse og kapasitet innan oppvekstsektoren.

### 1.4 STRATEGIAR

- Tydeleg leiarskap som tar opp dagsaktuelle og framtidsretta tema
- Bruk av kunnskapsbasert viten gjennom alt utviklingsarbeid
- Tett kontakt med UH sektoren og våre samarbeidspartnarar.
- Aktivitetar og tiltak i alle undergrupper skal vera godt forankra i medlemskommunane.
- Årleg evaluering av utvalde satsingsområde samt nokre kurs og nettverk.



## FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

### 1.5 STYRINGSGRUPPA

**Samansetjing:** Ein fast representant frå leiargruppa i kvar kommune med ansvar for oppvekstområdet. Styringsgruppa sine medlemmer har ikkje varafolk.

**Oppgåver:** Styringsgruppa skal ha det overordna ansvaret for all verksemd i FOS og samordna dei andre gruppene arbeider med. Herunder ligg og økonomisk ansvar for verksemda. Styringsgruppa kan oppretta nye undergrupper ved behov. Alle nye ad-hoc grupper eller nettverk skal godkjennast av Styringsgruppa.

**Leiing:** Leiarsfunksjonen i Styringsgruppa skal rullerast med 2 års funksjonstid.

Leiing av FOS skiftar slik mellom kommunane:

Kvinnherad-Bømlo-Stord-Sveio-Fitjar-Etne.

Leiar/nestleiar representerer FOS i AU hos Fylkesmannen si Utdanningsavdeling. Leiar/nestleiar representerer og regionen i andre samarbeidsfora.

### 1.6 GRUNNSKULEGRUPPA

**Samansetjing:** Skulefagleg rådgivar frå kvar kommune. Grunnskulegruppa sine medlemmer har ikkje varafolk

**Oppgåver:** Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning og vidareutdanning innanfor grunnskule og vaksenopplæring. Grunnskulegruppa skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

**Leiing:** Gruppa syter sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

### 1.7 BARNEHAGEGRUPPA

**Samansetjing:** Barnehagefagleg rådgivar frå kvar kommune. Barnehagegruppa sine medlemmer har ikkje varafolk

**Oppgåver:** Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning innanfor barnehagesektoren. Barnehagegruppa skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

**Leiing:** Gruppa syter sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

### 1.8 LEIARFORUM PPT

**Samansetjing:** PP-leiar frå kvar av medlemskommunane. PP-gruppa sine medlemmer har ikkje varafolk.

**Oppgåver:** Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning innanfor sine område i kommunane. Leiarforum PPT skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

**Leiing:** Gruppa syter sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

---

Postadresse:	Telefon:	Bankgiro:	E-post:	Nettstad:
Postboks 40	53748091	32400887550	bjorn@sveio.kommune.no	<a href="http://www.fos-sunnh.no">www.fos-sunnh.no</a>
5559 Sveio	92093681			



## FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

### 1.9 KULTURSKULEGRUPPA

**Samansetting:** Kulturskulerektor frå kvar kommune. Kulturskulegruppa sine medlemmar har ikkje varafolk.

**Oppgåver:** Gruppa skal kartlegge trong for, ta initiativ til, samt arrangere kurs innanfor kulturskulesektoren. Kulturskulegruppa skal og på oppdrag eller avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

**Leing:** Gruppa syter sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år av gongen og står sjølv for møteinnkalling og referat.

### 1.10 MØTEFREKVENS OG INNHOLD.

Til vanleg bør det vera minst 4 møte pr. semester. I særlege tilfelle kan det vera oftare møte. Møta bør innehalda følgjande moment:

- Samhandlingsdel
- Drøftingsdel
- Læringsdel
- Ideutvekslingsdel
- Handsaming av saker – tilråding.

Styringsgruppa tar stilling til prosjekt/arbeidsoppgåver frå dei ulike undergruppene, og godkjenner eller ikkje godkjenner desse. Styringsgruppa tar og initiativ til nye prosjekt/tiltak.

### 2.0 DAGLEG LEIAR

FOS har tilsett dagleg leiar som og fungerer som sekretær for styringsgruppa og dei andre undergruppene etter avtale. Storleiken på ressursen til dagleg leiar blir fastsett av Styringsgruppa – for tida ligg den på 80%. Dagleg leiar blir lønna etter avtale. For stillinga gjeld elles vanlege kommunale vilkår.

### 3.0 ÅRSMELDING OG HANDLINGSPLAN

Dagleg leiar utarbeider årsmelding for kvart skuleår for verksemda i FOS. Årsmeldinga saman med rekneskapoversyn blir lagt fram for Styringsgruppa på siste møte før ferien. I samband med behandlinga av denne, drøftar Styringsgruppa strategiar og arbeidsoppgåver for året som kjem. Strategi og arbeidsoppgåver skal munna ut i ein handlingsplan for FOS neste skuleår. Handlingsplanen blir endeleg vedtatt på første møte etter ferien og skal vera retningsgivande for arbeidet i FOS

### 4.0 ØKONOMI

Dagleg leiar utarbeider kvart år budsjett for FOS si verksemd. Dette blir lagt fram for Styringsgruppa saman med rekneskap kvart år i juni. Fordeling av kostnader ved drifta av FOS blir fakturert 2 gonger per år – i juni og desember. Elevantal i grunnskulen basert på GSI dannar grunnlag for fordelinga av utgiftene kommunane mellom. Vertskommunen får refusjon for at dei held kontor/sekretariat - tilsvarande 5% av løn til dagleg leiar. Denne summen blir fakturert saman med dei andre driftskostnadane for FOS.

*Kven er det?*



## FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

### 5.0 UTMELDING OG OPPLØYSING

Dersom ein kommune i samarbeidet ynskjer å melda seg ut av FOS, må dette meldast skriftleg til Styringsgruppa seinast eitt år på førehand. Utmelding kan berre skje ved årsskifte. Ved endeleg oppløysing, skal eventuelle overskotsmidlar fordelast forholdsmessig mellom dei kommunane som var medlem ved siste årsskifte før oppløysinga.

Er dette forsøke på ein avtale?

### 6.0 SAMARBEIDSFORA

#### 6.1 Fylkesmannen i Vestland (Utdanningsavdelinga)

- Deltaking i AU – leiar i Styringsgruppa. Vara: Nestleiar
- Økonomisk støtte til prosjekt i utdanningsregi.
- Invitera Utdanningsavdelinga til minst eitt møte i året.
- Fylkesmannen får kopi av alle innkallingar og møtereferat i FOS og kan møta etter avtale.

#### 6.2 NLA høgskolen

- Følgja opp partnerskapsavtalen i ordninga Desentralisert kompetanseutvikling
- Verta samde om, og følgja opp, ny avtale for barnehage – Regional ordning for kompetanseutvikling.

#### 6.3 Høgskulen på Vestlandet:

- Følgja opp intensjonsavtalen
- Samarbeid om kurs og utarbeiding av nye tilbod.
- Deltaking i samarbeidsrådet samt andre rådsorgan
- Invitera HVL til å delta i dei lærande nettverka våre.
- HVL får kopi av alle innkallingar og møtereferat i FOS og kan møta etter avtale.

#### 6.4 Vidaregåande skular:

- Følgja opp samarbeidet om utdanningsval – hospitering

#### 6.5 Hordaland Fylkeskommune:

- Delta i samarbeid rundt Den kulturelle skulesekken (DKS) og Utdanningsval via Senter for Yrkesrettlegg (SYR)

#### 6.6 Syns- og audiopedagogisk teneste Hordaland (SAPT):

- Representera FOS i styret (styremedlem).

#### 6.7 Statped:

- Dagleg leiar og 1 representant for styringsgruppa samt ein representant for PP-leiarforum har 2 årlege evalueringsmøte med representantar for Statped.

Postadresse:  
Postboks 40  
5559 Sveio

Telefon:  
53748091  
92093681

Bankgiro:  
32400887550

E-post:  
bjorn@sveio.kommune.no


Nettstad:  
[www.fos-sunnh.no](http://www.fos-sunnh.no)





## FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

### ORGANISASJONSKART FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND



Vedtatt i Styringsgruppa 24.06.2016

Postadresse: Postboks 40  
5559 Sveio

Telefon: 53748091  
92093681

Bankgiro: 32400887550

E-post: [bjorn@sveio.kommune.no](mailto:bjorn@sveio.kommune.no)

Nettstad: [www.fos-sunnh.no](http://www.fos-sunnh.no)



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Anne Hjermand, 5557 2275

Vår dato  
13.06.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/2266 634  
Dykkar referanse

Til  
Kommunane i Hordaland  
Friskulane i Hordaland v/Asle Ystebø  
Hordaland fylkeskommune  
Høgskulen på Vestlandet, HVL  
Universitetet i Bergen, UiB  
NLA- Høgskulen

### **Til stades i møtet:**

Hedvig Rørvik, HVL  
Lise Tønjum, HVL  
Birger Hjellum, NLA  
Björg Hildeskår, UiB  
Ann Margret Haukås, UiB  
Anne Sofie Kjeka, FOS  
Rune Landro, Ytre Midthordland  
Ann Kristin Bolstad, Midthordland  
Inger Sekse, Hardanger/Voss  
Asle Ystebø, Friskulenettverket  
Jan Ove Johannesen, Bergen kommune  
Morten Fahlvik, Bergen kommune  
Ole Ekroll, Bergen kommune  
Anne Hjermand, FMHO  
Grethe Fjeld, FMHO  
Gunn Karin Pettersen, FMHO  
Eva Bendiksen, FMHO

### **Ikkje til stades:**

Linda Farestvedt, Hordaland fylkeskommune  
Lind Husa, Nordhordland

## **Desentralisert kompetanseutvikling - oppsummering frå fylkesgruppa sitt møte 12. juni 2018**

Denne oppsummeringa har to formål. For det første skal sjølve ordninga og vilkåra staten har knytt til ordninga presenterast slik at alle aktørane har same informasjon. For det andre skal dei avgjerdene som blei tatt i møtet mellom UH-sektoren og kommunane/friskulane når det gjeld fordeling av midlar og prioriteringar presenterast.

## Først - kort info om desentralisert ordning for kompetanseutvikling

Den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling er ein av tre ordningar som til saman utgjer staten sin modell for kompetanseutvikling i skulen;

1. Desentralisert ordning
2. Oppfølgingsordninga
3. Innovasjonsordninga

I denne oppsummeringa er det den *desentraliserte ordninga* som blir omtalt. Dei to andre ordningane kan de lese om på Utdanningsdirektoratet sine nettsider.

Den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling er omtalt i meld. *St. 21 (2016 – 2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen* og er tufta på grunnleggjande føresetnader:

- UH-sektoren og skulane (skuleeigar) er sidestilte partar i ordninga
- Vurdering av kva utfordringar skulane har og korleis dei kan løysast, skal skje i eit samarbeid mellom UH-sektoren og skulane (skuleeigar)
- Kompetanseutviklinga skal vere skulebasert og den skal gjennomførast som kollektive prosessar
- UH-sektoren skal bidra med forskningsbasert kompetanse i utviklingsarbeidet og styrke sin kompetanse som lærarutdannar og utviklingsaktør i skulen.

I tillegg til dei føresetnadane for tildeling av midlar som er nemnt over, har staten lagt tematiske føringar for ordninga. Dei er formulert ut frå tre overordna sektormål:

- Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Elevane skal meistre grunnleggjande ferdigheiter og ha god fagleg kompetanse
- Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Slik sektormåla er formulert opnar det for at skulane (skuleeigar) kan vidareføre mange av satsingane som alt er i gang eller som er planfesta. Føresetnaden er at dei blir gjennomførte i tråd med krava for tildeling av midlane staten har stilt til rådvelde i ordninga. Sektormåla opnar og for at skulane sitt arbeid med fagfornyninga kan gå inn i ordninga.

Denne ordninga legg opp til samarbeid, drøftingar og fellesskap mellom UH-sektor og skulane i analysearbeid og utforming av skulebaserte tiltak.

Det er staten v/Fylkesmannen sitt ansvar at aktørane får ein felles arena for drøfting og samarbeid (fylkesgruppa for den desentraliserte ordninga) og at prioriteringane er i tråd med føringane for ordninga. Dersom partane i ordninga ikkje blir einige om prioriteringane, er det Fylkesmannen som tar endeleg avgjerd. Prioriteringane gjeld både prinsipp for fordeling av midlane staten har stilt til rådvelde og konkrete tema for kompetanseutvikling.

## Formålet med møtet 12. juni

Etter avtale i sist møte med representantane for Fylkesgruppa for desentralisert kompetanseutvikling, var formålet med møtet å

- a) presentere rapporteringsløysinga og eventuelt justere den i tråd med innspel frå fylkesgruppa
- b) gi ei kort orientering frå møte mellom fylkesmennene og Udir – erfaringar så langt
- c) Ta stilling til ein modell for fordeling av midlane
- d) ta konkret avgjerd om utviklingssamarbeid mellom UH-sektoren og skuleeigarar/skular for 2018

### a) Rapporteringsløysinga

Fylkesmannen i Hordaland har, i dialog med fylkesgruppa, utarbeidd eit skjema for rapportering på bruken av midlar (sjå vedlegg). Rapporteringpunkta er delt med Utdanningsdirektoratet. Vi må likevel ta atterhald om justeringar i rapporteringsløysinga.

### b) Nytt frå møte mellom Utdanningsdirektoratet og fylkesmennene om erfaringane med desentralisert ordning så langt

Ei nasjonal kartlegging viser at dei aller fleste skuleeigarane (nasjonalt) er godt nøgde med ordninga. Tilbakemeldingane er tilsvarande både for kommunar som har starta utviklingsarbeid med midlar frå ordninga, og kommunar som på dette tidspunktet ikkje har fått midlar.

Det er variasjon mellom fylka når det gjeld modellar for fordeling av midlar, men i dei fleste blir midlane fordelt mellom UH-sektoren og skuleeigarane etter drøftingar i fylkesgruppene. Hordaland er det einast fylket som har etablert eit eige nettverk for friskulane. Vi er og det fylket som har drøfta oss fram til det mest konkrete opplegget for rapportering.

Det blei elles vist til:

- IKT-plan *Digitale ferdigheter i skolen*: <http://www.iktplan.no/>
- Forskningsrådet sin invitasjon til informasjonsmøte for forskarar og barnehage- og skuleeigarar om [innovasjonsordninga](#).

Artikkelen *Profesjonelle læringsfellesskap* av Anne Berit Emstad frå NTNU ligg ved dette referatet. Kapitlet er henta frå boka hennar *Skolevurdering, Et verktøy for ledelse, utvikling og læring i skolen*.

### c) Prinsipp og modell for fordeling av midlar

**Fylkesgruppa samla seg etter drøftingar om følgjande prinsipp og ordning for fordeling av midlar:**

- Tildelingsmodellen skal ta omsyn til at partane, UH-sektoren og skuleeigar, er sidestilte aktørar i ordninga – midlane fordelast difor med 50 % til UH-sektoren og 50 % til skulane v/regionen
- Skuleeigar skal i tillegg bidra med 30 % eigenandel

- Tildelingsmodellen skal sikre at partane har eit føreseieleg grunnlag for planlegging
- Utviklingstiltaka er for UH-sektoren kostnadsberekna til kr. 200 000,- pr. skule
- Den samla tildelinga til UH-sektoren, delt på kr. 200 000,- viser såleis kor mange skular som kan involverast i kvar region pr. år
- Det er eit mål med ordninga at så mange skular/lærarar som mogleg skal få del i den skulebaserte kompetanseutviklinga. Det er difor nye skular som blir «rulla inn» i ordninga kvart år. Dette er ikkje til hinder for at skuleeigar kan halde fast på same tema over fleire år. Det er heller ikkje til hinder for at dei konkrete skulebaserte utviklingstiltaka kan gjennomførast etter ein plan som går ut over tildelingsåret
- Tildelingsmodellen skal leggje lærarårsverk til grunn for den delen av midlane regionane/friskulane får
- Fylkesmannen fordeler midlane med eigne tildelingsbrev til UH-miljøa og eigne tildelingsbrev til regionane. Midlane blir fordelt vidare frå regionen til den enkelte kommune/skuleeigar etter avtalt plan
- Regionar som ikkje melder konkrete kompetanseutviklingsønsker inn til ordninga i eit tildelingsår, er sjølvstøtt med på like vilkår neste tildelingsår. Midlane blir då fordelt til andre utviklingstiltak
- Friskulane er i ein særskilt situasjon. Talet på årsverk er så mykje lågare enn i dei øvrige regionane at dei frå år til år få tildelt marginale summar. Det er difor rimeleg at friskulane får ei større tildeling enn grunnlaget tilseier nokre år, medan dei andre år ikkje får tildelt midlar. På den måten får dei over tid ein rett del av midlane.

Tabellen under viser kva tildelinga til kvar region ville ha vore basert på lærarårsverk åleine. Utgangspunktet for eksempelet er dei 19 millionar kronene Hordaland har fått tildelt i 2018. Den viser og kor mange skular dette beløpet ville kunne femna om med ei tildeling på kr. 200 000,- for kvar skule til UH.

Region	Andel av lærarårsverk i fylket	50 % til regionen	50 % til UH	Tal skular (om lag)
Friskulane	5 %	kr 475 000	kr 475 000	3 skular
Bergen kommune	41 %	kr 3 895 000	kr 3 895 000	20 skular
FOS	13 %	kr 1 330 000	kr 1 330 000	7 skular
Hardanger/Voss	8 %	kr 760 000	kr 760 000	4 skular
Midthordland	8 %	kr 760 000	kr 760 000	4 skular
Nordhordland	10 %	kr 950 000	kr 950 000	5 skular
Ytre Midthordland	14 %	kr 1 330 000	kr 1 330 000	7 skular
<b>Total</b>	<b>100 %</b>	<b>Kr 9 500 000</b>	<b>Kr 9 500 000</b>	<b>48 skular</b>

Midlane skal tildelast konkrete utviklingsarbeid i samarbeid mellom den enkelte skule og UH. Det var semje i fylkesgruppa om at i 2018 skulle midlar som ikkje vart nytta av ein region, overførast til friskulenettverket. Det vil seie at friskulenettverka får meir midlar enn årsverka skulle tilseie i 2018. Dette vert ikkje tilfelle kvart år.

#### **d) Konkrete utviklingssamarbeid mellom UH-sektoren og skuleeigar/skular**

I møtet presenterte alle regionane tema for skulebasert kompetanseutvikling i eigen region. Her er sentrale tema som blei meldt inn (i ei ikkje-konkretisert eller uttømmende liste):

- Analysekompetanse. Bruk av tilgjengeleg kunnskap og statistikk for tilpassa opplæring og arbeid med læringsmiljø (Nordhordland)
- Digital omstilling i skulane – ny bruk av teknologi i skulane i fag og tilpassing av opplæringa (Ytre Midthordland)
- Digital kompetanse på ungdomstrinnet (Midthordland)
- Læremiddelanalyse og operasjonisering av «tett på elevar sin læring». Vere med Bergen kommune sine utviklingstiltak i fagfornyninga (Friskulane)
- Inkluderande skule og barnehagemiljø (FOS)
- Fagfornyning, digital kompetanse, forskning på eigen praksis (Bergen)
- Digitalisering - Lægreid skule, Eidfjord kommune (Hardanger/Voss)

Konkretisering av tema for utviklingsarbeidet må skje i eit nærmare samarbeid mellom den einskilde skule/skuleeigar og UH for å sikre at samarbeidet skjer med grunnlag i skulane sine konkrete føresetnadar og tilstand.

Så langt Fylkesmannen kan sjå vil utviklingsområda som er meldt inn frå regionane støtte opp om sektormåla. Fylkesmannen legg til grunn at gjennomføringa skjer i tråd med føringane for ordninga. Regionane og UH-sektoren blir seg imellom einige om kva miljø som skal følgje opp dei ulike utviklingstema/skulane.

Før utbetaling kan finne stad må kvar av dei tre UH-institusjonane sende eit oversyn der det går fram:

- kva for skular dei samarbeider med i kva for region
- i dei tilfella fleire UH er involverte på dei same skulane, må det vere synleggjort korleis dei 200 000 kronene skal fordelast mellom institusjonane
- kort omtale av innhaldet i utviklingsarbeidet og bakgrunnen for val av temaet

Med helsing

Eva Bendiksen  
seniorrådgjevar

Anne Hjermand  
utdanningsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- Skjema for rapportering – skuleeigar
- Skjema for rapportering – UH-sektor
- Artikkel om *Profesjonelle læringsfellesskap* av Anne Berit Emstad

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	18.05.20	10/20
Kommunestyret	16.06.20	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

## REGLEMENTET TIL KONTROLLUTVALET – ENDRINGAR ETTER NY KOMMUNELOV

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følgje av ny kommunelov.

Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement (med tillegg/endingar).

**Vedlegg:** Framlegg til nytt reglement for Etne kontrollutval 2020

### Saksorientering:

#### Bakgrunn

Reglement for kontrollutvalet blei fyrste gong vedteken av Etne kommunestyre i møtet 21.06.11, sak 35/11. Reglementet hadde bakgrunn i tilråding frå kommunaldepartementet om at kommunane burde ha egne reglement for kontrollutvalet.

Kommunelova har seinare blitt endra i 2012 og 2013, som fekk innverknad på reglementet. Reglementet blei då endra i 2014 etter kommunestyrevedtak 16.12.14, sak 68/14, etter innstilling frå kontrollutvalet same haust.

Kommunelova har no over fleire år hatt ein omfattande revisjon og blei vedtatt av Stortinget 22. juni 2018 med verknad frå ny kommunestyreperiode hausten 2019. Dette gjer at reglementen på nytt vert lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret for ny revidering. I følgje departementet bør reglement uansett bli gjennomgått og revidert minst ein gong kvar valperiode.

Endringar i vedlagt reglement er markert ved at dei er stroke over, og nytt framlegg og ny tekst er farga med rød skrift.

Reglementet er delt inn i 8 kapittel. Det omhandlar mellom anna om formål med å ha kontrollutval, val og samansetting, oppgåver, møte- og sakshandsamingsreglar og andre tilhøve. Kapittel 8 om høyring var nytt i 2014.



Endringane er som nemnt grunna i at kommunelova er endra og ny forskrift om kontrollutval og revisjon (no i felles forskrift) blei utarbeida i 2019.

#### Kontrollutvalet sine verkemidlar

Kontrollutvalet har ein rekkje verkemidlar for å utføre sitt arbeid og vide heimlar for å skaffe seg den informasjon som dei treng for å klårlegge i kontrollsaker. Utvalet må i kvart tilfelle vurdere om ei sak i tilstrekkeleg grad er klårlagt, spesielt dersom ressursane ikkje strekkjer til eller er mangelfulle. Eventuelt må utvalet ta opp med kommunestyret om å få tilført ekstra midlar.

Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og kan iflg. kommunelova § 23-2:

*”kreve at kommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å gjennomføre sine oppgaver. Kontrollutvalget kan også gjennomføre undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette leddet.*

*Kontrollutvalget har rett til å være til stede i lukkede møter i folkevalgte organer i kommunen.*

Kontrollutvalet har ulike måtar å skaffe seg informasjon på. Frå «verktøykassa» kan her nemnast (rankert etter kva som er minst og mest ressurskrevjande):

- orientering frå rådmann/kommunedirektør og andre tilsette i møte,
- informasjonsinnsamling av sekretariatet,
- undersøking/avgrensa undersøking av revisor,
- forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll,
- gransking av eit spesielt tilfelle innanfor eit område eller
- høyring i regi av kontrollutvalet.

Høyring vil seie at kontrollutvalet i møte skaffar seg informasjon i ei sak ved å be bestemte personar til å uttale seg munnleg, på spørsmål frå medlemmene. Det er berre eit fåtal kommunar i landet som har nytta dette, og ingen kommunar på Haugalandet. Frå dei kommunane som har gjennomført høyringar er røynsla at dette er svært krevjande å gjennomføre, og avhengig av sakstype, kan stille store krav til kontrollutval og sekretariat.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) utarbeida i 2014 ein rettleiar og framlegg til reglement, som blei tatt inn som kap. 8. Kommunelovutvalet har seinare meint at det ikkje var naudsynt med nasjonale reglar, men oppmoda kommunar som skal gjennomføre høyring om å fastsetje lokale reglement.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og endring av reglement må difor bli vedteke der. Saka er også med å legitimere kontrollutvalet si bruk av sine verkemiddel og til at kommunen og dei folkevalte blir betre kjend at desse virkemidla kan nyttast.

Ordet «tilsyn» er tatt ut av reglementet for å skilje mellom kommunen sitt kontrollarbeid og den kontroll som fylkesmannen eller andre statlige tilsynsmyndigheiter gjer gjennom sine tilsyn, tilsvarende som i kommunelova.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet har vurdert det slik at det vil vere nyttig for utvalet å fortsatt ha sitt eige reglement. Sjølv om ein del reglar, som før var ulovfesta, er komen inn i den nye kommunelova, er det fortsatt greitt å ta dette inn i reglementet for nærare utdyping og supplement.

Aksdal, 11.05.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*

# Reglement for Etne kontrollutval

Vedteke av Etne kommunestyre 21.06.11, sak 035/11, endra 16.12.14, sak 68/14 og xx.xx.20, sak xx/20

## VIRKEOMRÅDE

~~Lov 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedtatt av kommunal og regionaldepartementet 15. juni 2004 (kontrollutvalsforskrifta) gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.~~

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval og revisjon, vedteken av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 17. juni 2019 med heimel i kommunelova § 23-2, § 24-2 og § 24-4 gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande reglement:

## INNLEIING

Kommunestyret har det øvste tilsynet ~~ansvaret for å kontrollere med den kommunale forvaltninga~~ **kommunen si verksemd**, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjere om vedtaket, jf. kommunelova § ~~76~~ **§ 22-1**.

## 1. KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løypande tilsynet **kontroll** med ~~forvaltninga~~ **kommunen si verksemd**, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal drive politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøve politiske prioriteringar gjort av andre folkevalte organ **eller andre kommunale organ**.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer ~~vert tilbydt~~ **har rett på** deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring, tilsvarande som for kommunestyremedlemmene.

## 2. FØREMÅL

Kontrollutvalet skal medverka til å sikre at det er allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen sine årsrekneskaper vert revidert på ein trygg måte,
- **det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga er i samsvar med lov og vedtak**
- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgaver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale forvaltninga **verksemda**,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultatane i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad.

## 3 VAL OG SAMANSETTING

Kontrollutvalet skal ha **minst** 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemmane i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. ~~Utvaleiaren bør veljast frå eit av dei partia som utgjer opposisjonen.~~ **Utvaleiar kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordføraren.** Det bør takast omsyn til kontinuitet i utvalet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av ~~kommunal nemnd~~ **folkevald organ** med avgjerdsmynde og tilsette i kommunen. Utelukka frå val er òg ~~styremedlemmer~~ personar som har leiarstilling, eller er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i et selskap som kommunen har eigarinteresser i ~~kommunal eigde selskap, samt styremedlemmer i selskap som kommunen driv saman med andre kommunar~~ **eller i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefelleskap.**

Kommunestyret kan når som helst skifte ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

## 4. GENERELL INSTRUKS

Kontrollutvalet skal følgje lov og forskrift og - så langt det høver- dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Etne kommunestyre 20.06.17, sak /17, jf. reglement for kommunestyret og politiske utval.

### 4.1 Teieplikt

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontrollutvalet sin medlemmer **og varamedlemmer** skriv under eigen teieplikterklæring.

### 4.2 Etikk

Utvalet skal ha fokus på kommunen sine etiske retningslinjer og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppmoda til registrere seg i KS sitt styrevervregister.

## 5. OPPGÅVER

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvar for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova ~~§ 23.~~ § 13-1. Utvalet skal føra tilsyn kontroll med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

### 5.1 Internkontroll

Kontrollutvalet fører tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine verdjar kontroll med at kommunen si verksemd er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internkontrollopplegg, jf. kommunelova kapittel 25, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

### 5.2 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapane, med kopi til formannskapet. Kopien må vere formannskapet i hende tidnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

### 5.3 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg jamleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

### 5.4 Selskapskontroll Eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet skal kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjere dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyre sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll eigarskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetje reglar for **kontrollutvalet** si kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap **omtalt i kommunelova §23-6 fyrste ledd og kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.**

**Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.**

### **5.5 Gransking**

Kontrollutvalet skal kunne setje i verk gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar.

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

### **5.6 Orientering frå rådmannen/kommunedirektøren**

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre ~~tilsyn med forvaltninga~~ **kontroll med kommunen si verksemd** be rådmannen/**kommunedirektøren** orientere om aktuelle saker og tema.

## **6. MØTE OG SAKSHANDSAMING**

Møta i kontrollutvalet haldast for opne dører, jf. kommunelova ~~§ 31~~ **§ 11-5**, såframt utvalet ikkje vedtek noko anna. Vedtaket må vere grunna med gyldig lovheimel.

Dørene skal stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt, jf. Kommunelova ~~§ 31 nr 2~~ **§ 11-5**.

### **6.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste**

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen/**kommunedirektøren** får **alltid** tilsendt innkalling med sakliste til orientering, og ~~møte~~ **må møte** når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan bli innkalla til kontrollutvalet for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen bli orientert om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitere eksterne personar for å opplyse eller orientere om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrift, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka *"Ikkje offentleg, jamfør off.lova."* vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

## 6.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemmene er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemmene set seg imot dette.

## 6.3 ~~Habil/inhabil~~ **Inhabetet for folkevalte**

Kommunelova § 40 nr. 3 § 11-1 gjeld òg kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemmen vere med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

## 6.4 Melding frå utvalet

Det skal først møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlange utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann/**kommunedirektør**, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og ~~bør~~ **skal** vere sendt ut på førehand.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen/**kommunedirektør** når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho **eller som kopi når revisjon eller andre er mottakere.**

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken administrasjonssjef **rådmann/kommunedirektør** eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultatata av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for forvaltningsrevisjon,
- plan for ~~selskapskontroll~~ **eigarskapskontroll**,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportar frå gjennomførte ~~selskapskontrollar~~ **eigarskapskontrollar**,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen,

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast til ordførar.

## 6.5 Oppfølging

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

## 6.6 Fråsegner/uttale

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

### **6.7 Innsyn og undersøking.**

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syte for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre kontrollar frå interkommunale selskap etter IKS-lova, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der ein kommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller direkte eigar alle aksjar.

Kontrollutvalet si innsynsrett og rett til å gjere undersøkingar gjeld også overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsyn og undersøkingar skal imidlertid berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakt er oppfylt.

Det ligg føre plikt for rådmannen/**kommunedirektøren** å rapportere eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportere dette vidare til kontrollutvalet.

### **6.8 Rapportering**

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskap vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om ~~selskapskontroll~~ **eigarskapskontroll** vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar, samt at kontrollutvalet legg fram årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

## **7 ANDRE FORHOLD**

### **7.1 Sekretariatet**

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

### **7.2 Bruk av sakkyndig hjelp**

Kontrollutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

### **7.3 Budsjett**

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar ~~kontroll- og tilsynsarbeidet~~ **kontrollarbeidet** i kommunen. Kontrollutvalet skal lage framlegg til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til årsbudsjett til kommunestyret **etter kommunelova kapittel 14.**

### **7.4 Møte- og talerett i kommunestyret**

Leiaren og nestleiararen har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Er leiar eller nestleiar hindra frå å møte, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.



### **7.5 Informasjon**

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til handsaming.

### **7.6 Val av revisjonsordning**

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

### **7.7 Val av revisor**

Dersom kommunestyret vedtek å konkurransetsette heile eller deler av revisjonen, gjer kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

### **7.8 Val av sekretariatsordning**

Kommunestyret vel sjølv sekretariat for kontrollutvalet. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-7.

## **8. HØYRING**

### **8.1 Virkeområde og føremål**

Kontrollutvalet kan holde høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Med høyring meiner ein her eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bede om å møte for å få nærare opplyst ei spesiell sak eller eit saksområde.

Formålet med reglementet er å sikre at kontrollutvalet og kommunestyret får den informasjon som dei treng i kontrollsaker, ei god framdrift i høyringa, samstundes som omsynet til dei som blir kalla inn blir teke vare på.

### **8.2 Førebuing av høyring**

Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal vedta at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet være open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa skal være lukka. Vedtaket om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må være grunna med gyldig lovheimel.

Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet kunne vente å få grunnlag for kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilte saksførebuinge møte. Kontrollutvalet bør gjennomgå dei problemstillingane som dei ønskjer skal bli opplyste, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som det er naudsynt å innhente for å gjennomføre høyringa. Vidare bør det òg bli fastsett ein framdriftsplan for høyringa.

I dei saksførebuinge møta fastset kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudspørjar under høyringa, jf. pkt. 8.4. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudspørjar også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemmer. Valet av hovudspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka breitt opplyst.

### **8.3 Den innkalla si stilling**

Rådmannen/kommunedirektøren har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan innkallast direkte for å møte til høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og skal ha høve til å vere til stades. Spørsmål skal stillast direkte til den som er innkalla, men rådmannen skal gis høve til å supplere forklaringa om han/ho meiner det er ønskeleg.

Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

Den som blir kalla inn eller invitert til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogleg. Innkallinga skal angi den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglementet skal leggjast ved. Det skal vidare opplysast om høyringa skal være open, og at det vil bli tatt referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument, viss ikkje reglar om unntak frå offentlegheit/ teiepliktfastset seier noko anna.

Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er under lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få gje forklaring heilt eller delvis for lukka dører. Dersom det blir sett fram slik oppmoding, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.

Den innkalla skal ha høve til å ha med ein medhjelpar. Den innkalla har rett til å konferere med hjelpar før svar blir gjeve. Dersom møteleiar gjer høve til dette, kan hjelpar supplere forklaringa. Dersom hjelpar krev honorar må betaling av desse utgiftene bli avklart på førehand.

#### **8.4 Gjennomføringa av høyringa**

Kontrollutvalet si leiar skal fyrst orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrane som gjeld. Leiaren ser etter at spørsmåla held seg innanfor det tema som er definert, og at den innkalla sin rettstryggleik blir ivareteke.

Før kontrollutvalet startar si utspørjing, skal den innkalla få inntil 10 minuttar til å gje si versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i så stor grad som det blir sett som naudsynt for å opplyse saka.

Høyringa byrjar med at valt hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemmene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge som dei ber om. Etter at utspørjinga er over, skal den innkalla få høve til å gje ei kort sluttkommentar.

Kontrollutvalet sine medlemmer skal ikkje ha meiningsutveksling under høyringa. Medlemmene skal heller ikkje kommentere dei svar som blir gjeve, anna enn der dette inngår som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmeleg åtferd eller spørsmål er ikkje tillate og skal påtalast av møteleiar.

Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa blir avbroten for at kontrollutvalet skal handsame den vidare framdrift, mellom anna framlegg om at høyringa skal avsluttast eller fortsette for lukka dører.

Kontrollutvalet kan berre ta imot teiepliktsopplysningar for lukka dører. Under ei open høyring må kontrollutvalet sine medlemmer ikkje referere eller vise til opplysningar underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

#### **8.5 Etterarbeid**

Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal ha høve til å uttale seg til rapporten, jf. kommunelova ~~§ 77 nr. 6~~ § 23-5. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.

Rapporten oversendast kommunestyret for sluttbehandling, med innstilling frå kontrollutvalet

### **9. IVERKSETJING**

Reglementet trer i kraft straks det er vedteke av kommunestyret.

\*\*\*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	18.05.20	11/20

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

## PLAN FOR ORIENTERING OM EINGANGANE OG STAB/STØTTE

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

21.09.20 fellestenester v/kommunedirektør  
23.11.20 oppvekst og kultur v/kommunalsjef Sævik

#### 2021

Møte 1 helse og omsorg v/kommunalsjef (nyansettelse)  
Møte 2 utvikling og drift v/kommunalsjef Lundberg  
Møte 3 økonomi v/økonomisjef Ballarin  
Møte 4 personalavd. v/personalsjef Kallestadbakken

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiarane er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

### Saksorientering:

Kontrollutvalet har tidlegare vore svært nøgd med å få orientering om drifta av kommunen og kva som skjer innan resultatområda og støtte/stabsfunksjonane. Planen er blitt følgt opp ved at leiarane har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår ein arbeider under m.m.

Kontrollutvalet kan invitere einkvan leiar eller tilsett. Den enkelte leiar eller tilsett får da delta i eit kontrollutvalsmøte kor dei får presentere sin etat/avdeling med fokus på arbeids- og ansvarsområde den enkelte etat/avdeling har.


Kontrollutvalet v/sekretariatet vil oppmode og utfordre den enkelte leiar til å komme med både ris og ros av eigen etat/avdeling, fokusere på både det som går bra og kva som er av utfordringar.

Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg i 2020 og neste år, for på den måten å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen sin drift og utfordringar.

Kommunedirektøren er øvste leiar og den personen i administrasjonen som kontrollutvalet skal halde seg til. Invitasjonen går derfor via kommunedirektøren, som tar stilling til om vedkommande leiar for det aktuelle arbeidsområdet møter for å orientere på hans vegne. Etter reglementet kan tilsette også bli innkalla for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Kommunedirektøren skal då vere orientert om det.

Sidan orienteringa frå kommunedirektøren er overbyggande, vil sekretariatet tilrå å starte med kommunedirektøren, som har det overordna ansvaret i kommunen. Dersom ein følgjer oppsett plan, vil kontrollutvalet ha fått ein overordna orientering om dei fleste områda i løpet av dette året og neste år.

Etne kommune sitt organisasjonskart (april 2020) henta frå heimesida:



Det kan leggjast inn nå eller lagast ny plan seinare for andre leiarar som utvalet ønskjer skal komme å orientere, som til dømes skulesjef, barnehagesjef, omsorgssjef, fagsjef og leiar av resultatområdet helse og førebygging, kultursjef, IT-sjef osv.

Sekretariatet har laga eit framlegg til plan for dei ulike orienteringane. Utvalet kan endre på desse slik dei måtte ønskje. Det kan uansett bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Utvalet kan og bli samd om kor lang tid dei inviterte skal få til rådighet inkludert tid for spørsmål.

Det er også greitt dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål at dei blir varsla via sekretariatet i forkant av orienteringane.

Aksdal, 11.05.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	18.05.20	12/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

## REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.05.20

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene 11 – 18 vert tatt til orientering.

### Saksvedlegg:


11. Statusrapport pr. mai 2020
12. Tilbakemelding frå folkevaldopplæring på Solstrand 18 – 19. februar v/leiar
13. Kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Etne kommune
14. Haugaland Vekst IKS – representantskapsprotokoll 21.02.20
15. Haugaland brann og redning IKS – representantskapsprotokoll 23.04.20
16. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsprotokoll 27.04.20
17. Kommunal Rapport - 22.04.20 – «Hvorfor er tilsyn og kontroll blitt så viktig?»

### Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 11.05.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*



## Kontrollutvalet – statusoversikt mai 2020

### Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Risiko- og vesentlegvurderingar	25.11.19	140 timar	Under utarbeiding	18.05.20	
Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	25.11.19		Under utarbeiding	21.09.20	
<b>Selskapskontroller</b>					
<b>Andre saker</b>					

### Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Innkjøp	19.11.18	23.09.19	29.10.19	September 2020	250 timar
IKT og informasjonstryggleik	20.11.17	17.09.18	31.10.18	20.05.19 og 17.02.20 Kst 19.06.19	I samarbeid med Vindafjord
<b>Selskapskontroller</b>					
<b>Andre saker</b>					


### Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp KU/ KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	23.11.15	19.09.16	25.10.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2020	23.11.15	19.09.16	25.10.16		
Styring av investeringar	09.02.15/ 11.03.15	21.09.15	28.10.15	21.11.16/ 15.12.16	Avslutta
VA-området – Sjølvkost	22.01.14	22.09.14	28.10.14	11.05.15/ 08.02.16/ 21.11.16	Avslutta
Målstyring	13.05.13	18.11.13	25.02.14	10.11.14	Avslutta
Sjukefråvær	13.02.17	02.10.17	17.10.17	14.05.18/ 20.06.18	Avslutta
Personvernlova	14.05.18	17.09.18			

# FOLKEVALDOPPLÆRING FOR KONTROLLUTVALA I VESTLAND FYLKE

## 18. – 19. februar 2020

### Solstrand Hotel & Bad Solstrandveien 200 5201 Os





## Program dag 1: 18.2.2020

Tid	Tema	Førelasar
09.15	Registrering / noko å bita i	
10.00	Opning	Kontrollsjef Hogne Haktorson
10.10	Forventningar til kontrollutvalet	Ordførar i Bergen Marte Mjøs Persen,
